

# **Dialekt eller nynorsk i radioen?**

## **Ei undersøking av språkbruk og språkhaldningar i NRK Sogn og Fjordane**

**Janne Sønnesyn**



**Masteroppgåve i nordisk språk**  
**Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar**  
**Universitetet i Bergen**  
**November 2013**

**«Du skjønner det, Herbjørn, tida har gått i frå oss.  
Når vi er daude, er det ingen som snakkar  
nynorsk lengre.»**

(Tidlegare kringkastingssjef Einar Førde,  
i samtale med Herbjørn Sørebo og Magni  
Øvrebotten. Attfortald av Magni Øvrebotten i  
intervju 12.06.13.)

## Samandrag av oppgåva

Føremålet med denne oppgåva har vore å sjå nærare på talemålsbruk og haldningar til talemål i NRK sitt distriktskontor i Sogn og Fjordane. Ei viktig side ved oppgåva har vore å gje eit innblikk i kva som har vore, og er, akseptert talemålsbruk i radioen, med vekt på dimensjonen dialekt – normert tale. Ved å fokusera på ein del av den offentlege språkkvardagen, skil oppgåva seg frå det som til no har vore tradisjonen innan talemålsforskinga. Formell/ offentlig tale har vore vurdert som mindre interessant, men denne oppgåva ynskjer å syna at dette er ein likeverdig del av språkkvardagen, og at også studiar på dette feltet kan bidra med interessant kunnskap. Ved å velja NRK Sogn og Fjordane som utgangspunkt for studien, får ein også eit fokus på den nynorske talemålsnorma, som til no har vore lite nemnt i faglitteraturen.

Gjennom ei tredelt tilnærming, har oppgåva teke føre seg sjølve talemålsbruken over ein periode på tretti år, samt undersøkt haldningane til både journalistar og lyttarar. Med grunnlag i generelle haldningsendringar knytt til bruken av dialekt, samt ei liberalisering av NRK sine språkreglar, vart det forventa at talemålsbruken hadde endra seg i retning av meir dialekt og mindre normaltale, og at både journalistar og lyttarar var positive til dialekt i radio.

Språkbruksundersøkinga tok føre seg nyheitsspråket, og undersøkte dei språklege variablane *substantivendingar*, *svake verb i presens*, *diftongering* og *differensiering/segmentering*. Undersøkinga avdekkar tendensar til at nynorskformene står sterkare i journalistane sitt talemål i dag enn for tretti år sidan. Ved korrelering med den sosiale variabelen kjønn, synte det seg at mennene jamt over nytta mykje nynorsk, medan kvinnene synte tendensar til å føretrekkja dialektnære former i dei nyare delane av materialet.

Haldningsundersøkinga blant journalistane avdekkar ei generelt positiv haldning til den liberaliseringa ein har sett i språkreglane dei seinare åra, med omsyn til bruken av dialekt. Samstundes framheva dei også at dialektane ikkje bør ta heilt overhand, og nyheitsspråket vart særleg trekt fram som noko som framleis bør vera mest mogeleg normalisert. Lyttarundersøkinga fann liknande haldningar, sidan også lyttarane var positive til dialekt, men berre opp til eit visst punkt. For utprega dialekt kunne stå i vegen for budskapet, og kunne dermed verta eit irritasjonsmoment for lyttaren. Funna frå lyttarundersøkinga vart korrelert med kjønn og aldersgrupper, noko som m.a. indikerte at kvinnene var meir dialektvennlege enn mennene, at dei yngste var mest positive til dialekt og at dei eldste informantane føretrekte nynorsk.

## Abstract

The aim of this thesis has been to look at the spoken language use and the language attitudes in relation to the Norwegian Broadcasting Corporation's (NRK) regional office in Sogn and Fjordane. An important aspect has been to gain insight into what has been, and what is, accepted use of spoken language on the radio, focusing on the dialect – standard language dimension. By focusing on public language use, this thesis stands out compared to the traditional scope within the field of study. Formal/ public speech has often been assessed as less interesting, but the thesis wishes to show that this is an equally important part of the study of spoken language, and that studies related to this can contribute with interesting knowledge. By conducting the study on NRK Sogn and Fjordane, the focus is also put on the New Norwegian (nynorsk) spoken language norm, which previously has been little mentioned in the specialist literature.

Through three different approaches, the thesis has examined the use of spoken language in the course of a thirty year period, as well as the attitudes of both journalists and listeners. Based on general attitudinal changes in relation to the use of dialect, as well as changes in NRK's language rules, it was expected that the use of spoken language would have changed in the direction of more dialect forms and less standard language forms, whereas the attitudes of both journalists and listeners were expected to be pro-dialect.

The examination of language use dealt with the news language, focusing on the language traits *noun endings*, *weak present tense verbs*, *diphthongisation* and *differensiation/segmentation*. It revealed tendencies suggesting that the New Norwegian language forms are more used in the journalists' spoken language today, compared to thirty years ago. By correlating the results with the social variable gender, the findings showed that the men seemed to prefer New Norwegian, whereas the women showed a tendency to prefer the dialect forms, at least in the newer data.

The attitudinal study among the journalists revealed generally positive attitudes towards the use of dialects on the radio. However, they also emphasised that dialects should not get the upper hand, and according to them, the news language still ought to be standardised. The attitudinal study among the listeners revealed similar results: a positive attitude towards the use of dialects, as long as it was not too much, as this could affect their understanding of what was being said. When correlated with gender and age, the listener study indicated e.g. that females were more dialect friendly, and that the younger informants were the most positive to dialects, whereas the oldest informants seemed to prefer New Norwegian.

## Føreord

Modig, galskap, sprøtt, imponerende – kjært barn har mange namn. Men no er den i allefall fullført: Masteroppgåve nummer to! Dei fleste let fornufta sigra, og nøyer seg med *ei* – eg har alltid levd litt etter Ole Brumm sin «Ja takk, begge deler»-filosofi, og valde å ikkje seia «anten eller» til engelsk og nordisk, men heller «ja takk» til begge deler. På slutten av to fullførte masterløp, er det vel lov å innrømme at eg ved fleire høve har forbanna Ole Brumm-filosofien min, men no når siste punktum er sett, er eg nøgd med at eg sto løpet ut.

Ein skriveprosess føregår sjeldan i einsemd, og det er fleire som fortener takk for at denne prosessen har vorte til eit ferdig produkt. Først og fremst må eg retta ein stor takk til rettleiar Agnete Nesse, for alle gode råd undervegs, for gode faglege diskusjonar, for din pedagogiske tilnæringsmåte og for at du tok sjansen på å rettleia ei oppgåve som på mange måtar måtte trakka nye stiar, heller enn å nytta seg av trygge, opptrakka vegar.

NRK Sogn og Fjordane fortener også ei enorm takk. Heilt frå første førespurnad har eg møtt opne dører og ei imøtekommenheit som har gjort arbeidsprosessen min mykje enklare enn den elles ville vore. Kjell-Arvid Stølen og Jorunn Eikås skal ha ei særskild takk for all hjelp med å leita fram arkivmateriale og kopiera dette frå NRK sitt arkiv. Ei spesiell takk går også til journalistane Erlend Blaalid Oldeide, Gro Ravnestad, Noralv Pedersen og Eldgrim Fossheim, samt tidlegare distriktsredaktørar Rolf Sanne-Gundersen og Magni Øvrebotten, som alle tok seg tid til å stilla opp og dela sine tankar om og erfaringar med talemål i radio.

Takk også til dei – for meg – ukjende informantane der ute, som tok seg tid til å fylla ut spørjeskjemaet mitt, og dermed gje meg eit innblikk i lyttarane sine tankar om talemål i radio.

Utan gode støttespelarar på sidelinja er det tungt å få i hamn ei masteroppgåve. Ei stor takk går til Trude, for mange (og til tider lange) lunsjar på Sydneshaugen. Takk til Silje, for at du alltid får meg til å tenkja på andre ting enn kapittelutkast og master-bekymringar. Takk til den «nye» lesesalsgjengen, for god avkopling i pausane, og til den «gamle» lesesalsgjengen, som ikkje lenger er ein lesesalsgjeng, men som har minna meg på at det finst ei verd utanfor lesesalen og som har synt meg at det å gå ut i arbeidslivet etter endt utdanning slett ikkje treng å vera så verst.

Takk til store og små i familien, og spesielt mamma og pappa. For at de alltid er på hi sida av telefonrøyret, eller alltid tek i mot meg når eg har behov for å komma heim. Og mamma: Eg skal setja punktum for studiane no!

Og sist, men ikkje minst: Takk til Ole Gunnar. Takk for at du alltid har hatt augene på målet, og trua på meg og på at eg kunne nå fram, når eg sjølv har slite med å sjå vegen. Takk for at du er den du er, for at du alltid veit når eg treng ein klem, og for at du for andre gong har helde ut med eit «master-monster»!

Janne Sønnesyn  
Bergen, november 2013

# INNHALD

<i>Samandrag av oppgåva</i> .....	<i>ii</i>
<i>Abstract</i> .....	<i>iii</i>
<i>Føreord</i> .....	<i>iv</i>
<i>Liste over figurar</i> .....	<i>viii</i>
<i>Liste over tabellar</i> .....	<i>viii</i>
<i>Liste over vedlegg</i> .....	<i>ix</i>

<b>1 INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
1.1 Presentasjon av prosjektet .....	1
1.2 Problemstillingar og hypotesar.....	3
1.3 Oppgåva si oppbygning.....	5
1.4 Om NRK .....	5
1.4.1 Eit kort riss over norsk kringkasting og NRK si historie .....	5
1.4.2 NRK Sogn og Fjordane .....	6
1.4.3 NRK og språk .....	7
<b>2 TEORI OG BAKGRUNN</b> .....	<b>10</b>
2.0 Introduksjon til kapittelet.....	10
2.1 Introduksjon til fagfeltet sosiolingvistikk.....	10
2.2 Det sosiolingvistiske forskingsobjektet .....	13
2.3 Tidlegare studiar knytt til mediespråk .....	16
2.3.1 Studiar knytt til film og TV .....	16
2.3.2 Studiar knytt til språk i radio .....	18
2.4 Talespråk – normert eller ikkje?.....	20
2.4.1 Kva er ein dialekt?.....	20
2.4.2 Standardspråksdebatten .....	21
2.4.3 Kva med nynorsken? .....	23
2.4.4 Nynorsken og uttalenorma.....	24
2.4.5 NRK sine språkreglar .....	26
2.5 Om radiospråk .....	27
2.6 Haldningar til språk .....	29
2.6.1 Journalistar sine haldningar til talespråk i radio.....	31
2.6.2 Folkelege vurderingar av språk .....	32

<b>3 METODE</b>	34
3.0 Introduksjon til kapittelet	34
3.1 Kvantitativ og kvalitativ metode	34
3.2 Eklektisisme i metode og teori	36
3.3 Dei ulike undersøkingane	38
3.3.1 Språkbruksundersøkinga	38
3.3.2 Haldningsundersøking blant journalistar	41
3.3.3 Spørjeundersøking blant lyttarar	43
<b>4 VARIABLAR / DATA</b>	45
4.0 Introduksjon til kapittelet	45
4.1 Det språklege landskapet i Sogn og Fjordane	45
4.2 Aktuelle språklege variablar	47
4.2.1 Variabel 1: Substantivendingar	47
4.2.2 Variabel 2: Svake verb i presens	49
4.2.3 Variabel 3: Diftongering	50
4.2.4 Variabel 4: Differensiasjon / segmentasjon	50
4.3 Aktuelle sosiale variablar	51
<b>5 SPRÅKBRUKSUNDERSØKINGA</b>	53
5.0 Introduksjon til kapittelet	53
5.1 Variabel 1: Substantivendingar	56
5.2 Variabel 2: Svake verb i presens	59
5.3 Diskusjon av funna for V1 og V2	61
5.4 Variabel 3: Diftongering og Variabel 4: Differensiering/segmentering	65
<b>6 HALDNINGSUNDERSØKING BLANT JOURNALISTAR</b>	67
6.0 Introduksjon til kapittelet	67
6.1 Haldning til dialekt versus normert tale	67
6.2 Nyheitsspråket	71
6.3 Lyttarreaksjonar og forholdet til lyttaren	74
6.4 NRK og språk	76
6.5 Samanlikning med funna frå Heli (2011)	78
<b>7 RESULTAT FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGA</b>	80
7.0 Introduksjon til kapittelet	80

7.1 Haldning til dialekt og normert tale: kva er «godt» språk for lyttaren? .....	83
7.2 Irritasjonsmoment .....	89
7.3 Haldning til NRK Sogn og Fjordane .....	90
<b>8 OPPSUMMERING / KONKLUSJON</b> .....	<b>92</b>
8.0 Introduksjon til kapittelet.....	92
8.1 Oppsummering av funna .....	92
8.2 Samla trådane .....	94
8.2.1 Hypotese 1: Talemålsbruken har endra seg i retning av meir dialekt og mindre normaltale.....	94
8.2.2 Hypotese 2: Både journalistar og lyttarar er positivt innstilte til dialekt i radio	95
8.2.3 Hypotese 3: Ikkje alle dialektale språktrekk er like aksepterte .....	96
8.2.4 Hypotese 4: Det nynorske normaltalemålet eksisterer .....	97
8.3 God eklektisisme?.....	97
8.4 Avgrensingar og grunnlag for vidare forskning .....	99
<b>LITTERATUR</b> .....	<b>101</b>
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>107</b>



## Liste over figurar

Figur 5.1: Kjønnfordeling blant journalistane i NRK Sogn og Fjordane 1980–2012.....	53
Figur 5.2: Kjønnfordeling blant intervjuobjekt i NRK Sogn og Fjordane 1980–2012....	54
Figur 5.3: Talemålsgrunnlag blant journalistane i NRK Sogn og Fjordane 1980–2012.....	55
Figur 5.4: Variabel 1: Substantivendingar.....	57
Figur 5.5: Distribusjon av substantivendingar blant mannlege journalistar.....	58
Figur 5.6: Distribusjon av substantivendingar blant kvinnelege journalistar.....	58
Figur 5.7: Variabel 2: Svake verb i presens.....	60
Figur 5.8: Fordeling av uttalemåte for svake verb i presens hjå mannlege journalistar....	60
Figur 5.9: Fordeling av uttalemåte for svake verb i presens hjå kvinnelege journalistar...	61
Figur 7.1: Lyttarhyppigheit ut frå informantane sine aldersgrupper.....	81
Figur 7.2: Lyttarhyppigheit ut frå informantane sine kjønn.....	82
Figur 7.3: Hovudgrupperingar i svar i høve haldning til språkbruk i radioen.....	83
Figur 7.4: Svartype korrelert med informantkjønn.....	86
Figur 7.8: Svartype korrelert med informantane si aldersgruppe.....	88

## Liste over tabellar

Tabell 4.1: Døme på variabel 1: Substantivendingar.....	48
Tabell 4.2: Døme på variabel 2: Svake verb i presens.....	49
Tabell 4.3: Døme på variabel 3: Diftongering.....	50
Tabell 4.4: Døme på variabel 4: Differensiering / segmentering.....	51
Tabell 5.1: Potensielle og realiserte førekomstar av diftongering.....	65
Tabell 5.2: Potensielle og realiserte førekomstar av differensiering / segmentering.....	65
Tabell 7.1: Oversyn over alder- og kjønnfordeling på informantane i spørjeundersøkinga	80

## Liste over vedlegg

Vedlegg 1: Prosjektgodkjenning frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste.....	107
Vedlegg 2: Informasjonsskriv .....	109
Vedlegg 3: Intervjuguide .....	110
Vedlegg 4: Spørjeskjema .....	111
Vedlegg 5: Språkreglane frå 1982.....	112
Vedlegg 6: Språkreglane frå 1996 .....	117
Vedlegg 7: Språkreglane frå 2002 .....	119
Vedlegg 8: Språkreglane frå 2007 .....	120

# 1 INNLEIING

## 1.1 Presentasjon av prosjektet

Føremålet med denne masteroppgåva er å sjå nærare på ein flik av den offentlege språkkvardagen me har her i Norge. Nærare bestemt dreier oppgåva seg om å kasta lys over bruken av og haldningar til talemål i NRK sitt distriktskontor i Sogn og Fjordane. Sidan NRK Sogn og Fjordane (NRK SF) kom på lufta med eigne sendingar på slutten av 1970-talet, har distriktskontoret vore eit av dei mest sentrale nynorskkontora, samstundes som dei også har hatt ein svært lokalretta profil, med ynskje om at m.a. lokale dialektar skal vera med på å prega sendingane (NRK Sogn og Fjordane, «Mest populær i landet» [12.09.12]). Ved å sjå nærare på den språklege kvardagen i NRK SF, og kva språk som kjem ut til lyttarane, kan ein kasta lys over kor vidt NRK SF har lukkast med å få til denne balansegangen mellom ein klar nynorskprofil på den eine sida og ein lokalretta dialektprofil på den andre.

Det å gjera talemålsbruken i det offentlege rom til eit sosiolingvistisk forskingsobjekt bryt heilt klart med tradisjonen innan talemålsforskinga. Den dominerande tilnæringsmåten innan denne disiplinen har vore å undersøka den *naturlege* talen, altså talemålet me nyttar i uformelle omgjevnader og/eller situasjonar. Dette har tradisjonelt vorte sett på som det ekte talemålet, og dermed også det beste grunnlaget for å driva talemålsforsking. Gjennom ulike studiar har ein sett at dess meir formalisert ein talemålssituasjon er, dess lengre vekk kjem ein frå det ekte og autentiske talemålet. På grunnlag av dette har det også vorte sett på som eit mindre interessant forskingsobjekt:

I den grad formell tale har vært et forskingsobjekt i sosiolingvistikken, har det først og fremst vært som et sammenligningsgrunnlag med naturlig tale, for å få kunnskap om informantenes/informantgruppene register (Nesse 2006: 30).

Dette synet har endra seg noko dei seinare ti-åra, noko ein ikkje minst ser på auken i talet på studiar som tek føre seg formell/ offentlig tale. Det har vorte stadig meir vanleg å sjå formell/offentleg tale som ein likeverdig del av (den norske) språkkvardagen, og dermed noko som har interesseverdi i seg sjølv og ikkje berre som eit samanlikningsgrunnlag. Dessutan er det ikkje tvil om at tilgjenget til datamateriale, t.d. gjennom digitaliserte radioarkiv o.l., gjer det lettare å nytta dette materialet som grunnlag for studiar. At nettopp mediespråk er eit av dei mest sentrale forskingsfelta når det gjeld offentlig språkbruk, er nok heller ikkje særleg overraskande, sidan me lever i ein kvardag der ulike typar media får stadig større plass.

Ei viktig side ved denne undersøkinga er kva som til ei kvar tid har vore akseptert språkbruk i etermedia, til dømes forholdet mellom normaltalemål og dialekt. Med grunnlag i

m.a. at NRK har hatt – og har – ei rekke språkreglar som medarbeidarane har måtta halda seg til opp gjennom åra, veit me at det har vore ulike retningslinjer for kva talemål og kva type språkføring som har vore akseptert. Sjølv om det har skjedd ei gradvis endring av desse språkreglane til fordel for dialektbruk, er det liten tvil om at den generelle tendensen i desse regelsetta har vore at normert tale har vorte føretrekt, medan dialekt har vorte meir uglesett. Særskilt gjeld dette i høve programtypar som nyheitssendingar og meldetenester, der språkreglane enno er relativt strenge med omsyn til språkform (jf. 2.4.5).

Valet av akkurat NRK Sogn og Fjordane som forskingsobjekt er naturleg nok ikkje heilt tilfeldig i så måte. Ved å velja dette distriktkontoret som utgangspunkt for studien, får ein også sett fokuset på noko som til dags dato har vore lite nemnt i faglitteraturen, nemleg den nynorske talemålsnorma. I den grad ein i dag snakkar om dikotomien mellom dialekt og ei meir normalisert talemålsnorm, så har ein lett for å tenkja på talt bokmål som representant for denne normaliserte talemålsnorma (jf. 2.4.2). Finn Erik Vinje (1998: 152) seier det slik:

Nynorsk er et skriftspråk, ikke et talemål[...]. I NRK og annetsteds har debatten hittil vært ført som om nynorsk og bokmål i dette stykket er på linje. Det er de ikke. Problemstillingen normaltalemål-dialekt fortoner seg ganske annerledes fra bokmåls- enn fra nynorsk-synspunkt [...]. Det er mye vanskeligere å få folk til å snakke nynorsk normaltalemål enn bokmål normaltalemål.

Kanskje er det vanskelegare å få folk til å snakka nynorsk normaltalemål enn bokmål normaltalemål, landet under eitt. Men gjeld dette også innanfor det nynorske kjerneområdet? Ein burde kunna forventast at det i det nynorske kjerneområdet ville vera vanskelegare å få folk til å snakka *bokmål* normaltalemål enn *nynorsk* normaltalemål. Ein kjem ikkje vekk frå at kjerneområdet for talt nynorsk er mindre enn kjerneområdet for talt bokmål, og eg trur nok ein grunn til at den nynorske talemålsnorma er lite nemnt, ligg her, heller enn i argumentasjonen til Vinje. Nynorsk som normaltalemål er mindre brukt, men det er ikkje einstydinge med at det ikkje eksisterer. Gjennom dei undersøkingane som denne oppgåva freistar å gjera, vil ein forhåpentlegvis få meir informasjon om den nynorske talemålsnorma. Ved å sjå på faktisk språkbruk, kan ein undersøka nærare korleis den nynorske talemålsnorma språkleg sett høyrer ut, og gjennom å intervjuar både journalistar og lyttarar, vil ein kunna avdekka kor vidt det eksisterer ei oppfatning av at ei slik norm finst, eller ikkje.

Prosjektet tek sikte på ein tredelt innfallsvinkel. Gjennom å analysere faktisk språkbruk frå eit utval radiosendingar, vert me kjent med sjølve talemålsbruken. Sidan radiosendingane strekkjer seg over eit tidsrom på litt over tretti år, vil det også kunna vera mogeleg å dra inn eit diakront perspektiv, og sjå etter mogeleg talemålsendring i verkeleg tid. Resten av

materialgrunnlaget vil bestå av kvalitative intervju med eit utval tidlegare og noverande journalistar ved NRK SF, samt ei lyttarundersøking blant eit utval lyttarar. Intervjua med journalistane og lyttarundersøkinga gir eit innblikk i kva haldningar til og tankar om språkbruk som eksisterer, både i høve radio generelt og i NRK SF spesielt. Ved å kombinera materialet frå desse tre undersøkingane, vil ein dermed få god innsikt i både språkbruk og språksyn, og såleis få eit meir heilskapleg bilete av den språklege kvardagen dei siste tretti åra.

Ved å velja ei såpass eklektisk tilnærming, skil nok denne studien seg litt frå tidlegare studiar. Som allereie nemnt, er mediespråk eit relativt nytt forskingsobjekt innan (norsk) sosiolingvistik, men dei seinare åra har ein sett eit aukande tal studiar om både mediespråk generelt og radiospråk spesielt. Wenche Vagle var tidleg ute med å sjå på radiospråket ut frå eit meir pragmatisk perspektiv i avhandlinga *Radiospråket – talt eller skrevet?* (1990). Vagle si doktoravhandling frå 2007 tok også føre seg radiospråket. I 1999 gjorde Sverre Høisæther ei undersøking av språkforholda i radioreklame på P4, med vekt på forholdet mellom standardspråk og dialekt, og i 2005 utførte Tonje Skilbred ei studie av porsgrunnsfolk og tromsøværingar sitt forhold til eiga dialekt, og om det kunne finnast ein samanheng mellom haldning til eiga dialekt og haldning til dialektbruk i media. Når det gjeld studiar med direkte relevans til mi eiga oppgåve, er det nok studiane til Agnete Nesse (2008) og Siri Sølberg Heli (2011) som har mest til felles med denne studien. Nesse (2008) undersøkte radiotalemål i Nordland i perioden 1936–1996, medan Heli (2011) såg på haldningar til standardspråk og dialekt i NRK. Sidan sistnemnde studie ligg nært opptil ein del av dei temaa som mi eiga avhandling dekkjer, vil det vera naturleg å forsøka å få til ei samanlikning mellom resultata frå desse to undersøkingane. Alle dei ovannemnde studiane, samt resten av teorigrunnlaget for studien, vert presentert grundigare i kapittel 2.

## **1.2 Problemstillingar og hypotesar**

Problemstillingane som masteroppgåva tek utgangspunkt i, ser slik ut:

- 1) Har talemålsbruken i NRK Sogn og Fjordane endra seg sidan oppstarten og fram til i dag, og eventuelt på kva måte?
- 2) Kva språksyn føreligg blant journalistar og lyttarar til NRK Sogn og Fjordane, når det gjeld bruken av talemål i radioen?
- 3) Eksisterer det eit nynorsk normaltalemål?

Ut frå dei ovannemnde problemstillingane, og med grunnlag i tidlegare studiar, stiller eg følgjande hypotesar for funna:

**Hypotese 1 (H1):** *Talemålsbruken har endra seg i retning av meir dialekt og mindre normaltale.*

Denne hypotesen knyter seg direkte opp til problemstilling (1) ovanfor. Mykje av språkføringa i samfunnet i dag går i ei dialekt nær retning. Haldningane til at det vert nytta dialekt andre stader enn i den private sfæra, vert stadig meir positive. Språkreglane, som legg føringane for språkbruken i NRK, har gradvis opna meir opp for å sleppa dialektane til i statskanalen. Med grunnlag i dette, forventar eg dermed å finna ei endring i talemålsbruken, i retning av meir dialekt og mindre normaltale.

**Hypotese 2 (H2):** *Både journalistar og lyttarar er positivt innstilte til dialekt i radioen.*

Denne hypotesen heng tett saman med hypotese 1. I tråd med at eg forventar at det har vorte meir dialekt i radioen, forventar eg også at journalistane og lyttarane er positive til denne endringa. Dette heng naturleg nok saman med den generelle haldningsendringa som ser ut til å gå føre seg i dag, der dialekt nær tale får stadig meir aksept, og vert stadig meir nytta, også i offentlege samanhengar. Er ikkje aksepten til stades, vil heller ikkje bruksfrekvensen vera særleg høg.

**Hypotese 3 (H3):** *Ikkje alle dialektale språktrekk er like aksepterte.*

Sjølv om eg forventar ein auke i bruken av dialekt, samt ei generelt positiv haldning til dialekt i radioen, forventar eg samstundes å finna at ikkje alle dialektale språktrekk er like aksepterte. Til dels sterke reaksjonar på bruk av språktrekk som tjukk l og a-endingar i talemålet i radioen (jf. Lillealtern 2010) vitnar om at det eksisterer meiningar om kva språktrekk som er aksepterte og kva språktrekk som ikkje er det. At einskilde språktrekk vert lite brukte, kan vera ein annan indikasjon på at dei ikkje vert rekna som heilt stovereine. Dette forventar eg å finna spor av, både gjennom språkbruksundersøkinga og gjennom haldningsundersøkingane.

**Hypotese 4 (H4):** *Det nynorske normaltalemålet eksisterer.*

Nynorsken er under press i det norske samfunnet i dag, og den munnlege versjonen er nok langt meir pressa enn skriftspråket. Mange vil også gå så langt at dei hevdar at det nynorske normaltalemålet ikkje lenger eksisterer (jf. t.d. Vinje 1998). Mi hypotese er det motsette av dette. Eg forventar å finna spor av eit nynorsk normaltalemål hjå journalistane, også i nyare

deler av materialet. Eg forventar også at det finst ei oppfatning, både blant journalistar og lyttarar i Sogn og Fjordane, om at det finst noko som kan reknast som nynorsk normaltalemål, og at dette er noko anna enn dialekt.

### **1.3 Oppgåva si oppbygning**

Oppgåva består av totalt 8 ulike kapittel. Introduksjonskapittelet presenterer studien, problemstillingane og hypotesane, samt gir eit innblikk i NRK-organisasjonen og litt av det formelle språkarbeidet i NRK. Kapittel 2 tek føre seg det teoretiske grunnlaget for studien, og ser m.a. nærare på debatten kring eksistensen av eit standardspråk, haldningar til talespråk (i radio), samt nokre av dei tidlegare studiane som er gjort innan fagfeltet. Kapittel 3 presenterer den metodiske tilnæringsmåten til undersøkinga, med hovudvekta på å forklara den eklektiske tilnærminga. Vidare presenterer kapittel 4 datagrunnlaget og dei ulike språklege og sosiale variablane som vert nytta i studien. Kapitla 5, 6 og 7 tek føre seg resultata frå dei ulike undersøkingane, og diskuterer desse i lys av teoriane skissert i kapittel 2, medan kapittel 8 summerer opp funna og ser om materialet gjev grunnlag til å stadfesta eller avkrefta dei ulike hypotesane.

## **1.4 Om NRK**

### **1.4.1 Eit kort riss over norsk kringkasting og NRK si historie**

Norsk Rikskringkasting (NRK) vart etablert i 1933, etter at Stortinget fatta eit konsesjonsvedtak om statleg monopol på kringkasting, eit monopol dei beheldt til 1981 (Fordal 2009/2012a). NRK sitt hovudsete vart lagt til Marienlyst i Oslo, og me finn fortsatt hovudkontoret deira her i dag.

Men NRK var ikkje først ut med å driva radiosendingar i Norge. Allereie i 1925 fekk Kringkastingsselskapet A/S konsesjon for sendingar i Osloregionen, medan ein i 1926 og 1927 såg etableringar av kringkastingsselskap både i Bergen, Tromsø og Ålesund (Halse og Østbye 2003: 11, 40–41). Dette var private selskap, finansierte gjennom stempelavgift, lisensavgift og reklameinntekter, som dels sende lokalproduserte program og, for selskapa i Bergen, Tromsø og Ålesund, dels vidareformidla programma frå Kringkastingsselskapet i Oslo (Halse og Østbye 2003: 37-41). Lønnsemda til dei ulike regionale kringkastingsselskapa var noko varierende, og i realiteten var det berre Kringkastingsselskapet i Oslo som var

særleg levedyktig. Då det tidlegare privateigde britiske selskapet British Broadcasting Company (BBC) gjekk over til statleg eigarskap i 1927, sette dette dermed i gong ein debatt om kor vidt dette kunne vera ei løysing også i Norge (Halse og Østbye 2003: 62). Statleg eigarskap vart t.d. sett på som ein av måtane å sikra nasjonal dekning, sidan ein då stod betre rusta til å byggja ut radioen i distrikta. Med tanke på at ei av hovudoppgåvene for kringkastinga var å samla nasjonen (Halse og Østbye 2003: 63), var det difor viktig å sikra at sendingane nådde fram til store delar av landet. Etter tildelinga av den statlege konsesjonen i 1933, kom det raskt ein auke i talet på radiosendarar, og dermed også ein auke i talet på lyttarar (Halse og Østbye 2003: 71).

At NRK har lukkast med målet om å sikra nasjonal dekning, er det liten tvil om, for i dag er NRK mykje meir enn bygningane på Marienlyst. Spreidd utover det ganske land har NRK totalt 13 store regionkontor; NRK Sápmi, NRK Troms og Finnmark, NRK Nordland, NRK Trøndelag, NRK Møre og Romsdal, NRK Sogn og Fjordane, NRK Hordaland, NRK Rogaland, NRK Sørlandet, NRK Østafjells, NRK Østlandssendingen, NRK Østfold og NRK Hedmark og Oppland. Det første avdelingskontoret – eller distriktskontoret, som det vart heitande seinare – som opna utanfor Marienlyst, var kontoret i Finnmark, som vart opna alt i 1934 (Halse og Østbye 2003: 72). At akkurat dette kontoret var det første som vart oppretta, hang i stor grad saman med nasjonale interesser og ynsket om å spreia den norske kulturen til samar og kvener, for slik å knyta landet tettare saman (Dahl 1999: 238-239). Den verkelege stor-satsinga på utbygging av distriktskontor høyrer derimot først heime i 1970- og 1980-åra (Fordal 2009/2012b). Alt i 1971 vart det lagt fram ein intern plan for utbygging av distriktskontora i NRK, og det overordna målet var at kvart fylke skulle bli sitt eige distrikt (Halse og Østbye 2003: 164). Denne planen kom i starten på eit tiår som i stor grad var prega av «en bølge av desentralisering og lokalsamfunnsorientering», noko som m.a. arta seg gjennom eit «uttalt politisk ønske om å flytte statsinstitusjoner ut fra Oslo-området» (Halse og Østbye 2003: 164-165). Som følgje av dette, sette NRK sterkt fokus på distriktsprofilen sin, noko som altså resulterte i ei storstila utbygging av distriktskontor rundt om i landet. På NRK sine eigne nettsider vert distriktskontora til NRK karakteriserte som «ryggraden i NRKs produksjon», og at det er takka vera den sterke distriktssatsinga at NRK har sikra seg ein «[sterk] posisjon i det norske samfunn gjennom alle år» (Fordal 2009/2012b).

#### **1.4.2 NRK Sogn og Fjordane**

I den store satsinga på distriktskontor på 1970- og 1980-talet, vart det vedteke at Sogn og



Fjordane skulle få sitt eige distriktskontor. Fram til dette hadde Sogn og Fjordane vore delt mellom to regionkontor, der Nordfjord var knytt til NRK sitt kontor i Ålesund, medan Sunnfjord og Sogn var knytte til regionkontoret i Bergen (Starheim 2009: 721). Eit lokalkontor kom først i drift i Førde hausten 1977, før distriktskontoret for Sogn og Fjordane vart offisielt opna same stad to år seinare (Starheim 2009: 721-722). NRK SF sitt hovudkontor ligg fortsatt i Førde, men i tillegg har dei også lokalkontor i Sogndal og Måløy. Desse lokalkontora er og med på å bidra til dei om lag seks timane med radio som distriktskontoret produserer dagleg mellom måndag og fredag (NRK Sogn og Fjordane, «Mest populær i landet», [12.09.12]). NRK SF har svært høg oppslutnad blant lyttarane i fylket, og har den høgste oppslutnaden av lokalkontora, på jamt over 50% (Starheim 2009: 722 / NRK Sogn og Fjordane, «Mest populær i landet», [12.09.12]).

Som allereie nemnt er ei av årsakene til at NRK SF er ekstra interessante i ei slik talemålsundersøking, at dei er det distriktskontoret der nynorsken desidert står sterkast. Dette finst det fleire grunnar til. For det første er Sogn og Fjordane meir eller mindre kjerneområdet for nynorsken. Mangelen på ein dominerande, bokmålsbrukande by, slik ein finn i resten av vestlandsfylka, er med på å forsterka nynorsken sin dominans i dette fylket. I tillegg vert nok også NRK SF sin sterke nynorskprofil forsterka av Nynorsk Mediesenter, som ligg vegg i vegg med NRK SF sitt redaksjonskontor i Førde. Dette senteret vart opna i 2004, og er eit «nynorsk kompetansesenter [...] knytt til NRKs distriktskontor i Førde» (Starheim 2009: 718), med det føremål å utdanna nynorskbrukande journalistar. Med eit slikt senter i nær tilknytning til NRK-kontoret, vert det truleg ekstra fokus på den språklege profilen. At NRK SF er svært bevisste på si eiga målføring kjem også tydeleg fram gjennom at dei er det einaste distriktskontoret som tydeleggjer sin eigen «målparagraf» på heimesidene sine:

Når du slær på NRK P1 skal du høyre at det er NRK Sogn og Fjordane du lyttar på. Lokale nyhende, *dialektar* og folk skal prege sendingane. *Vi er det fremste nynorskkontoret i NRK*, og har rekruttert og lært opp mange nynorskbrukande journalistar (NRK Sogn og Fjordane, «Mest populær i landet», [12.09.12], mi utheving).

Det er utan tvil eit føremål at både dialektar og det nynorske normaltalemålet skal få sin rettmessige plass i sendingane frå NRK SF, og at NRK SF skal vera eit distriktskontor for nettopp Sogn og Fjordane.

### 1.4.3 NRK og språk

Heilt frå etableringa har det språklege uttrykket vore sentralt for NRK. Halse og Østbye

(2003) framhevar at kringkastinga frå første stund har teke sikte på å syna dei regionale skilnadane i Norge, også når det gjeld språk.

Ikke minst måtte et medium som formidler tale, ta standpunkt til hvordan den språklige variasjonen i landet skulle formidles. Nynorsk (landsmål) har siden 1885 vært jamstilt med bokmål (riksmål) som offisielt språk i Norge, og ble naturlig brukt i radioen. Folk med ulike dialekter kunne høres. Sjøl om hallomenn og nyhetsopplesere måtte normere språket, kunne en likevel høre hvor i landet en del av dem kom fra. På en helt annen måte enn BBC og svensk radio aksepterte NRK at det språklige mangfoldet skulle få komme til uttrykk (Halse og Østbye 2003: 163).

I følge Halse og Østbye har altså NRK vore ganske liberale med omsyn til språkleg uttrykk heilt frå starten av. Kor vidt ein kan snakka om ein reell språkleg fridom, eller ein fridom som, fram til nyleg, i all hovudsak har eksistert på papiret, kan nok diskuterast. Det er liten tvil om at NRK lenge har vore ein normeringsinstitusjon når det gjeld talemål, og journalistane i statskanalen har måtta halda seg til ulike reglar opp gjennom tidene (jf. 2.4.5).

Behovet for desse uttalereglane har det derimot vore delte meiningar om. I følge Finn Erik Vinje (1998), er det å ha allmenne uttalereglar noko som har komme som ei naturleg følge av at stadig meir kommunikasjon i samfunnet føregår som ei form for sekundærkommunikasjon gjennom massemedia og radio, og at denne forma for kommunikasjon stiller andre krav enn kva primærkommunikasjon gjer.

Som samtalepartnere konsentrerer vi oss normalt om emnet, vi overser detaljer i språket. Når vi er passive tilhørere til radio og tv, frigjøres energi for språkkritikk, og uventede trekk i talerens måte å bruke språket på kan forårsake en distraksjonseffekt. Lytteren kan komme til å feste seg mer ved *hvordan* ting sies, enn *hva* som sies (Vinje 1998: 144).

Er du journalist i NRK, skal du difor følgja dei til ei kvar tid rådande språkreglane, for m.a. å unngå å skapa ein slik distraksjonseffekt. Helge Sandøy (1998: 161) meiner derimot at dette er utdaterte argument for talemålsnormering:

Andre argument har vore meir framme, som desse to frå den store talenormdebatten på 1970-talet: 1) vi treng ei talenorm for at vi skal kunne forstå kvarandre, og 2) vi treng ei talenorm i NRK for å unngå «støy i kanalen», dvs. for at lyttarane ikkje skal bli meir opptekne av forma enn av innhaldet. Dialektinnslag gjer formidlinga mindre effektiv. *Det er interessant å sjå korleis tida har gått frå desse argumenta* (mi utheving).

Ei studie som freistar å ta føre seg den språklege kvardagen i NRK, må ha denne diametrale motsetninga i synet på talemålsnormering med i reknestykket. Samstundes må ein ta høgde for at, uavhengig av om ein er einige i deira eksistens eller ikkje, så *finst* det språkreglar i

NRK. Sidan NRK SF kom på lufta med egne sendingar, har det ved fire høve vorte vedteke språkreglar, høvesvis i 1981, 1996, 2002 og 2007. Desse er lagde ved i sin heilskap i vedlegg 5–8. Den generelle tendensen i reglane ser ut til å vera ei utvikling i retning av ein meir liberal språkbruk, i den forstand at ein gjev meir rom for dialektar, og opnar opp for at desse kan nyttast i større grad enn tidlegare. Dei nyaste språkreglane gjev til og med høve for dei einskilde redaktørane å gjera unntak frå kravet om normaltalemål i m.a. nyheitssendingar, ein programtype som tradisjonelt har vorte sett i ei særstilling gjennom alle år. Det at ein altså opnar for mogelegheita til å nytta dialektfarga talemål også i nyheitssendingar er kanskje den beste indikasjonen på at tenkjemåten rundt språk og det språklege uttrykket har endra seg i NRK. Ein går kan hende litt vekk frå normeringstanken, og opnar opp for å spegla den språklege kvardagen i Norge i større grad enn før, og i fleire programtypar enn tidlegare (jf. elles 2.4.5 for vidare diskusjon av språkreglane).

## 2 TEORI OG BAKGRUNN

### 2.0 Introduksjon til kapittelet

Dette kapittelet presenterer det teoretiske rammeverket som denne studien bygger på. Teorigrunnlaget mitt famnar vidt, truleg vidare enn den gjengse sosiolingvistiske oppgåva. Dette er eit bevisst val, som er gjort av hovudsakleg to grunnar. Delvis skuldast det oppgåva sin natur, og det faktum at fagområdet den tek føre seg er relativt nytt – iallfall i norsk sosiolingvistisk samanheng. Sidan det finst få studiar av liknande art, og dermed ikkje noko fast teorigrunnlag å støtta seg på, såg eg det som mest føremålstenleg å finna ein brei plattform. Vidare vurderte eg det slik at eit breitt teorigrunnlag ville setja meg i stand til å få eit betre heilskapsbilete av den språklege situasjonen i NRK SF. For vidare utgreiing av og diskusjon rundt mi eklektiske tilnærming til studien, syner eg til 3.2.

Kapittelet startar med ein generell introduksjon til fagfeltet sosiolingvistik, både i eit internasjonalt og eit norsk perspektiv. I samband med dette vil det vera naturleg å sjå nærare på forskingsobjekta innan denne fagdisiplinen, då ein kan seia at denne studien bryt med det som har hatt fokuset innan sosiolingvistikken. Vidare tek kapittelet føre seg talespråket og kva talenormer som finst. I samanheng med dette, lyt også den pågåande standardspråksdebatten adresserast. Radiospråket vert særskilt behandla, og kapittelet ser nærare på sentrale sider ved språkføringa i radio. Til sist tek kapittelet opp haldningar til språk, med vekt på både journalistiske og folkelege vurderingar av talespråk i media.

### 2.1 Introduksjon til fagfeltet sosiolingvistik

Trudgill (2000:21) definerer sosiolingvistik som «[...] that part of linguistics which is concerned with language as a social and cultural phenomenon». Sosiolingvistikken sitt føremål er altså å sjå nærare på korleis og i kva grad språk og samfunn påverkar kvarandre og skapar endring, og kvifor desse endringane skjer. Det å sjå språk i samanheng med samfunnet me lever i, er relativt nytt i akademisk samanheng. Sjølv om også eldre forskarar såg på samfunnsmessig innflytelse på språket, t.d. i arbeidet med lånord, så reknar ein at det *sosiolingvistiske* fagfeltet for alvor vaks fram på 1960-talet, i kjølvatnet av arbeidet til den amerikanske språkforskaren William Labov. Han gjorde pionerarbeidet sitt på språkleg variasjon i talt engelsk i New York (1966), der han korrelerte språktrekk med sosiale variablar og fann at språket til informantane hans varierte ut frå særskilde sosiale faktorar, som t.d. sosial klasse.

Å studera språk ut frå dette perspektivet bryt altså med den tradisjonelle, dialektologiske

tilnærminga ein hadde til studiet av språk tidlegare. Oddmund Løkensgard Hoel (1998: 54-58) nyttar orda *diakroni, statisk, homogenitet, grenseliner og arkaisk talemål* for å karakterisera den tradisjonelle talemålsgranskinga. Tidlegare språkforsking la altså vekt på det historiske perspektivet, med det føremålet å framheva den ubrotne linja mellom eldre og nyare språkstadium. I den grad ein såg på språk som noko som var i endring, så var det hovudsakleg dei endringane som hadde gått føre seg frå eit tidleg språksteg og fram til det meir moderne språket som vart undersøkte. Ein brydde seg lite om å undersøkje språkutvikling i samtida eller i nær fortid. Dei hadde såleis eit meir statisk språksyn enn det som er vanleg no, og ein var lite open for tanken om at det kunne finnast språkleg variasjon, både innan eitt og same talemål og hjå ein og same talar. Tanken var at ein skulle kunna trekkja klåre skiljeliner mellom talemål x og talemål y, og at kvar av desse talemåla skulle kunna oppfattast som einskaplege system. Gjennom studiar av språket, la ein også vekt på at ein skulle kartleggja «målføret i mest mogleg opphavleg form» (Hoel 1998: 57), og ein valde difor ofte å nytta hovudsakleg eldre informantar, heller enn å forsøka å få tak i eit representativt utval av informantar.

Sosiolingvistikken legg altså andre kriterium til grunn for sine studiar. Som motsetnadsord til dei ovannemnde karakteristikkane av den tradisjonelle målføregranskinga, nyttar Hoel (1998: 54-58) *synkroni, dynamisk, heterogenitet, grensebelte og representativt utval* for å skildra den sosiolingvistiske språkforskinga. Som sosiolingvist er ein ofte mindre oppteken av eit språk sitt historiske opphav, men meir oppteken av å sjå på dagsaktuelle endringsprosessar. Ein opererer ikkje lenger ut frå ein tanke om at språket er ein homogen storleik, utan variasjon, men ein er no oppteken av å kartleggja den språklege utviklinga og den språklege variasjonen, og forsøka å forklara det som føregår ved å relatera det til ulike samfunnstilhøve og sosiale variablar. Heile fundamentet for sosiolingvistikken som akademisk disiplin er dermed basert på at det eksisterer eit relevant forhold mellom språk og samfunn. Ein har framsett ulike teoriar rundt korleis språk og samfunn påverkar kvarandre, og i kva retning påverknaden går. Den kanskje mest kjende av desse er nok Sapir-Whorf-hypotesen, som hevdar at språket gjev oss dei naudsynte reiskapane me treng for å forstå verda omkring oss, og at måten språket er konstruert på, er avgjerande for korleis me oppfattar verda rundt oss (Trudgill 2000: 13). At språket i stor grad verkar styrande på vår oppfatning av verda rundt oss, og at påverknaden til dels er einvegs frå språk til samfunn, har på mange måtar vore eit svært kontroversielt synspunkt. Mindre kontroversielt har det nok vore å sjå påverknaden i motsett retning, altså at samfunnet verkar inn på språket. Dette ser ein dagleg eksempel på, til dømes gjennom utviding av ordforrådet for å gje namn til nye

fenomen og hendingar som oppstår. Ein kjem heller ikkje utanom at måten me nyttar språket på, og ikkje minst kva språktrekk me vel å nytta eller ekskludera, også heng saman med at språksamfunnet tillegg ulike språktrekk ulik verdi. Samfunnet spelar såleis ei viktig rolle i å skapa den språklege variasjonen me møter i ulike språksamfunn, og med grunnlag i dette har ein altså gått vekk frå den ein-sidede dialektologiske tilnærminga i talemålsstudiane, og akseptert at ein også må ta høgde for sosiale faktorar når ein forskar på språk.

I eit norsk perspektiv vert gjerne året 1971 trekt fram som «gjennombrotsåret for den moderne sosiolingvistikken i Noreg» (Hoel 1998: 61). Då gjekk startskotet for prosjektet *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS), som tok sikte på å undersøka sosiale skilnader i Oslo-målet, med informantar frå ein bydel i aust og ein bydel i vest (Hanssen 2007). Men trass i at også norsk språkforskning har gått i ei stadig meir sosiolingvistisk retning sidan byrjinga på 1970-talet, har det vore debattert kor vidt den norske sosiolingvistikken kan seiast å representera eit skarpt brot med den tidlegare dialektologiske målføregranskinga, eller om ein på sett og vis kan sjå den som ein form for kontinuitet frå tidlegare forskningstradisjonar. På midten av 1990-talet argumenterte Brit Mæhlum (1996) for at sosiolingvistikken er del av ein kontinuerleg vitskapleg tradisjon, heller enn eit reint tradisjonsbrot med tradisjonelle dialektologiske granskingar. Mellom anna peika ho på at fleire av dei tidlege dialektologane også kan sjåast på som «en form for *pre-sosiolingvister*» (Mæhlum 1996: 182, kursiv i kjelda). I dette synet får ho også støtte frå Hoel (1998: 65):

[...] Sjølv om sosiolingvistikken utan tvil stod for noko nytt, må ein ikkje tapa kontinuiteten av syne. Norske målføregranskarar viste interesse for heterogenitet, variasjon og sosiale og psykologiske språkendringsmekanismer lenge før sosiolingvistikken vart oppfunnen.

Sosiolingvistikken og dialektologien representerer altså to ulike innfallsvinklar til studiet av språk, og sjølv om det på papiret kan vera enkelt å setja opp motsetningar mellom desse to forskingsdisiplinane, så er det ikkje like enkelt å dra klare distinksjonar mellom dei i praksis. Dette gjer seg også til dels gjeldande for denne oppgåva, for sjølv om den er trygt plassert innanfor det sosiolingvistiske forskingsfeltet, kan ein nok finna enkelte dialektologiske understraumar i enkelte delar av studien, hovudsakleg i språkbruksundersøkinga.

Avslutningsvis i denne fagfeltsintroduksjonen, kan det passa å kort kommentera tilnærmingmåtene som har rådd grunnen innan den norske sosiolingvistikken. Den labovske forskningstradisjonen har langt på veg vore den mest dominerande (Mæhlum 1996: 201), men både Mæhlum (1996) og Hoel (1998) dreg eit skilje mellom eldre og nyare tilnærmingsmåtar. Den labovske forskningstradisjonen, også kjend som variasjonslingvistikk, er kjenneteikna av

utstrekt bruk av kvantitative metodar for å best kunna korrelera språklege og sosiale variablar (Hoel 1998: 52). Nyare tilnæringsmåtar har lagt større vekt på ei meir interaksjonell orientering, der enkeltindividet får eit større fokus og der kvalitative metodar står sentralt (Mæhlum 1996: 206). Den interaksjonelle sosiolingvistikken er særleg inspirert av arbeida til James og Lesley Milroy, og i følgje Hoel (1998: 52) er dette ei retning som har vakse fram frå midten av 1980-talet og framover. Trass i at det altså har skjedd ei retningsendring, betyr ikkje det at den Labov-inspirerte sosiolingvistikken har forsvunne. Variasjonslingvistikken og den interaksjonelle sosiolingvistikken lever side om side i norsk sosiolingvistikk i dag. Dette ser ein m.a. i forskingsprosjektet *Dialektendringsprosessar* ved Universitetet i Bergen, (jf. Sandøy et al. 2007). Også mi eiga oppgåve syner att dette, då den til dels er inspirert av begge tilnæringsmåttane.

## 2.2 Det sosiolingvistiske forskingsobjektet

I følgje Mæhlum (1996: 198) har forskingsobjektet innan nordisk sosiolingvistikk i all hovudsak dreia seg om skalaen *dialekt – regionalspråk – standardspråk*, og dei fleste studiar gjort innan dette forskingsfeltet kan relaterast til denne aksen på ein eller annan måte. Dette gjeld også for studien utført i denne oppgåva, og såleis finn denne studien sin plass blant dei mange sosiolingvistiske talemålsundersøkingane som har vorte utført tidlegare. Men samstundes bevegar også studien seg utom rammene av det som på mange måtar har vore sosiolingvistikk i tradisjonell forstand. Som nemnt i 2.1, var eitt av hovudskilja mellom dialektologien og sosiolingvistikken at førstnemnde var ute etter talemateriale frå litt eldre språkbrukarar fordi dei vart sett på som «*gode*» og «*stødige*» *dialektbrukere*» (Mæhlum 1996: 195). Sosiolingvistane ynskte derimot heller å få eit mest mogeleg representativt bilete av språket, og valde difor ut informantar etter andre kriterium enn dialektologane. Men, felles for begge forskingstradisjonane var eit ynskje om å få dokumentert det dei oppfatta som den naturlege talen i eit gitt område. Den naturlege talen oppstår, i følgje språkforskarane, i uformelle talesituasjonar, fordi talaren då er avslappa og mindre oppmerksom på eigen språkbruk. Dette gjev dermed det mest representative biletet av korleis ein person *faktisk* snakkar. Dess meir formell ein talesituasjon vert opplevd, dess større er mogelegheita for at talaren gjer endringar på språket sitt, anten bevisst eller ubevisst, og at ho eller han dermed bevegar seg bort frå den naturlege talen.

Formell tale har altså vore lite interessant, og har jamt over vorte nytta berre som ein måte å syna fram eventuell registervariasjon (jf. Nesse 2006: 30). I tillegg til ynsket om å forska på

den naturlege talen, kan nok dette forklarast med fleire ulike faktorar. Nesse (2006: 30-31) nemner m.a. talemålsforskarane sitt ynskje om å sjølve kunna konstruera sitt eige materiale, for på den måten å få ei sterkare eigarkjensle til materialet og få eit materiale som er særlege for nettopp deira spesifikke studie. Dersom ein vel å nytta seg av språklege data henta frå andre kjelder enn eigen bandopptakar, det vera seg tv- og radiosendingar, film, offentlege talar eller liknande, så får ein eit anna talemateriale å jobba med. Det sosiolingvistiske forskingsobjektet vert rett og slett annleis, og metodisk meir krevande, enn det ein møter i tradisjonelle sosiolingvistiske studiar.

Men sjølv om forskingsobjektet vert annleis, betyr ikkje det at ikkje også forskning på meir formell språkbruk kan gi interessante funn. I løpet av dei siste 10-15 åra har ein sett ein auke i talet på studiar som har teke føre seg meir utradisjonelle forskingsobjekt, som t.d. bruken av talespråk i ulike medium, det vera seg film, tv eller radio, og som har gjeve oss ei innsikt i ein del av språkkvardagen vår som til no har vore lite utforska. Den offentlege språkkvardagen har nok tradisjonelt vorte oppfatta som mindre interessant, og har også til dels vore vanskelegare tilgjengeleg, men til liks med den naturlege talen ein finn i dei meir uformelle talesituasjonane, er også den offentlege talemålsbruken ein fullverdig del av språkkvardagen vår. Difor bør den også få sin rettmessige plass innan forskingsfeltet. Sjølv sagt inneber dette at ein må «ta det for det det er», når ein vel å utføra studiar på offentleg språkbruk. Skal ein nytta kjeldemateriale henta frå t.d. media, må ein ta høgde for at det har sine avgrensingar, og at ein ikkje kan venta å finna svaret på dei same spørsmåla gjennom eit slikt materiale som gjennom eit tradisjonelt talemålsmateriale. At språkføringa vår vert tilpassa til talesituasjonen, er ei sosiolingvistisk sanning, og ein kan difor ikkje venta at den språkbruken ein møter i offentlegheita, er å rekna som heilt naturleg tale. Difor kan ein heller ikkje nytta slikt kjeldemateriale til å kartleggja ei særskild dialekt, eller kva endringsprosessar som har gått føre seg i denne dialekta over eit gitt tidsrom.

Det ein derimot *kan* seia noko om er kva plass ulike dialektar har, og har hatt, i det offentlege rommet, og om *denne* posisjonen har utvikla seg i løpet av eit gitt tidsrom. Uløyselig knytt til dette, er også moglegheita til å seia noko om bruken av normaltalemål, eller standardtalemål, i den norske offentlegheita, noko også Nesse (2006: 32) påpeikar:

Dette vil si at forskningen på bruken av standardtalemål, først og fremst riksmål, er uløselig knyttet til forskningen på graden av dialektbruk, fordi de som ikke brukte dialekt, brukte noe annet, og hvordan hørtes dette andre ut?

Ein kan altså ikkje forska på bruken av det eine utan å samstundes ta høgde også for bruken av det andre, og ein knyter seg dermed opptil den generelle sosiolingvistiske forskingsaksen,



som skissert av Mæhlum (1996). I tillegg til dette, kan valet av slike utradisjonelle forskingsobjekt som mediespråk bidra med kunnskap om dei generelle språkhaldningane og språkideologiane som finst i samfunnet. Med dette meinast at den språkbruken ein møter i den offisielle språkkvardagen kan seiast å reflektera den underliggjande språklege praksisen som er vanleg også i den private sfæren. Kva talemål som vert valde, og kva talemål som ikkje vert inkluderte, når ein stemmelegg filmar og tv-program, er som regel ikkje tilfeldig, og ved å studera dette, kan ein komma nærare kva haldningar som er knytt til ulike språklege varietetar i eit gitt språksamfunn (sjå t.d. Sønnesyn 2011). På same måte kan valet av språkleg praksis i radio- og TV-sendingar kasta lys over kva som er akseptert språkbruk til ei kvar tid. Dersom ein gitt talespråkleg praksis vert nytta t.d. i radio, kan ein gå ut frå at dette også er ein talespråkleg praksis som er vanleg elles i samfunnet, og at radioen dermed reflekterer denne. Ber den talespråklege praksisen i radioen preg av mykje dialekt, kan ein dermed gå ut frå at den generelle haldninga til dialektar elles i samfunnet er positiv, elles ville ein truleg møtt ei anna språkform i eteren.

Sjølvsagt kan ein også hevda at det er motsett, altså at den språkbruken ein møter i t.d. radio, er med på å skapa den språkbruken ein møter i samfunnet elles. Ein har fleire døme på medarbeidarar i radio og TV som på ulikt vis har forsøkt å tøyja grensene for å utvida den talespråklege praksisen, og såleis skapa aksept for språklege praksisar som til då ikkje hadde vore «stovereine». Ulike studiar, m.a. frå Storbritannia, dreg også fram påverknad frå mediespråk som ein av grunnane til pågåande endringsprosessar i ulike dialektar (jf. t.d. Stuart-Smith 2006 og Stuart-Smith et al. 2007). Også danske Tore Kristiansen og forskingskollegaane ved LANCHART-senteret i København dreg fram mediepåverknad som ein faktor i endringar av språkhaldningar, og derav språkbruk (jf. Kristiansen 2009: 189).<sup>1</sup> Diskusjonen rundt kva som påverkar språkbruken og ligg til grunn for ulike endringar, er dermed eit høgst uavslutta kapittel. Det ligg utanfor omfanget av denne oppgåva å gå djupare inn i denne diskusjonen her, anna enn å gjera lesaren merksam på at dette *er* ein pågåande diskusjon, men at denne oppgåva altså legg til grunn at offentleg språkbruk, t.d. gjennom media, er ein *refleksjon* av allereie eksisterande praksis, heller enn hovudårsaka bak skapinga av nye praksisar.

---

<sup>1</sup> Forkortinga LANCHART står for «language change in real time», og er eit forskningssenter ved Universitetet i København, som forskar på språkending i verkeleg tid i Danmark, og kva rolle ulike språkideologiar spelar i desse språkendingane (Kristiansen 2009: 167).

## 2.3 Tidlegare studiar knytt til mediespråk

Som nemnt i 2.2, kan mediespråk reknast som eit av dei nye forskingsobjekta innan sosiolingvistikken. *Mediespråk* kan breitt definerast som det språket som vert nytta i media, og kan dermed inkludera både skriftleg og munnleg språkbruk, men i høve mi eiga oppgåve, gjev eg det ein snevrare definisjon, nemleg det *talespråket* me møter gjennom film, tv og radio. Sjølv om det å undersøka talespråket i media er eit relativt nytt forskingsfelt, har det allereie rokke å komma ein del studiar som knyter seg til dette feltet, særleg innan internasjonal sosiolingvistisk forskning. Dette underkapittelet tek sikte på å presentera litt av den tidlegare forskinga som er gjort på området, både knytt til tv- og filmmediet, og særskilt det som er knytt til språk i radio.

### 2.3.1 Studiar knytt til film og TV

Mykje av den forskinga som er gjort på språkbruken i film og TV er gjort ut frå eit ynskje om å sjå nærare på *korleis* ulike dialektar vert nytta i ulike samanhengar. Fleire studiar har forsøkt å korrelera typen dialekt med typen rollefigur, eller med ulike karaktertrekk, for å sjå om det kan finnast mønster i bruken av særskilde talemål. Ei av dei mest kjende studiane med dette føremålet, er Rosina Lippi-Green si Disney-studie (1997). Gjennom å undersøka bruken av ulike engelske uttalevariantar i Disney sine animasjonsfilmar produsert frå 1938 og fram til 1994, fann ho systematiske mønster i måten desse vart brukte på. M.a. fann ho at eit fleirtal av karakterane snakka med standard amerikansk uttale, trass i at berre 60 % av karakterane opptredde i ein setting der det ville vore naturleg at karakterane hadde engelsk som sitt morsmål (Lippi-Green 1997: 90). I tillegg fann ho også at karakterar som snakka engelsk med utanlandsk aksent generelt vart framstilt mykje meir negativt enn dei karakterane som var portrettert med engelsk som sitt morsmål (Lippi-Green 1997: 92).

Med grunnlag i Lippi-Green (1997) si studie, gjennomførte også Sønnesyn (2011) ei studie av ulike uttalevariantar i Disney sine animasjonsfilmar, og kom til liknande resultat som Lippi-Green. Eg (2011) tok føre meg filmar frå tidsrommet 1995 til 2009, og studien vart såleis ei forlenging av arbeidet til Lippi-Green. Samanlikna med Lippi-Green, fann eg ein auke i bruken av standard amerikansk uttale, noko som vart relatert til at samfunnet generelt har vorte meir oppteke av å framstå politisk korrekt. Det å nytta ein standardisert uttalevariant for fleirtalet av karakterane, uavhengig av karaktertrekk, bidreg til at ikkje nokon vert skilde ut verken i positiv eller negativ lei. Men til liks med Lippi-Green, fann også

eg mønster i bruken av visse uttalevariantar, t.d. at New York-engelsk dominerte blant usofistikerte karakterar, medan standard britisk uttale dominerte blant dei meir sofistikerte karakterane, noko som langt på veg er i tråd med rådande språkhaldningar knytt til desse dialektane (jf. t.d. Wells 1982 og Coupland og Bishop 2007).

Andre studiar som også kan nemnast er t.d. Timmins og Stuart-Smith (2004), Marriott (1997) og Lund (2009). Førstnemnde sin studie tok føre seg språkbruken i tre London-baserte tv-seriar, med det føremål å samanlikna medie-versjonen av Cockney-dialekta<sup>2</sup> med den autentiske versjonen av same dialekt. Timmins og Stuart-Smith fann Cockney-trekk i alle dei tre tv-seriane, men samstundes avdekka dei også ein klar sjangerskilnad, der Cockney i si reinaste form vart mest nytta i den serien som var mest komi-prega (Stuart-Smith og Timmins 2004: 44).

Marriott (1997) gjorde ein case study av den britiske krigsfilmen *In Which We Serve* (1942), og fann at språkbruken vart nytta for å byggja opp under det sosiale hierarkiet i filmen, sidan arbeidarklassekarakterar generelt vart portrettert med fleire førekomstar av såkalla ikkje-standardvariantar i talen sin enn karakterar heimehøyrande i høgre sosiale klassar (Marriott 1997: 178).

Også Lund (2009) tok føre seg framstillinga av arbeidarklassedialektar i britisk film, og samanlikna språkbruken i filmar frå 1960 og 2000. Hovudhypotesa hans, som i stor grad vart stadfesta gjennom studien, var at hovudpersonane frå dei eldre filmene ville ha færre regionale trekk samanlikna med dei moderne filmene, som kanskje ville forsøka å framstå litt meir autentisk. Sjølv om dette i stor grad stemde, var biletet meir nyansert, sidan skilnaden mellom gamle og nye filmar var mindre enn det som var forventa (Lund 2009: 1).

Men også frå norsk sosiolingvistikkk kan me finna døme på studiar av språkbruk i film og tv. Eit av dei første døma på dette er Oddrun Torvik si hovudfagsoppgåve *Professor Balthazar – ein studie av språket i Barne-tv* (1982). Her analyserte ho dei programma som vart sende i barne-tv i løpet av ein seks-vekers periode, og fann m.a. at berre fire av totalt 40 program nytta nynorsk eller dialekt som si målform (Torvik 1982: 58). Med dette som grunnlag, la Torvik fokuset på bokmålsprogramma, og analyserte språkbruken nærare i desse. Her fann ho at bruken av såkalla konservative bokmålsformer dominerte, medan meir radikale former som hokjønnsformer eller a-ending i fortid av verb var lite eller ikkje brukt (Torvik 1982: 71-75). I tillegg til dette, vart også bruken av tjukk l undersøkt, og Torvik sine analysar avdekka at det ofte fanst samanhengar mellom bruken av tjukk l og «moralske og

---

<sup>2</sup> Cockney-dialekta er ei britisk-engelsk dialekt som tradisjonelt har vorte assosiert med arbeidarklassa i austre delar av London.

sosiale tilhøve i programma», m.a. at dei karakterane som brukte tjukk l hadde lågstatusyrke (Torvik 1982: 84).

Ei nyare, norsk studie vart utført av Guri Melby (2007). Gjennom ein analyse av eit utval av sketsjar frå NRK-programmet *Team Antonsen*, var føremålet å «kunne si noe om eksisterende språkholdninger i det norske samfunnet, og hvordan disse blir synliggjort og brukt i et humorprogram» (Melby 2007: 31). Dei gjennomgåande mønstra ho avdekkja gjennom studien synte eit noko skeivt maktforhold mellom standardtalemålsbrukarane og dialektbrukarane, der standardtalemålet vart knytt til eigenskapar som prestisje, status og autoritet, medan dialektane derimot signaliserte enkelheit og naivitet, men samstundes også truverde og folkelegheit (Melby 2007: 94). Dette mønsteret gjaldt uavhengig av kva dialekt som vart nytta. Melby argumenterer difor for at den språklege røynda, slik *Team Antonsen* presenterer den, stadfestar at det finst eit dialektalt prestisjehierarki som eksisterer i nordmenn si bevisstheit, der standardtalemålet ragar øvst, medan dialektane kjem nedst (Melby 2007: 91). Vel og merke kan ein setja spørjeteikn ved kor vidt dette er ein for eindimensjonal analyse, med tanke på at dialektane, slik dei er nytta i *Team Antonsen*, ikkje berre signaliserer negative eigenskapar.

### 2.3.2 Studiar knytt til språk i radio

Når det gjeld radiospråk, har det vore meir vanleg å sjå dette ut frå eit meir pragmatisk perspektiv. Dette finn me eksemplifisert gjennom Wenche Vagle si hovudfagsoppgåve *Radiospråket – talt eller skrevet?* (1991) og Olga Lozitskaia si masteroppgåve *Den språklige henvendelsen til unge lyttere* (2005). Sistnemnde studie tok føre seg P3-programmet *Pullover*, og gjennom å sjå nærare på språket til programleiaren, ynskte studien å finna ut korleis programleiaren vende seg til unge lyttarar (Lozitskaia 2005: 9). Ho fann at programleiaren snakka eit ungdomsnært språk, som var bilderikt og som inneheldt både engelsk og slang, for på denne måten å skapa identitet for lyttaren. Men programleiaren kunne også veksle til ein litt meir formell talemåte, som automatisk hadde ein meir ekskluderande effekt (Lozitskaia 2005: 115-116). Vagle (1991) si studie tok føre seg radiospråket med det føremålet å undersøka om det finst ein samanheng mellom språkbruken og konteksten i radiospråket, og som ei delhypotese undersøkte ho kor vidt radiospråket kunne sjåast på som ei blanding mellom skrift og tale. Analyseresultata hennar synte at det fanst ein samanheng mellom språkbruken og konteksten den høyrde til, men at variasjonen kanskje ikkje utelukkande kunne sjåast på som variasjon knytt til dimensjonen skrift – tale. Variablar som nærleik –

avstand og relasjonen mellom kommunikasjonspartane kunne også spela inn (Vagle 1991: 210-211).

Men også andre studiar, som kanskje har vore meir direkte retta inn mot talespråket, har vorte utført dei seinare åra. Sverre Høisæther (1999) tok i si hovudfagsoppgåve føre seg språkforholda i radioreklame send på P4. Han la vekt på forholdet mellom standardspråk og dialekt, og fann klare skilnader i bruken av dei to varietetane. I studien sin delte han inn reklamane i to deler, der del 1 vart rekna som «underhaldningsbiten», medan ein i del 2 fekk sjølvje produktpresentasjonen. Funna frå undersøkinga synte at tradisjonelle riksmålsvariantar dominerte i produktpresentasjonen, medan ein typisk fann dialektvariantane i del 1, gjerne som ein refleksjon av stereotypiar og kontrastar, t.d. «by og land» (Høisæther 1999: 104-106).

I sin studie frå 2005 såg Tonje Skilbred nærare på porsgrunnsfolk og tromsøværingar sitt forhold til eiga dialekt, og om det kunne finnast ein samanheng mellom haldning til eiga dialekt og haldning til dialektbruk i media. Ho kom fram til resultat som indikerte at synet på eiga dialekt hadde ein viss innverknad på haldningar til dialekt i tv og radio.

Ein av dei studiane som kanskje har mest til felles med mi eiga oppgåve, er Agnete Nesse si undersøking av radiotalemål i Nordland i perioden 1936-1996, publisert i 2008. Nesse (2008) såg m.a. på den overordna fordelinga mellom standardtalemål og dialekt, og fann at den diakrone utviklinga gjekk i retning av meir dialekt og mindre standardtalemål, og at dette var ei utvikling som for alvor tok til etter 1960 (Nesse 2008:120). I tillegg til dette, såg ho også nærare på særskilde språktrekk som den nye teljemåten, som var gjeldande i Norge frå 1951, og høfleg tiltale, med bruk av De/Dem. Undersøkingane knytt til den nye teljemåten synte at denne vart mest nytta i det tiåret den vart innført, før bruken jamna seg ut att, og igjen gradvis gikk i favør av den gamle teljemåten (Nesse 2008: 125). Det at bruken av den gamle teljemåten aukar att utover i perioden, forklarar Nesse (2008: 124-125) med at dialektbruken også auka, og at ein ser ein kopling mellom dialekttale og gammal teljemåte. Ved å sjå nærare på bruken av teljemåte ut frå rolle i programmet, var det også klart at journalistane nytta den nye teljemåten i klart større grad enn intervjuobjekta, noko som kan forklarast med at journalistane hadde – og har – påbod om å nytta denne (Nesse 2008: 124). Også når det gjeld bruken av høfleg tiltale, fann Nesse ei diakron endring i retning av mindre formell tale, og altså ein nedgang i bruken av høfleg tiltale. Nok ein gong er det 1950-talet som skil seg ut som det mest formelle tiåret (Nesse 2008: 128). Undersøkinga avdekkjer også eit mønster i høve endringane som oppstår, der tenåringane er dei første som går over til å verta tiltalt med *du* allereie på slutten av 40-talet, medan materiale frå seinare år syner at

«[d]e eneste som blir tiltalt med *De* på 1970-tallet i dette materialet, er menn, de fleste av dem godt voksne og i høystatusyrker ...» (Nesse 2008:129).

## 2.4 Talespråk – normert eller ikkje?

I ei studie som dette, som knyter seg opp til aksene *standardspråk – dialekt*, er det naudsynt å gå nærare inn på desse to omgrepa og deira plass i sosiolingvistikken. Til tider kan det kanskje framstå som om det er opplagt kva som ligg i desse to omgrepa, og at dei er klårt definerte i faglitteraturen, men i Norge er ikkje dette alltid tilfelle.

### 2.4.1 Kva er ein dialekt?

Sjølv om det kan verka lett nok å skulla definera kva ein dialekt er, så er det ikkje alltid like lett å komma opp med velfungerande, eintydige definisjonar. Til dømes er det ikkje alltid klare grenser mellom kva som er eit *språk* og kva som er ein *dialekt*. Eit kriterium som ofte vert drege fram er gjensidig forståing, altså at to varietetar vert rekna som dialektar dersom talarane skjønner kvarandre, medan dei vert rekna som ulike språk dersom dei ikkje er gjensidig forståelege. Åleine er derimot eit slikt kriterium ikkje det beste, sidan ein raskt kan komma opp med gode kontraeksempel som motprov til dette. Som Røyneland (2003: 21) peikar på, kan også «kva som er språk, og kva som er dialekt ... endre seg over tid og med ulike politiske og sosiale forhold». I internasjonal sosiolingvistikkk opererer ein også ofte med eit skilje mellom omgrepa *dialect* og *accent*, men sidan dette ikkje er særleg i bruk innan den norske sosiolingvistikken, går eg ikkje nærare inn på dette her.

Wells (1982: 3) sin definisjon av omgrepet *dialekt* som «any speech variety which is more than an idiolect but less than a language» er kan hende ein av dei mest brukte definisjonane. Ifølgje han er altså ein dialekt ein språkleg varietet som vert snakka av meir enn eitt individ, men som samstundes er underlagt eit nasjonalspråk. Røyneland (2003: 22-23) skisserer totalt tre ulike måtar å definera ein dialekt på, alt etter om ein legg lingvistiske, sosiologiske eller psykologiske kriterium til grunn:

**Lingvistisk definisjon:** [...] ein geografisk, sosial eller etnisk varietet som i seg sjølv utgjer eit komplett språkssystem.

**Sosiologisk definisjon:** [...] ein varietet som kunne ha fungert som eit språk, men som ikkje er formelt standardisert [...] avgrensa funksjon som næringspråk, dvs. språk til bruk innafor private domene eller i uformelle situasjonar.

**Psykologisk definisjon:** [...] den talemålsvarieteteten ein person lærer først,

uavhengig av kva for samfunnsmessig status eller funksjon denne varieteten elles måtte ha [...].

Kvar av desse definisjonane gjev ulike innfallsvinklar til dialektomgrepet, og kombinerer ein dei ulike kriteria, kjem ein nok så nært opptil ein operasjonell definisjon som mogeleg. Spør ein folk flest, og ikkje språkforskarar, om kva ein dialekt er, vil nok mange ty til noko nær den lingvistiske definisjonen, sidan ein oftast knyter ei gitt dialekt til eit gitt geografisk område.

Sandøy (1996: 23) kallar dialektomgrepet for eit «*operasjonelt* omgrep, dvs. eit omgrep vi kan tilpasse brukssituasjonen». I så måte er det kan hende på sin plass med ei presisering av kva omgrepet *dialekt* refererer til innanfor konteksten av nettopp denne oppgåva. Sidan føremålet med studien m.a. er å sjå nærare på fordelinga av dialektformer versus nynorske former, får me altså ei binær kategorisering. Med det meinast at når ei talemålsform skil seg frå nynorsknormalen, og altså får trekket [-nynorsk], vil denne talemålsforma verta rekna som dialektform. Er det samanfall mellom talemålsform og nynorsknormalen, vert talemålsforma *ikkje* rekna som dialekt. Såleis vert omgrepet meir konkretisert enn dei ovannemnde definisjonane frå faglitteraturen (jf. elles kap. 3 og 4).

#### 2.4.2 Standardspråksdebatten

Røyneland (2003: 23) peikar på at det kan vera behov for å avgrensa omgrepet *dialekt* i høve til omgrepet *standard* eller *standardtalemål*. Debatten rundt kor vidt me har eit standardtalemål i Norge har på mange måtar vore eit lingvistisk vepsebol i lang tid, og sjølv om denne oppgåva ikkje søkjer etter å ta noko prinsipielt standpunkt i den diskusjonen, er det likevel på sin plass med ei kort skissering av hovudpunkta i debatten.

Mykje av utfordringa i diskusjonen rundt standardspråk knyter seg nok til det faktum at omgrepet i seg sjølv ikkje er så lett å definera på ein enskapleg og utvitydig måte. I språksamheng har ein som oftast nytta standard-omgrepet i relasjon til skriftspråket, og i denne samanhengen har det bydd på mindre problem å komma fram til brukande definisjonar. Utfordringa kjem når ein skal forsøka å overføra standard-omgrepet til å også gjelda for talemålet. Når ein talar om eigenskapar eller kriterium som bør vera til stades for at ein varietet skal kunna reknast som eit standardtalemål, viser ein ofte til at varieteten er *kodifisert*, gjerne gjennom uttaleordbøker eller likande; at den har *prestisje*, og at den er *overregional*, altså at den er geografisk nøytral og kan dekkja over talaren sin regionale bakgrunn. Brit Mæhlum (2009: 8-9) definerer standardtalemål på denne måten:

Et standardtalemål er en varietet som fungerer som norm eller normideal for et

større språksamfunn, som regel en nasjonalstat, og som i en del tilfeller er kodifisert. En viktig forutsetning for den supraregionale, altså overlokale, posisjonen som et standardtalemål slik blir tillagt, er at det er en varietet som normalt er utviklet i intim tilknytning til et skriftspråk.

Andre, som t.d. James og Lesley Milroy, argumenterer for at eit standardspråk er meir å rekna som «an idea in the mind [with] a set of abstract norms to which actual usage may conform to a greater or lesser extent» (Milroy og Milroy 1999: 19). Lars Vikør (2009: 57) dreg derimot endå eit kriterium inn i definisjonen av kva ein kan sjå på som eit standardtalemål:

Ein kodifisert språkvarietet som baserer seg på eit lesespråk, og som fungerer som standard ved at *delar av ei befolkning med ulike talemål tileignar seg det som ein heilskapleg talemålsvarietet dei brukar ved sida av sin opphavlege eller i staden for den* (mi utheving).

Ein talar altså om ein skriftnær og vanlegvis kodifisert varietet som er tillært, heller enn internalisert som fyrstespråk. Tek ein Milroy og Milroy (1999), og til dels også Mæhlum (2009), sitt perspektiv til fylgje, er det også sann at denne varietetten har fått posisjonen sin ut frå at språkbrukarane sjølve har ei mental førestilling om at dette er eit normideal for språkføringa.

Det dømet som kanskje er lettast å ty til når ein skal eksemplifisera eit standardtalemål, er nok den britisk-engelske varietetten Received Pronunciation (RP), som er den uttalevarianten ein vanlegvis reknar som den typiske standarden for (britisk-)engelsk uttale. Om ein ser nærare på RP, ser ein at den har mange av dei klassiske eigenskapane som ofte vert kopla til standardspråksomgrepet: Uttalevarianten er kodifisert, og fungerer som eit rammeverk når ein skal gi ei skildring av lydinventaret i det engelske språket. Lærer ein engelsk som framandspråk, er det også store sjansar for at det er denne uttalevarianten ein får opplæring i. Vidare er RP relativt skriftnær, og innehar også ein overregional posisjon, sidan den kamuflerer talaren sin geografiske bakgrunn (jf. Sønnesyn 2011: 16-17). I haldningsundersøkingar vert RP også ofte trekt fram som «betre» enn andre engelske uttalevariantar, og vert gjerne assosiert med prestisje, høg sosial status og makt (Hughes et al. 2005: 3). Såleis stettar denne uttalevarianten mange av dei «krava» som vert stilt til eit standardtalemål.

I høve den norske språksituasjonen er det delte meiningar om kor vidt me har eit liknande *norsk* standardtalemål i vårt språksamfunn. Nokre (t.d. Mæhlum 2009) tek til orde for at eit norsk standardtalemål heilt klart eksisterer, at dette er plassert på toppen av «det nasjonale språklige prestisjehierarkiet» (Mæhlum 2009: 13), og at ein kan nytta dette som forklaringsmodell for mange av dei språklege endringane me ser i Norge i dag. I motsett fløy



finn me dei (t.d. Sandøy 2009) som meiner at det rettaste er å snakka om at me har ei prestisjedialekt, heller enn ein talemålsstandard, og at i den grad ein kan snakka om standardtalemål, så er det normalmåla nynorsk og bokmål som fungerer slik:

Når ein så drøftar talemålet, er det ei grei begrepsutleiing å seie at standardtalemål er den talte versjonen av det skrivne standardmålet. Då har me to standardtalemål i Norge, altså talt bokmål og talt nynorsk. Så enkelt (Sandøy 2009: 28).

Men så enkelt er det kan hende ikkje. Som Røynealand (2003: 24) peikar på, så er det «bokmålsnorma [...] som har hatt størst gjennomslag», og faktum er vel at i den grad ein snakkar om eit standardtalemål i norsk samanheng, så refererer ein vanlegvis til søraustlandsk uttale av bokmål, særleg slik det vert realisert i dei vestlege stroka i Oslo. Anten ein no vel å kalla denne varieteten for eit standardtalemål eller ei prestisjedialekt, så er det i stor grad dette talemålet som står i sentrum for debatten rundt norsk standardtalemål.

### 2.4.3 Kva med nynorsken?

Spørsmålet vert då kvar ein finn nynorsken oppi alt dette. Er det så enkelt som Sandøy hevdar i sitatet ovanfor, at kvar av dei skrivne standardmåla også har ein talt versjon? Eller er røynda meir lik den Vinje skisserer i sitatet i 1.1., at «[n]ynorsk er et skriftspråk, ikke et talemål [...]» (Vinje 1998: 152)? Som nemnt, er det iallfall i stor grad slik at debatten vert ført som om nynorsken *ikkje* er ein likeverdig del av diskusjonen. På mange måtar heng dette truleg saman med at særleg den talte nynorsken ikkje så ofte vert gjort til forskingsobjekt, og det framstår eigentleg som om dei ulike fløyane finn liten grunn til å diskutera dette talemålet. Både dei som meiner talt nynorsk finst og dei som meiner det *ikkje* finst, er tilsynelatande sikre i si sak, og kjenner ikkje noko uttalt behov for å diskutera det noko nærare.

Når det er sagt, er det ikkje dermed sånn at ein ikkje har hatt noko form for nynorsk språkforskning opp gjennom åra. Alt i 1899 vart Marius Hægstad tildelt det første professoratet i nynorsk, eller landsmål, med «landsmaalet og dets dialekter» som sitt forskingsområde (Jahr 1996: 86). Heilt frå starten var altså grunntanken at forskingsobjektet måtte foreina skriftversjonen av nynorsken med det dialektgrunnlaget som nynorsken var tufta på. Trass i dette peikar Jahr (1996: 84) på at det ikkje alltid er heilt uproblematisk å avgjera *kva* som er nynorsk språkforskning:

Det er i utgangspunktet ikke uproblematisk å bestemme hva slags språkvitenskap som bør grupperes som «nynorsk» språkforskning, eller hvilke språkforskere som skal reknes som «nynorske».

Avhengig av korleis ein definerer *kva* som utgjer forskingsobjektet i nynorsk språkforskning, avgjer ein også *kven* som kan reknast som heimehøyrande innan denne forskingstradisjonen. Jahr (1996: 89) føresler difor følgjande definisjon på *kva* som er tradisjonell nynorsk språkforskning:

Nynorsk språkforskning blir [...] den forskningsaktiviteten som med forankring i målreisingsideologien til Ivar Aasen tok sikte på å beskrive norsk språk historisk, dialektologisk og som skriftnorm, uten at det blei tatt noe som helst omsyn til at det også fantes en muntlig og skriftlig riksmål/bokmåls-tradisjon i landet.

Sjølv om dette nok ligg i botnen for den nynorske språkforskinga også i dag, er det vel liten tvil om at ein også innan dette området har sett ei meir sosiolingvistisk dreining på forskingsområdet. Denne oppgåva fell såleis ikkje heilt inn under den tradisjonelle, nynorske språkforskinga, men er heller eit tilskot på stammen til nyare former for nynorsk språkforskning.

#### 2.4.4 Nynorsken og uttalenorma

Sjølv om det er delte meiningar rundt eksistensen til ei nynorsk uttalenorm, bør det så langt ha skine gjennom at denne oppgåva arbeider ut frå tanken om at det *finst* eit nynorsk talemål. Til liks med talt bokmål, er heller ikkje talt nynorsk noko offisielt normert språk, med unntak av i NRK, som er «den einaste store samfunnsinstitusjonen som har drive – og driv – normering av nynorsk tale» (Lomheim 1994: 18). Men det var ikkje i kringkastinga at arbeidet med ei nynorsk uttalenorm først kom i stand. Både kyrkja og skulen tok i bruk ein nynorsk leseuttale lenge før kringkastinga, men den fyrste institusjonen som for alvor starta arbeidet med å utvikla ei talemålsnorm for nynorsken, var Det Norske Teatret, som vart skipa i 1913. Til liks med skriftnormalen, var det også i talemålet konkurranse mellom Hægstad-normalen og midlandsnormalen i byrjinga<sup>3</sup>. Midlandsnormalen vart forsøkt gjennomført i førstninga, mykje grunna at m.a. Arne Garborg var tilsett som språkkonsulent (Jahr 1987: 113), men etter at Olav Midttun på nytt vart tilsett som språkkonsulent frå 1926<sup>4</sup>, vart det Hægstad-normalen som vart den dominerande. I tillegg måtte teatret gjera bevisste val rundt ein del språktrekk som dei nok visste at folk flest la merke til:

---

<sup>3</sup>Hægstad-normalen og midlandsnormalen syner til to ulike nynorsknormalar som vart innførte ved den første nynorske rettskrivingsreforma i 1901. Hægstad-normalen representerte ein modifisert versjon av Ivar Aasen sin nynorsknormal, og har seinare vorte malen for den moderne nynorsken. Midlandsnormalen bygde på dialektane i Telemark og hadde større avstand til Aasen-normalen, ved m.a. å inkludera kløyvd infinitiv i skriftmålet.

<sup>4</sup>Olav Midttun hadde også tidlegare vore tilsett som språkkonsulent ved Det Norske Teatret, men sa opp stillinga si i 1920, grunna at han meinte at vilkåra han hadde sett for å vera målretteleiar ikkje hadde vorte oppfylte (Jahr 1987: 115-116).

Kva for lydverk og formverk som blei nytta, var vel det som publikum mest la merke til. Det er først og fremst desse sidene ved målet folk har medvet om, og derfor er stridsspørsmåla ofte så klare og veldefinerte her: *a-mål* eller *i-mål*, *bakkjen* eller *bakken*, tjukk l/ikkje tjukk l osv. Dei val teatret måtte gjera her, var sjølvstykke ikkje enkle, og dei var opphav til strid og usemje (Jahr 1987: 117).

I stor grad er nok dette utfordringar som har gjort seg gjeldande også etter at det var kringkastinga som overtok som den viktigaste arenaen for utvikling av det nynorske talemålet.

Ei nynorsk uttalenorm har likevel ikkje vore ei sjølvstykke sak. Jahr (1987: 126) peikar på at ikkje ein gong målfolket sjølv har hatt dette som høgste prioritet, og at ein endåtil har vore usikker på om dette har vore rette vegen å gå. Men visse normer har ein altså likevel fått, særleg innan scenespråket på Det Norske Teatret og i kringkastingsspråket i NRK, og det er særleg sistnemnde me må konsultera om me vil vita noko om korleis nynorsk normaltalemål skal vera – iallfall på papiret. Nynorskprofessoren Olav Midttun, som også var den første riksprogramsjefen i NRK, nemner m.a. «tjukke ljodar» og «muljering» (palatalisering) som døme på uttaletrekk som ikkje eigentleg høyrer heime i normalmålet, men som ein kan hende lyt godta, sidan det kan vera vanskelege trekk å leggja vekk for dei som har dei naturleg i talemålet (Midttun 1960: 36-38). Sylfest Lomheim sitt hefte *Nynorsk i NRK – frå A til Å* (1994) gjev ei nyare, og oversiktleg, rettleiing for nynorsktalande medarbeidarar i statskanalen. Eg skal ikkje referera alle råda han skisserer, men tek her med eit lite utdrag som syner noko av dei vesentlegaste trekkene ved den nynorske uttalenorma, slik Lomheim (1994: 17-19) ser det:

Poenget med *uttalenorm* er at ordet får oss til å tenkja på ein uttale som me assosierer med offisiell *skriftnorm*. Det er ein uttalepraksis som byggjer på sjølv skriftbiletet og på ei forståing av sambandet mellom talen og skrifta [...]. Det viktigaste å seia er at ho skal spegla av skrifta [...] men på ein måte at det ikkje strir imot det folk oppfattar som ledig eller naturleg [...]. Vekslingar i norsk talemål som nærast deler landet i to jamstore flokkar – t.d. *tunn l* og *tjukk l* – bør det vera rom for innanfor norma. Men talemålstrekk som berre er å finna i meir avgrensa deler av landet, slik som «*mannj*» for *mann*, «*hagjen*» for *hagen*, «*fjedl*» for *ffjell*, er det ikkje rimeleg å gje plass til i ei riksgyldig norm. Slike uttaledrag vil gje ein svært målføreprega tale.

I generelle trekk skal altså ei nynorsk uttalenorm liggja tett opptil skriftspråket i formverk og ordval, og ein skal unngå altfor «spesielle» uttaledrag. Samstundes er det interessant å merka seg at Lomheim opnar for at norma bør ha rom for vekslingar mellom *tunn l* og *tjukk l*, fordi så og sei halve landet har denne vekslinga, medan han meiner at eit trekk som palatalisering bør haldast utanfor norma, trass i at også dette språktrekket må seiast å vera svært vanleg i norske målføre (jf. Sandøy 1996, Skjekkeland 1997). Sidan vekslinga *tunn/tjukk l* er vanleg

på Austlandet, medan palatalisering *ikkje* er det, kan det virka som at Lomheim på sett og vis definerer norma i favør av austnorsk. Sjølv om uttalenorma skal liggja tett opptil skriftmålet, og ein dermed får eit naturleg fokus på formverket når ein skal undersøkje eksistensen av eit nynorsk normaltalemål, er det altså ikkje slik at det fonologiske aspektet er heilt irrelevant.

#### 2.4.5 NRK sine språkreglar

Avslutningsvis i dette delkapittelet, høver det å sjå litt nærare på NRK sine språkreglar. Ein av karakteristikkane av språklandet Norge er at norsk ikkje har noko offisiell normering av talespråket, og at dialektane har fritt leide i alle situasjonar, men mange har ein tendens til å gløyma at det faktisk finst normer også for talespråket i enkelte sfærar, nemleg for dei NRK-tilsette. NRK sine språkreglar vart nemnde i 1.4.3, men ein grundigare gjennomgang kan vera på sin plass. Det har vore – og er nok framleis – omdiskutert kor vidt det er naudsynt med talenormer i NRK, og meiningane har vore delte på dette området. Som me såg i 1.4.3, meinte Finn-Erik Vinje (1998: 144) det er viktig med talenormering for å unngå at talen «støyar» og skapar distraksjonseffekt, medan Sandøy (1998: 161) derimot meiner at dette er utdaterte argument til fordel for ei talenorm. Men språkreglar finst, anten ein er samd i dei eller ikkje.

Det fyrste settet med språkreglar som er aktuelle i denne samanhengen, vart vedteke i 1981 og tredde i kraft i 1982 (vedlegg 5). Desse reglane la den offisielle rettskrivinga til grunn, både i program *med* manus og også i enkelte programtypar sjølv om ein *ikkje* var bunde til manus:

Norsk rikskringkasting legg den offisielle rettskrivinga til grunn for det språket dei tilsette som hovedregel skal bruke i mikrofonteneste i radio og fjernsyn når det blir nytta manuskript. Innanfor den offisielle rettskrivinga skal ein velje dei mest vanlege formene og i hovudsak bruke eit språk som ligg innanfor læreboknormalen. I nyhendeprogram, programannonsering og meldingsteneste skal desse reglane gjelde også når ein ikkje bruker manuskript. Medarbeidarane **kan** halde på sin personlege talemålstone (ordmelodi og setningsmelodi) (Språkreglane 1982, mi utheving).

Det er interessant å merka seg at språkreglane nyttar ordet *kan*, heller enn *skal*, sidan dette gir inntrykk av at det finst eit anna alternativ. Språkreglane såg det også som ei viktig oppgåve for NRK å «spegle det språklege mangfaldet i landet» (Språkreglane 1982), og ein opna difor for mogelegheita til å nytta eit meir distriktsprega og dialektprega talemål, særleg i distriktsendingane, så lenge dette regionalfarga talemålet ikkje gikk utover forståinga på noko vis.

I dei neste språkreglane, frå 1996, heiter det framleis at ein i nyheitssendingar,

programannonsering og meldingstenester skal nytta eit normaltalemål, også når sendinga er utan manuskript (Språkreglane 1996, vedlegg 6). Men samstundes ser ein ei tydeleg meir positiv haldning til dialektnært talemål, gjennom at ein i sterkare grad opnar for regionalt farga talemål, særleg i distriktssendingane, der språkreglane rett ut seier at her bør «dei regionale dialektane få godt rom» (Språkreglane 1996). Eit nytt aspekt som også kjem inn no, er viktigheita av at lyttarane kjenner att sitt eige mål, noko som kan bidra til auka språkleg sjølvkjensle. Ein får såleis eit meir sosiolingvistisk tilsnitt på språkreglane.

Språkreglane vart reviderte på nytt i 2002 og 2007 (vedlegg 7 og vedlegg 8). I begge regelsetta vert nyheitssendingar og meldetenester framleis framheva som stader der ein skal nytta seg av eit normalisert talemål som er i samsvar med dei normer som er fastsett av t.d. Norsk Språkråd. Men sams for begge regelsetta er også at dei begge held døra open for bruk av dialekt i nyheitssendingar og programinformasjon, særleg på dei regionale sendeflatene. Språkreglane for 2007 går endå eit hakk lengre, sidan dei opnar for at redaktørane sjølve kan gjera unntak for bruk av dialekt også i nyheitssendingar og programinformasjon, så lenge det ikkje bryt med språkreglane elles (Språkreglane 2007). Språkreglane er med andre ord vorte stadig meir liberale med omsyn til bruk av dialekt. Forøvrig kan det også nemnast at 2007-reglane er dei fyrste der det vert nedfelt i reglane at «[m]inst 25% av verbalinnslaga i radio og fjernsyn skal vera på nynorsk» (Språkreglane 2007).

Gjennomgåande for alle språkreglane, frå 1982 og til 2007, er at dei dreg eit skilje mellom normert tale og dialekt. Akkurat *korleis* dei definerer desse to omgrepa, er derimot ikkje alltid like klårt. Dei nyaste språkreglane refererer til «offisielt bokmål eller nynorsk» (Språkreglane 2007), og ein må gå ut frå at desse då byggjer på dei offisielle rettskrivingane. Dialekt-omgrepet har heller ikkje fått noka vidare spesifisering, men ein må då gå ut frå at det som vert rekna som dialekt, er alt som skil seg frå offisielt bokmål eller nynorsk. Som forklart i 2.4.1, er det då til dels samsvar mellom det denne oppgåva legg i omgrepa normert tale og dialekt, og det NRK sine språkreglar legg i omgrepa.

## 2.5 Om radiospråk

Eit teoretisk grunnlag til ei oppgåve som omhandlar radiospråk er ikkje komplett utan at ein ser nærare på litt av det som særmerkjer radiospråket. På mange måtar er nemleg radiospråket for ein slags språkleg hybrid å rekna; det er munnleg språk, men ofte basert på skriftlege manus, sånn at språket vert å rekna som ei slags blanding mellom tale og skrift. Om dette er einaste skalaen ein kan bruka for å forklara variasjonen i språket, kan nok diskuteras (jf.

Vagle 1990), men ein kjem nok ikkje utanom at skalaen tale – skrift er av ei viss betyding. Dette gjeld kanskje særleg i ei oppgåve som har nyheitssendingar/nyheitskavalkadar som sitt materialgrunnlag. Nyheitssendingar og liknande programtypar er dei sendingane som er mest manusbundne, og såleis også dei mest skriftnære. Me møter dermed ein språkbruk som altså i stor grad vert ein talt versjon av eit skriftleg produkt, og slike sendingar har langt på veg vore den siste skansen for ein skriftnær, eller normalisert, språkbruk i radioen (jf. 2.4.2 og 2.4.5). Som radiojournalist lyt ein dermed veksla mellom å bruka meir normalisert, skriftnært språk og eit meir munnleg og gjerne friare talespråk alt etter programkonteksten. Sjølv om ein i dei nyare språkreglane opnar opp for moglegheita til å bruka meir dialektnær tale også i manusbundne sendingar som nyheiter o.l., er det ikkje dermed sagt at journalistane nyttar seg av denne opninga i regelverket. Dei har fortsatt eit skrive manus som sitt utgangspunkt, og det å tilpassa språkføringa si frå skriftnært til eit meir munnleg uttrykk på direkten, er kan hende verken lett eller ynskjeleg for journalistane.

Vel og merke kan journalistar ofte velje ulike løysingar i forhold til kva språk dei brukar. Allan Bell (1982) gjorde på slutten av 1970-talet ei undersøking av «nyhendestilen» til fem ulike radiokanalar i Australia, der han fann at nyheitsopplesarane tilpassa talemåten sin ut frå kven dei oppfatta som sitt publikum (Bell 1982: 150). Dette syner også eit anna aspekt som kan nemnast i høve radiospråk, nemleg språkleg tilpassing. Anten ein er journalist eller intervjuobjekt, er det slett ikkje utenkjeleg at ein vert prega av konteksten språket vert nytta i. Som intervjuobjekt har ein kanskje ein viss oppfatning av korleis ein skal snakka på radio og ein ser kan hende radiomedarbeidaren som eit normideal, og forsøker dermed å tilpassa seg språkforma til journalisten. Ein kan t.d. forsøka å luka vekk dei mest dialektprega språktrekk og ordformene, ut frå ei oppfatning av radiospråket som noko litt meir formelt, der ikkje alle språktrekk «passar seg». Også journalistane kan oppleve at dei tilpassar språket sitt ved enkelte høve. Det kan vera som i den ovannemnde studien til Bell (1982), at dei tilpassar språket sitt etter kven dei trur dei snakkar til når dei er på lufta. I tillegg kan naturleg nok også journalistane oppleve at dei vert påverka av den/dei dei intervjuar, og at dei konvergerer talen sin i retning av intervjuobjektet. Dermed får ein på sett og vis ein trevegs kommunikasjonsmodell der intervjuaren og intervjuobjektet forhold seg til kvarandre, samstundes som at dei begge forhold seg til lyttarane.

Men det å tilpassa talen sin kan også føra med seg sosiale sanksjonar. I artikkelen «Dialektbrugere i spændetrøje», skisserer den færøyske sosiolingvisten Jøgván í Lon Jacobsen at dette ofte er tilfelle for dialektbrukarar på Færøyanne. Dersom dialektbrukarar forsøker å konvergera mot sentral-færøysk, som vert rekna som standardvarietetten, vert dei

ofte utsett for sanksjonar frå sine respektive lokalsamfunn, om å syna respekt for den lokale dialekten og ikkje oppføra seg «snobbete» (Jacobsen 2011: 188-190). Jacobsen peikar også på at ikkje alle dialektane er like utsette for denne «spændetrøje» mellom presset til å konvergera og presset til å halda på den lokalforankra talemåten. Han held fram språkbrukarane frå Suđuroy som dei som oftast kjem i eit slikt språkleg dilemma, fordi dei ofte oppfattar sin eigen dialekt som svært stigmatisert, og ikkje høveleg å til å nytta m.a. i offentlege samanhengar. Overfører me dette til norske forhold, er det kan hende ikkje utenkjeleg at enkelte talemålsbrukarar oppfattar sitt eige talemål som mindre korrekt, og difor er meir truande til å konvergera i retning av eit normaltalemål ved tale i offentlege samanhengar, som t.d. på radioen.

## 2.6 Haldningar til språk

Avslutningsvis i dette teorikapittelet må også haldningsaspektet ved denne studien få nokre teoretiske bein å stå på. Studiar av språkhaldningar er også eitt av dei relativt nye forskingsområda innan sosiolingvistikken, og i dei seinare åra har det vorte stadig vanlegare å gjera haldningsundersøkingar knytt til språk. Hovudårsaka til at ein til tider har vore litt forsiktig med å utføra haldningsstudiar er nok knytt til det faktum at *haldning* er eit såpass samansett omgrep som det er. Måtane å definera omgrepet på er talrike, og ein finn definisjonar innan langt fleire fagfelt enn sosiolingvistikken. Tyngst forankra er det nok i sosialpsykologien, men omgrepet har også vorte nytta innan både sosialantropologi, historie og sosiologi (Johansen 2005: 62). Garrett (2010: 19) siterer Allport (1954) sin definisjon av haldning som «a learned disposition to think, feel and behave toward a person (or object) in a particular way». Allport har dermed lagt vekt på det faktum at haldningane våre er tillærte, og at dei ligg til grunn for korleis me evaluerer ein person eller eit objekt, som t.d. språket vårt. Andre definisjonar (jf. t.d. Oppenheim 1982: 39) peikar på det faktum at haldningar ikkje er direkte observerbare storleikar, og noko av grunnen til forsiktigheita med å utføra haldningsstudiar ligg nok nettopp her. Sidan haldningar meir eller mindre vert å rekna som eit mentalt konsept, kva metodar vil då fungera for å best få fram valide data frå informantane? Er det best å spørja dei direkte, eller er ei meir skjult utspørjing, t.d. gjennom masketestar, den beste tilnæringsmåten? Ofte ser ein at resultata ein får, vert forskjellige alt etter kva metode som vert nytta, så bevisstheit rundt metodevala er viktig. Eg går ikkje grundigare gjennom denne problemstillinga her, men det er liten tvil om at metodespørsmålet er ein evig pågåande diskusjon i tilknytning til studiet av (språk)haldningar. For ein grundigare gjennomgang av

denne metodeproblematikken, viser eg til artiklane til Seim (2005) og Johansen (2005), som begge kastar lys over denne problemstillinga.

Metodeutfordringar eller ikkje; haldningar har vorte studert likevel. Innan språkvitskapen har ein ofte knytt haldningsstudiane til dimensjonen standardspråk – dialekt, kva haldningar språkbrukarane har til ulike uttalevariantar og korleis desse uttalevariantane vert nytta som sosiale markørar. I internasjonal sosiolingvistikkk tek studiane ofte sikte på å kartleggja haldningane til standardvarietetar som Received Pronunciation (standard britisk) og General American (standard amerikansk), for så å samanlikne desse med haldningane til andre uttalevariantar. Dei fleste studiane syner gjennomgåande tendensar til at talarar som snakkar standardspråk vert evaluerte høgare på faktorar som utdanning, intelligens og sosial klasse, men lågare på faktorar som genuinitet, vennlegheit og det å vera til å stola på. For talarar med andre uttalevariantar er evalueringane som oftast omvendt. Tradisjonelt har standardvarietetane også scora høgare på faktorar som prestisje, men nyare studiar indikerer at tidlegare stigmatiserte uttalar er i ferd med å ta att standardvarietetane, og at desse på si side er i ferd med å søkkja i omdømme (jf. t.d. Coupland og Bishop 2007).

I skandinavisk sosiolingvistikkk har nokre av dei mest sentrale bidraga til studiet av språkhaldningar komme frå den danske språkforskaren Tore Kristiansen. Kristiansen (1997) undersøkte m.a. haldningar til ulike danske varietetar i Næstved utanfor København, gjennom å utføra ein masketest i ein kino. Ved filmstart vart publikum bedne om å delta i ei spørjeundersøking i etterkant av filmframsyninga, og denne oppfordringa vart lesen av ein person som varierte mellom å nytta eit standardnært språk og eit meir lokalprega språk frå framsyning til framsyning. Hypotesen bak studien var at deltaking i undersøkinga ville ha samband med publikum sine haldningar til den varietetten oppfordringa vart lesen på, og at ein med dette kunne undersøkjja dei ubevisste språkhaldningane, samt sjå korleis haldning verka inn på informantane sine handlingar. Det overordna mønsteret synte at standardvarietetten resulterte i høgare deltaking enn dei meir lokalprega varietetane, sjølv om nærare analysar av materialet synte meir nyanserte resultat (Kristiansen 1997: 303-304). Ved hjelp av dei såkalla LANCHART-studiane, har også Kristiansen m.fl. gjort vidare studiar av språkhaldningar blant ungdommar i Danmark, for å sjå om det kan finnast samband mellom haldningar og språkendingar (jf. Kristiansen 2009). På grunnlag av desse studiane hevdar dei at språkending i moderne dansk i stor grad er styrt av ubevisste haldningar (Kristiansen 2009: 189).

I norsk kontekst syner eg nok ein gong til forskingsprosjektet *Dialektendringsprosessar* ved Universitet i Bergen, som byggjer deler av sine studiar på rammeverket til LANCHART-



studiane. Ei av haldningsstudiane som er gjort innanfor dette forskingsprosjektet er Katrine Aasmundseth (2010) si oppgåve om bevisste og ubevisste språkhaldningar i Øygarden. Av vidare forskning gjort på haldningar i norsk sosiolingvistik syner eg m.a. til Tonje Skilbred (2005) si studie, som vart omtalt i 2.3.2, samt Elise Sundfør Erdal (2013) si oppgåve om språket brukt i dramatik.

### **2.6.1 Journalistar sine haldningar til talespråk i radio**

Studiane som er direkte relevante og overførbare til akkurat denne oppgåva, er ikkje mange. Haldningar til talespråket spesifikt i radioen er lite undersøkt, med eit unntak: Siri Sølberg Heli si masteroppgåve om haldningar til standardspråk og dialekt i NRK, frå 2011. Hennes undersøking hadde som mål å kartleggja kva haldningar til standardspråk (dvs. normalisert tale) og dialekt som rådde grunnen innad i NRK, særskilt med utgangspunkt i dei nye og meir liberale språkreglane som kom i 2007 (jf. 2.4.5). Ho ynskte også å undersøka kor vidt det var skilnad i haldningane mellom dei som jobba på NRK sitt hovudkontor på Marienlyst, og dei som var heimehøyrande rundt på dei ulike distriktskontora til NRK. Som eit supplement til desse undersøkingane, gjorde ho også kvalitative intervju med Ingerid Stenvold og Nora Thorp Bjørnstad, som er to av dei dialektbrukarane i NRK som det kanskje har vore mest diskusjon rundt dei seinare åra.

Hovudtyngda av materialet sitt henta Heli inn gjennom spørjeundersøkingar som vart distribuerte til tilsette som var «på lufta» i NRK på Marienlyst og på dei ulike distriktskontora (Heli 2011: 41). Det er verdt å merka seg at tre av distriktskontora *ikkje* tok del i spørjeundersøkinga, deriblant NRK Sogn og Fjordane. Mi eiga oppgåve vil dermed kunna hjelpa til med å fylla ut biletet, samstundes som det forhåpentlegvis vert mogeleg å dra visse samanlikningar mellom dei to studiane.

Den generelle tendensen i funna til Heli (2011) synte ei splitting i synet på bruken av standardspråk og dialekt. Informantane frå Marienlyst synte ei, for Heli, overraskande sterk polarisering i spørsmålet om kor vidt journalistane skal normera språket eller få stå fritt til å nytta eige talemål. Informantane ynskte anten full normering i alle sendingar, eller full liberalisering i alle sendingar (Heli 2011: 47). Lite overraskande var det nok derimot at dei mest dialektvennlege haldningane var å finna blant distriktskontora rundt om i landet. Likevel fann ho interne skilnader også i denne gruppa, med Nord-Norge som den mest liberale landsdelen, medan Sørlandet og Vestlandet peika seg ut som dei mest konservative (Heli 2011: 61). Alle informantane var derimot einige i at det språklege uttrykket på sett og

vis var sekundært, for det primære var omsynet til lyttaren og at språket ikkje måtte komma i vegen for budskapet uansett (Heli 2011: 67). Interessant nok avdekka Heli (2011: 78) også at «det først og fremst er nynorskbrukerne som er mest imot en oppmykning av språkreglene, og da gjerne basert på redselen for at deres språk forsvinner». I høve mi eiga oppgåve er dette eit interessant funn å ta med seg vidare.

### **2.6.2 Folkelege vurderingar av språk**

Eit særrområde innan språkhaldningsforskinga er det som er kjent som folkelingvistikk. Med folkelingvistikk meinast undersøkingar som tek sikte på å kartleggja «the views and perceptions of those who are not formally trained experts in the area being investigated» (Garrett 2010: 179). Med dette meinast det altså at i ei folkelingvistisk undersøking er det heilt vanlege personar, utan nokon form for språkutdanning, som får seia si meining om ulike språklege problemstillingar. Dette kan tilforlateleg likna på dei meir tradisjonelle haldningsundersøkingane, men med eit viktig hovudskilje: Der vanlege haldningsundersøkingar har forsøkt å få fram språkbrukarane sine haldningar utan å heilt og fullt avsløra føremålet med studien (t.d. ved å bruka masketestar), spør dei folkelingvistiske undersøkingane informantane rett ut, og søker dermed aktivt deira bevisste haldningar (Niedzelski og Preston 2000: 44). Vanlege haldningsundersøkingar, anten ein nyttar ein direkte metode eller ein masketest, vil også i stor grad nytta resultata som dei er, medan folkelingvistane i større grad tolkar svara. For denne framgangsmåten har forskingstradisjonen møtt mykje kritikk heilt frå byrjinga, og mange har argumentert med at eit slikt datamateriale er dårlegare, m.a. med grunnlag i at ikkje-lingvistar ofte manglar ordforrådet til å kunna uttrykka kva dei meiner om ulike språklege fenomen (jf. Niedzelski og Preston 2000: 3-10). Mange har likevel sett verdien i å få fram slike bevisste, folkelege vurderingar av språkkvardagen me lever i, og at dette kan bidra med nyttige perspektiv i forståinga av språket og språket sitt bruksområde.

Særleg mange folkelingvistiske undersøkingar er det så langt ikkje gjort i norsk sosiolingvistikk, og særskilt ikkje i høve folk sine haldningar til språk i radio (eller media generelt). Mi eiga oppgåve vil dermed bidra med eit lite innsyn i korleis folk flest tenkjer om språkbruk i radioen. Men trass i at det ikkje er gjort noka større studie akkurat knytt til dette, betyr ikkje dette at me ikkje har kjennskap til kva folk meiner om språk i radio. Som med språk generelt, er språkføring i radio også noko som skapar stort engasjement, noko ein frå tid til annan ser spor av i media (jf. t.d. Lillealtern 2010). I 2009 utførte også Språkrådet i

samarbeid med NRK ei haldningsundersøking blant publikum, for å undersøkje deira haldningar til språket i NRK. Den synte ei generelt høg dialektvennlegheit blant dei spurde, og tre av fire var positive til at dialekt kunne brukast, også i riksdekkjande sendingar (Kulbrandstad 2009: 2). Dei geografiske skilnadane var ikkje særleg utprega, men eit interessant funn frå undersøkinga var at kvinner var klart meir positive til dialekt enn det menn var (Kulbrandstad 2009: 2). Sjølv om mi eiga folkelingvistiske undersøking berre vert som eit utsnitt å rekna i forhold til denne undersøkinga som jo var landsdekkande, kan det vera interessant å sjå om tendensane i materialet liknar på dei som kom fram i denne undersøkinga.

## 3 METODE

### 3.0 Introduksjon til kapittelet

Dette kapittelet tek føre seg metodane som er nytta og dei vala som er gjort i samband med innsamlinga av materiale til denne studien. Kapittelet startar med ein teoretisk gjennomgang av kvalitative og kvantitative metodar, samt ein diskusjon rundt den eklektiske tilnærminga som vert nytta. Vidare vert kvar av dei tre undersøkingane gjennomgått, med fokus både på korleis undersøkingane har vorte gjennomførte og kva utfordringar som eventuelt har dukka opp undervegs.

### 3.1 Kvantitativ og kvalitativ metode

Når ein skal utføra ulike undersøkingar innan språkvitskapen, må ein ta stilling til kva metode ein ynskjer å nytta seg av. I følgje Grønmo (2004: 38), er det metodane våre som

[...] angir hvordan en skal framskaffe kunnskap og utvikle teorier i et bestemt fagområde, og hvordan en skal sikre at kunnskapen og teoriene oppfyller kravene til vitenskapelig kvalitet og relevans på det aktuelle fagområdet.

Me lyt altså vera bevisste på kva metodiske val me gjer til ei kvar tid, for på den måten å sikra at studien stettar krava som vert stilte til kvalitet og relevans på det området me jobbar innanfor. I sosiolingvistikken, som i mange andre forskingsdisiplinar, er det metodiske hovudskiljet knytt til valet mellom *kvantitativ* og *kvalitativ* metode. Grønmo (2004: 123) peikar på at skiljet mellom desse to metodane i all hovudsak knyter seg til ulike «egenskaper ved de *data* som samles inn og analyseres», der den kvantitative metoden endar opp med tal-data, medan den kvalitative metoden uttrykkjer sine data gjennom tekst. Ottar Hellevik (1977: 8) gjev derimot litt meir utførlege definisjonar av dei to metodane:

Med dette [=kvantitativ metode] menes framgangsmåter der forskeren først systematisk skaffer seg sammenliknbare opplysninger om flere undersøkelsesobjekter av et visst slag, så uttrykker disse opplysningene i form av tall, og til slutt foretar en analyse av mønsteret i dette tallmaterialet

[Kvalitative metoder er] metoder der forskeren gjør en mindre systematisk [...] bruk av data for å besvare et empirisk spørsmål. Han baserer seg på sin evne til å leve seg inn i og oppfatte et mønster i det mangfoldet av sanseinntrykk han mottar, i stedet for å trekke ut et begrenset antall aspekter ved helheten, og så måle og analysere dem ved hjelp av tall.

Som både Grønmo og Hellevik sine definisjonar peikar på, er det altså skilnad både på framgangsmåtane og materialet ein endar opp med alt etter kva for ein av desse to metodane

ein vel å nytta. Men trass i tilsynelatande klare definisjonar, er distinksjonen mellom desse metodane ofte omdiskutert, og det er gjerne delte meiningar om kva metode som fungerer best. Martyn Hammersley (1996: 159) hevdar at tilnærmingane til kvantitativ og kvalitativ forskning kan rangerast langs ein skala der ytterpunkta symboliserer høvesvis dei som ser kvalitativ og kvantitativ forskning som konkurrerande og utilnærmelege paradigme, og dei som ser desse metodane som komplementære.

Sosiolingvistikken har tradisjonelt sett høyrte heime nærast den enden av skalaen som reknar desse to metodane som konkurrentar heller enn komplementære. Vanlegast har det også vore at sosiolingvistikken har nytta seg av dei kvantitative metodane. Desse har tradisjonelt vorte sett på som den beste måten å uttrykkja «den relasjonen som finst mellom språklege variablar og sosiale faktorar» (Akselberg 1997: 23). Den kvantitative tilnærminga vert gjerne knytt til den labovske forskingstradisjonen og korrelasjonslingvistikken, der målet er å korrelere språklege og sosiale variablar for å måla «korleis frekvensen av språklege variantar endrar seg i høve til endring i dei sosiale faktorane» (Akselberg 1997: 25). Når det gjeld den kvalitative metoden, er denne mindre etablert innan sosiolingvistikken, og sjølv *bruksmåten* i høve sosiolingvistisk forskning er dermed mindre standardisert. Men den kvalitative metoden har komme meir i bruk dei siste ti-åra, og ein har innsett at også denne tilnærmingmåten kan bidra med nyttige innsikter i språkkvardagen:

Med den kvalitative metoden prøver ein å få innsikt i tilhøve som den kvantitative metoden ikkje kan fanga opp, t.d. det å forstå kvifor vi får bestemte språklege realiseringar og språklege variasjonar, og det å sjå språkbrukaren og språklege realiseringar i ein større samansett sosial og kulturell samanheng (Akselberg 1997: 26).

Gjennomfører ein ei kvalitativ undersøking kan ein kanskje seia at ein får eit nærare forhold til forskingsobjektet, gjennom at forskaren sjølv er meir direkte involvert i datainnsamlinga og har nærare kontakt med informantane, t.d. gjennom utføringa av ulike typar forskingsintervju. I ei kvantitativ undersøking arbeider ein meir med reine taldata, og forskaren får dermed ei litt meir nøytral og distansert rolle i forhold til dei fenomenane han eller ho har sett seg som mål å undersøkjia. Men, som Akselberg (1997: 28) også påpeiker, er det sjeldan ein kan plassera sosiolingvistisk forskning heilt og fullt i den eine eller den andre metodiske leiren. Dette gjeld nok også langt på veg for forskning som vert utført innan andre disiplinar enn humaniora. Sjølv om eit arbeid er hovudsakleg kvantitativt i natur, må også taldata tolkast, og i ei slik tolkingsfase får ein nesten automatisk eit innslag av den kvalitative metoden på eit eller anna vis. Dette vil med andre ord seia at ein sjeldan unngår å få innslag av begge metodane i sitt

sosiolingvistiske forskingsarbeid, sjølv om ein er klar på dei vala ein tek i høve den metodiske tilnæringsmåten.

### 3.2 Eklektisisme i metode og teori

Sjølv om det vanlegaste innan sosiolingvistiske forskingsarbeid altså er å velja anten hovudsakleg ei kvantitativ eller hovudsakleg ei kvalitativ tilnærming, kan ein også gjera eit *bevisst* val i å inkludera begge desse metodane. Vel ein ei slik tosidig tilnærming, får ein dermed det Hammersley (1996: 167) kallar *metodisk eklektisme* («methodological eclectism»), der ein altså kombinerer den kvantitative og den kvalitative metoden. I følgje Hammersley (1996: 167-168) kan ein slik metodisk eklektisisme arta seg på minst tre ulike måtar:

- (1) *Triangulation* [...] the findings obtained from quantitative and qualitative techniques are used to check each other on the basis that they are likely to involve different sorts of threat to validity.
- (2) *Facilitation* [...] one approach acts as a source of hypotheses, or as the basis for the development of research strategies, in the other.
- (3) *Complementarity* [...] the two approaches provide different sorts of information that complement one another.

I høve språkstudiar, kan ein t.d. finna den fyrste kombinasjonen i undersøkingar av rapportert og faktisk språkbruk, der ein kan kontrollera informantane sin rapporterte språkbruk opp mot ein analyse av deira faktiske realiseringar av gitte språktrekk. Den andre kombinasjonen kan t.d. nyttast på den måten at ein let mindre pilotundersøkingar, t.d. av få informantar, danna grunnlaget for kva språklege variablar som skal undersøkast i hovudstudien. Til sist får ein så den komplementære kombinasjonen, der ein altså nyttar begge metodane ganske så likeverdige, i den vissheita om at dei bidreg med ulike typar informasjon og dermed utfyller kvarandre.

Metoden som er nytta i mi eiga oppgåve fell inn under Hammersley sin tredje variant, altså den komplementære. Med totalt tre ulike undersøkingar, som alle tek sikte på å kasta lys over aspekt ved radiospråket (og då særskilt radiospråket i NRK Sogn og Fjordane), er det liten tvil om at både den kvantitative og den kvalitative metoden kjem i bruk.

Språkbruksundersøkinga er den som er mest kvantitativ, medan haldningsundersøkinga blant journalistane er den delen som er mest kvalitativ. Kvalitativ i forma er også spørjeundersøkinga, men den har også enkelte kvantitative element, som korrelering med dei sosiale variablane alder og kjønn. Ved å velja ei tredelt tilnærming som dette, der eg gjennom

dei ulike undersøkingane kombinerer både kvantitativ og kvalitativ metode, vil eg ha betre mogelegheit til å få fram interessante funn og perspektiv knytt til radiospråket, enn om eg utelukkande hadde valt å fokusera på ein av metodane og/eller ei av dei ulike undersøkingane.

Men det er ikkje berre i metodevalet at denne avhandlinga har valt ei litt eklektisk tilnærming. Kapittel 2 greier ut om det teoretiske grunnlaget som denne oppgåva er tufta på, og heller ikkje her er det eitt – og berre eitt – vitskapleg fundament som vert framheva. Bengt Molander (2000:10) karakteriserer ein eklektikar som «en person som sätter samman en uppfattning, stil eller lära från olika (övergripande) lärobyggnader och/eller skolor», og såleis må vel eg karakterisera meg sjølv som ein eklektikar i høve denne studien her. Sjølv om den overordna teorimerkelappen er ‘sosiolingvistik’, så hentar oppgåva teorigrunnlaget frå ulike delar av sosiolingvistikken, heller enn å reindyrka eitt teoretisk perspektiv. Dette vil det nok vera delte meiningar om. Innan språkvitskapen (eller vitskap generelt, for den saks skuld) har ein tradisjonelt vore oppteken av å vera lojale mot eitt teoretisk perspektiv. Det å blanda teoriar, og metodar, frå fleire ulike felt har vore mykje omdiskutert, og veldig ofte vorte sett på med negative auger. I høve situasjonen i språkmiljøet seier Brit Mæhlum (2000: 6) det slik:

Faktum er at enkelte lingvister vil oppfatte det som nærmest injurierende om noen kalte dem eklektikere, mens andre ville ta det som en hedersbetegnelse, eller i det minste anse det som fullstendig uproblematisk om de fikk en slik karakteristikk.

Språkmiljøet er altså delt når det gjeld problemstillinga eklektisisme vs. lojalitet, og dette er nok eit tema som det ikkje nødvendigvis vil komma nokon konsensus rundt i første omgang. Å gå særleg djupt inn i denne diskusjonen på eit meir prinsipielt plan, ligg utanfor omfanget av denne oppgåva, men det er altså ingen tvil om at denne studien bevisst har valt ei eklektisk tilnærming i både teori og metode. Noko av hovudgrunnen til dette ligg i studien sin natur, og det faktum at den tek føre seg eit fagområde som – iallfall i norsk sosiolingvistisk samanheng – er lite opptrakka land. Sidan det er gjort få andre studiar av liknande art, finst det ingen grundig utprøvd metode eller noko fast teorigrunnlag å støtta seg på. Det er lite handfast kunnskap om *kva* informasjon ein kan få gjennom studiar av radiospråket, og *korleis* ein best kan henta ut denne informasjonen. Ved å velja ei eklektisk tilnærming, der ein søker å kasta lys over radiospråket med hjelp av eit mangfaldig teori- og metodegrunnlag, kan ein dermed bidra til å prøva ut *kva* som fungerer bra og *kva* som fungerer mindre bra, og med dette bidra til å vidareutvikla forskningstradisjonen innan dette fagfeltet. Målet er altså at denne oppgåva skal bli eit døme på det Frans Gregersen (2000:36) kallar «god eklektisisme», dvs. den typen

eklektisisme som bidreg til å utvikla vitskapen i nye retningar. Sånn eg ser det, er dessutan teoretiske rammeverk og metodiske tilnærmingar *verktøy* som kan nyttast for å kasta lys over ulike språklege fenomen, og dermed bør det vera rom for å plukka det som høver best, utan at det nødvendigvis forringar kvaliteten på arbeidet.

### 3.3 Dei ulike undersøkingane

Her vert kvar av dei ulike undersøkingane presenterte og diskuterte. Sjølv om prosessen med å henta inn materiale stort sett har gått utan dei heilt store problema, har det dukka opp utfordringar undervegs, og desse vil også verta diskuterte her.

#### 3.3.1 Språkbruksundersøkinga

Denne delen av studien hadde som føremål å undersøka den faktiske språkbruken gjennom å analysa eit utval radiosendingar frå NRK Sogn og Fjordane. Ved å inkludera sendingar heilt frå NRK SF starta med eigne sendingar i 1979, og fram til i dag, kunne studien også få grunnlag for å avdekka eventuelle diakrone endringar i språkbiletet. Gjennom å undersøka faktiske radiosendingar, ville dette bety at eg altså kunne sjå på endring i det som i sosiolingvistikken vert kalla *verkeleg tid*. Med dette meinast det at eg har faktisk språkmateriale frå ulike tidspunkt, som eg kan samanlikna for å sjå etter endringar.

Som nemnt i 1.1, har ei auka digitalisering av (eldre) radiomateriale gjort det lettare tilgjengeleg som råmateriale til bruk i ulike typar studiar. Ved Nasjonalbiblioteket sitt kringkastingsarkiv i Mo i Rana finn ein alle NRK sine sendingar frå 1990 og fram til i dag, samt NRK sitt historiske radioarkiv, med materiale frå 1930 og framover (Skrede 2012). Dette er i utgangspunktet eit arkiv som ikkje er søkbart dersom du ikkje nyttar deg av ein av pc-ane som er lokalisert på Nasjonalbiblioteket, anten i Oslo eller i Mo i Rana. Unntaksvis kan ein også søkja om å få midlertidig tilgang til arkivet frå pc-ar utanfor Nasjonalbiblioteket sitt område. Då eg skulle til med mi materialinnsamling, var det dermed i utgangspunktet desse to alternativa eg hadde for å få tilgang til eldre radiosendingar. Det å reisa til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana/ Oslo framsto som ei litt tungvint løysing. Andre sine erfaringar med å søkja om tilgang frå eigen pc synte også at dette heller ikkje var ei optimal løysing. Ei ny løysing vart dermed å be NRK Sogn og Fjordane sjølve om hjelp. Ein førespurnad vart send pr. e-post til dåverande distriktsredaktør Rolf Sanne-Gundersen i september 2012, med spørsmål om dei kunne tenkja seg å bidra med tilgang til deira eige arkivmateriale. Denne førespurnaden fekk eg positivt svar på, og dette gjorde utan tvil sjølve



prosessen med materialinnsamling mykje enklare.

Hovudutfordringa synt seg derimot å verta det å finna samanliknbart materiale. I utgangspunktet hadde eg sett føre meg at eg skulle be om å få tilgang til ei sending frå eit gitt tidspunkt kvart 5. år. Eg ynskte i utgangspunktet å nytta førmiddags- eller ettermiddagssendingar, sidan eg då ville kunna få eit materiale med heilt «vanlege» sendingar, der ein kunne møta både nyhendebulletinar, intervju og andre innslag, sånn at ein på denne måten fekk eit breitt spekter av språkbruk. Då eg las meg opp på NRK SF si historie, oppdaga eg at dei i starten berre produserte sendingar på ettermiddagen, og at dei daglege morgonsendingane ikkje kom i gang før i 1988, då ordninga med fellessendingar med kontoret i Bergen vart avvikla (Starheim 2009: 722). Eg bestemde meg difor for å be om ettermiddagssendingane, for å også kunna inkludera perioden før 1988. Eg valde meg 04.juni, eller næraste sendedato, som utgangspunkt, og håpa dermed i utgangspunktet å få tak i ettermiddagssendingane 04.juni 1980, 1985, 1990, 1995, 2000, 2005 og 2010. Anslagsvis ville dette gi meg eit startmateriale på om lag 14 timar radio, sidan kvar sending vart estimert til ei snittlengd på to timar. Problemet var at NRK Sogn og Fjordane hadde eit mindre fyldig arkiv enn det eg forventet på førehand, og det synt seg at det ville vera umogeleg å få tak i alle desse sendingane. Eg måtte difor revurdere utvalskriteria mine, og basera utvalet på det materialet som *var* tilgjengeleg, og kva av det som var mest mogeleg samanliknbart.

Valet fall i utgangspunktet på nyheitskavalkadar. Dette var program som stort sett vart laga rundt årsskiftet, som ei oppsummering av dei mest sentrale nyhenda i året som hadde gått. Sidan desse kavalkadane stort sett var laga på same måten, og dermed var relativt samanliknbare, vart dette det beste alternativet ut frå det som var tilgjengeleg. Vel og merke var det heller ikkje alle nyheitskavalkadane som var tekne vare på, slik at eit materiale med sendingar frå alle dei åra eg hadde tenkt, fekk eg heller ikkje. Dei aktuelle nyheitskavalkadane var frå 1980, 1985, 1999 og 2005. Når det gjaldt 2010, kom det igjen ei ny utfordring. Her synt seg at NRK SF hadde slutta med å laga kavalkadar i det opphavlege formatet i 2007. Dei kavalkadane som var produsert etter 2007, var dermed litt annleis i forma, og ein møtte igjen utfordringa med samanliknbarheit. For å løysa dette, og dermed også få med materiale frå dei seinare åra, valde eg å 'laga' mine egne nyheitskavalkadar for åra 2010 og 2012. Sidan dei eldre nyheitskavalkadane i stor grad var laga som ei større nyheitssending, og inneheldt ein del klipp frå nyheitsbulletinar gjennom det aktuelle året, fann eg ut at dei sendetypane som låg tettast opptil denne forma, ville vera nyheitssendingane til NRK SF. Eg sette difor saman eit korpus for 2010 og 2012, som bestod av 12 tilfeldige nyheitssendingar pr. år, ein for kvar månad. For å vera mest mogeleg

konsistent i utveljninga, plukka eg ut nyheitssendinga som vart send kl. 09.00 den 04. i kvar månad (eller næraste sendedato, dersom den 04. fall på ein dag utan lokalsending den aktuelle månaden).

Kanskje vil nokon setja spørjeteikn ved samansetjinga av dette materialet. Kanskje kan nokon meina at eg ser etter språkendingar i eit materiale som ikkje er *heilt* samanliknbart, når eg brukar både *nyheitskavalkadar* og *nyheitssendingar*. Det er jo ingen tvil om at det materialet eg har nytta, ikkje heilt er i samsvar med det materialet eg på førehand hadde sett for meg at eg skulle bruka. Likevel meiner eg at eg, ut frå dei sendingane som var tilgjengeleg, har fått eit materiale som er samanliknbart og høveleg til føremålet.

Etter å ha plukka ut dei sendingane som var aktuelle, fekk eg henta desse ut frå arkivet til NRK SF. Vidare starta prosessen med gjennomlytting og transkribering av materialet. Materialet blei transkribert fonetisk, og for hand, noko som kan framstå som ein litt tungvint arbeidsmåte. Valet av arbeidsmåte skuldast dels personleg preferanse. Dessutan vurderte eg det slik at sidan eg ikkje hadde gjort det endelege variabelutvalet, ville eg lettare kunna fanga opp interessante språklege trekk, som kunne vera verdt å undersøka nærare, ved å velja å transkribera materialet fonetisk, heller enn ortografisk. Sjølv om fonetisk transkripsjon nok tok lengre tid enn det ville gjort å transkribert det ortografisk, var det likevel ein fordel å ha gjort det slik når eg kom i teljefasen. Etter at variablane var valt ut, gjekk det raskt å gå gjennom det transkriberte materialet og telja dei ulike variantane av dei aktuelle variablane. Når det gjeld transkripsjonen vart denne utført på grunnlag av rein auditiv analyse, og denne analyseteknikken kan jo sjølvsgatt ha sine ulemper. Den største ulempa er nok utan tvil knytt til det sterke subjektive elementet, som i neste omgang kan verka inn på validiteten til materialet (Milroy og Gordon 2003: 151). Sidan transkripsjonen eine og åleine er basert på min eigen høyrsel, og ikkje er supplert med nokon form for instrumentell analyse, er det sjølvsgatt alltid ein liten risiko for feil i analysen. Med grunnlag i ein relativt god kjennskap til dialektane i fylket (som var dei eg venta å møta mest av), samt tidlegare erfaring med fonetisk transkripsjon av dialekt, såg eg likevel denne feilmarginen som liten. Dukka det opp tilfelle der eg var usikker, og der fleire gjennomlyttingar ikkje hjelpte, ekskluderte eg heller desse tilfella i den endelege analysen.

Etter at transkripsjonen var gjort, vart dei endelege variablane valt ut (jf. kap.4). Sjølv om tanken i byrjinga av prosjektet var å analysera talen til både journalistar og intervjuobjekt, vart det no bestemt at fokuset skulle leggjast på journalistane sitt språk. Dette skuldast dels arbeidsavgrensing, og dels at journalistane sitt talespråk vart vurdert som det mest interessante å studera. Intervjuobjekta sitt talespråk var i det heile svært variert, og bar slett

ikkje preg av nokon særskilde forsøk på normering verken i det eldre eller i det yngre materialet, og desse vart såleis heldne utanfor den kvantitative språkanalysen. Noko anna som også vart helde utanfor, var journalistane sitt opphavlege talemål. Analysen vart gjort som ei binær kategorisering mellom dialektform og nynorsk fullform ut frå eit lyttarperspektiv (jf. kap.4). Med dette meinast det at journalistane sin språkbruk vart analysert akkurat slik den kom ut til lyttarane, og vart analysert som dialektform eller nynorsk fullform uavhengig av journalisten sitt talemålsgrunnlag. Dette valet vart gjort av fleire årsaker. For det første ville det vore vanskeleg å henta inn informasjon om talemålsgrunnlaget til alle journalistane som opptre i materialet. Dessutan ville det komplisert analysen ganske mykje om opphavleg talemålsgrunnlag skulle takast inn som eigen variabel. Ein kan sjølvsagt argumentera for at ei binær kategorisering til ei viss grad kan vera misvisande, sidan ei rekkje talemål i Sogn og Fjordane ligg naturleg tett opptil nynorsknormalen. Ved å analysera desse trekka som nynorskformer heller enn dialektformer, kan ein argumentera for at dette vil gi ein unaturleg høg nynorskprosent, og at ein med grunnlag i dette burde ta omsyn til opphavleg talemålsgrunnlag, for på denne måten å kunna luka ut slike «feilkjelder». Til ei viss grad kan sikkert dette vera eit valid argument, men når ein analyserer ut frå eit lyttarperspektiv, er jo det sentrale å syna kva språk som faktisk kjem ut til lyttarane. Dersom språket er prega av nynorske fullformer, er det jo dette som er viktig å få fram, fordi det er dette lyttarane høyrer, og dei høyrer dette uavhengig av om det er noko som ligg naturleg til talemålet hjå den aktuelle journalisten eller om det er former vedkommande normaliserer språket sitt til. Med grunnlag i dette har eg difor valt å sjå vekk frå talemålsgrunnlaget til journalistane, når eg har gjennomført analysen (jf. kap. 4 for presentasjon av variablane).

### **3.3.2 Haldningsundersøking blant journalistar**

Denne delen av undersøkinga tok sikte på å kartleggja litt av haldningane knytt til bruken av talespråk i radioen. Journalistane er trass alt dei som til dagleg nyttar språket som sitt arbeidsverktøy, og gjennom samtalar med eit utval av noverande og tidlegare tilsette ved NRK Sogn og Fjordane sin redaksjon, håpa eg å avdekka kva dei ser på som godt og dårleg språk i radioen og kor bevisste dei er på eige talemål når dei er på lufta. I forlenginga av dette, håpa eg også å kunna dra visse samanlikningar til funna i Siri Sølberg Heli (2011) si undersøking, som vart omtalt i 2.6.1. For å få heilt samanliknbare data, måtte eg ha gjennomført ei spørjeundersøking blant *alle* journalistane i redaksjonen, slik Heli gjorde, men

for å avgrensa omfanget av undersøkinga noko, valde eg heller å gjennomføra kvalitative undersøkingar med få informantar, heller enn ei kvantitativ undersøking med mange. Eg vurderte det dessutan slik at kvalitative intervju kunne bidra med meir interessant informasjon om den språklege kvardagen i radioen, enn det eg kunne få ut av eit spørjeskjema. For å likevel sikra ei viss mogelegheit til å samanlikna med undersøkinga til Heli (2011), valde eg å nytta ein del av dei same spørsmåla som utgangspunkt for mine samtalar med informantane.

Før eg kunne be om samtale med dei ulike informantane, måtte det hentast inn løyve. Først klarerte eg det med dåverande distriktsredaktør Rolf Sanne-Gundersen, som gav meg grønt lys til å snakka med kven eg ville. Vidare måtte eg formelt sett melda prosjektet mitt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste A/S. Prosjektet vart vurdert meldepliktig, og vart klarert for oppstart i brev datert 10.05.13.

Prosjektgodkjenninga ligg ved i vedlegg 1. Personvernombudet kravde at det skulle utferdast eit informasjonsskriv til informantane, samt ein intervjuguide som skisserte gangen i intervju med journalistane. Dette ligg ved i vedlegg 2 og 3. I tillegg vart det også stilt krav om at informantane skulle få tilbod om å anonymiserast. Som del av informasjonsskrivet vart det difor lagt ved ei samtykkeerklæring, som måtte fyllast ut av informantane før intervjustart. I denne samtykkeerklæringa samtykka dei for det første til å i det heile take delta i undersøkinga, samt at dei vart bedne om å ta stilling til om dei ynskte å anonymiserast.

Totalt vart seks personar kontakta per e-post, med førespurnad om dei kunne tenkja seg å stilla opp på ein liten samtale med meg. Talet på informantar vart avgjort i samråd med rettleiar, og valet baserte seg hovudsakleg på ei vurdering av arbeidsomfang. Dei seks informantane som vart spurde, var Erlend Blaalid Oldeide, Eldgrim Fossheim, Gro Ravnestad og Noralv Pedersen, som er aktive journalistar i NRK SF sin redaksjon, samt dåverande distriktsredaktør Rolf Sanne-Gundersen og tidlegare distriktsredaktør og noverande leiar ved Nynorsk Mediesenter, Magni Øvrebotten. Å inkludera dei to distriktsredaktørane var eit naturleg val, sidan desse to har vore både aktive journalistar, samt har hatt sjefsrolla ved NRK SF, og difor kan hende har eit litt anna perspektiv på og litt andre erfaringar med NRK-språket enn dei som «berre» er journalistar. Dei fire journalistane vart plukka ut på grunnlag av at dei er nokre av dei mest profilerte stemmene i NRK Sogn og Fjordane, samt at fleire av dei vart trekte fram i spørjeundersøkinga som var distribuert blant lyttarane. Desse vart difor vurderte som representative for NRK Sogn og Fjordane. Informantane fordelte seg ulikt i alder, med representantar for alle aldersgruppene frå 20 til 60. Geografisk representerer informantane alle dei tre hovudregionane av fylket Sogn og Fjordane; Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Alle dei spurde var positive til førespurnaden, og stilte villig opp til samtale. Ingen av informantane stilte krav om anonymisering. Intervjua vart gjennomførte i tidsrommet 10.-13. juni 2013. Fem av intervjua vart gjennomførte i NRK/Nynorsk Medisenter sine lokale i Førde, medan eitt intervju vart gjennomført på NRK SF sitt lokalkontor på Fosshaugane Campus i Sogndal. Lengda på intervjua varierte litt, der det kortaste var på omkring 20 minuttar, medan det lengste varte litt i overkant av ein time. Alle intervjua vart tekne opp på bandopptakar, og har seinare vorte transkriberte ortografisk. Totalt utgjer desse intervjua 73 transkriberte sider. Informantane har fått høve til å godkjenna sitatbruken. Som grunnlag for analyse, har intervjua vorte behandla i heilskap, dvs. at eg har forsøkt å dra ut essensen i samtalanene, for og sjå om eg kan finna haldningar og meiningar som går att hjå fleire, og som dermed kan vera interessante å sjå nærare på. Sjølv om sosiale variablar som geografisk bakgrunn og alder ikkje er med i språkbruksundersøkinga, kan dette vera relevant i høve den kvalitative undersøkinga, og er kommentert i analysen der det er aktuelt.

### **3.3.3 Spørjeundersøking blant lyttarar**

Ei spørjeundersøking blant eit utval lyttarar vart også gjennomført, for å kasta lys over deira haldningar til talespråk i radio. Særleg interessant ville det vera å sjå om det var samsvar mellom journalistane og lyttarane sitt syn på språk i radio.

Det vart utferda eit kort og relativt enkelt spørjeskjema til distribuering blant lyttarar. Sidan dette var ei folkelingvistisk undersøking, der føremålet var å få tak i dei bevisste haldningane til informantane, vart spørjeskjemaet utferda med direkte spørsmål om haldningane til språk i radio. Ei slik direkte tilnærming kan sjølvsagt ha sine ulemper (jf. 2.6.2), men vart likevel vurdert som føremålstenleg for denne undersøkinga. Spørjeskjemaet som vart nytta, ligg ved i vedlegg 4.

For på enklast mogeleg måte å nå ut til potensielle informantar, tok eg i bruk ein variant av det Milroy og Gordon (2003: 32) omtalar som ein « 'snowball' technique », også kjent som venn av ein venn-metoden. Sidan eg i mitt næraste nettverk hadde personar som jobba på arbeidsplassar med mange tilsette, og der både ulike kjønn og aldersgrupper var representerte, fann eg det enklast å distribuera spørjeskjemaet til kontaktpersonar på kvar arbeidsplass og be dei distribuera det vidare til sine kollegaer. Ein slik innsamlingsteknikk har sjølvsagt både fordeler og ulemper. Dette er utvilsamt ein enkel måte å nå ut til mange på, noko som jo er ein klar fordel. Samstundes kan det hjelpa på deltakinga at dei som vert spurde om å delta, kjenner vedkommande som distribuerer spørjeskjemaet på mine vegner.

At spørsmålet om å delta kjem frå nokon dei kjenner, kan føra til at dei vert meir positivt innstilte til førespurnaden og difor ynskjer å bidra, noko som dermed kan resultera i fleire svar enn eg ville fått om førespurnaden kom frå meg personleg. Likevel kan det sjølvstg også vera ei ulempe at spørjeskjemaet vert distribuert til informantar gjennom andre enn meg. Sidan eg ikkje veit kven som har fått utdelt spørjeskjemaet på dei aktuelle arbeidsplassane, har eg heller inga moglegheit til å leggja «press» på informantane dersom responstida vert for lang. Den måten mine kontaktpersonar presenterer spørjeskjemaet på, har eg jo heller ingen kontroll over i så måte, og eg må berre stola på at dei gjer den naudsynte innsatsen for å få flest mogeleg respondentar. Eg vurderte likevel «venn av ein venn-teknikken» som den lettaste måten å skaffa informantar på, og eg såg fordelane an til å vera større enn ulempene.

I høve slike undersøkingar som dette, pleier ein som regel også å setja opp matriser på førehand, i forhold til alders- og kjønnsamansetjinga på informantane. Dette gjer ein for å sikra at ein har eit representativt grunnlag å utføra analysen på, dersom ein skal gjera kvantitative analysar. Nok ein gong valde eg ein litt annleis framgangsmåte. For å gjera arbeidet enklast mogeleg for kontaktpersonane mine, bad eg dei berre om å distribuera spørjeskjemaet til alle som kunne tenkja seg å svara. Eg visste at dette automatisk ville gi meg ei spreing i alder og kjønn, og planen var at eg heller kunne etterfylla matrisene med fleire informantar seinare, dersom det t.d. var nokon aldersgrupper som var svært underrepresenterte i materialet, eller kjønnsfordelinga innad i aldersgruppene var svært ulik. Då alle dei ferdig utfylte spørjeskjemaa var samla inn og sorterte, synt det seg at dette likevel ikkje var naudsynt. Trass i at det altså ikkje var nokon styring på kven som fekk spørjeskjemaet, synt det seg at fordelinga likevel blei veldig jamn. I høve alder vart spørjeskjemaa fordelt etter ti-år, og der var aldersgruppene 20-29, 30-39, 40-49, 50-59 og 60-69 representerte. Kjønnsfordelinga var ganske jamn i alle aldersgruppene, medan talet på informantar varierte litt mellom aldersgruppene. Det vart likevel vurdert slik at etterfylling av informantar i nokon av gruppene ikkje var naudsynt, og at dette var tilstrekkeleg med materiale å tufta analysen på. Spørjeskjemaa vart deretter analyserte, og informantane vart grupperte ut frå svara som vart gjevne. Vidare vart svaratype korrelert med alder og kjønn på informantane, for å sjå om desse variablane kunne ha innverknad på svara (jf. kap. 7 for eksakte resultat frå spørjeundersøkinga).

## 4 VARIABLAR / DATA

### 4.0 Introduksjon til kapittelet

Dette kapittelet tek sikte på å presentera dei språklege og dei sosiale variablane som er aktuelle for denne studien. Som eit bakteppe til særskilt dei språklege variablane, startar kapittelet med ein gjennomgang av den språklege stoda i Sogn og Fjordane, før dei ulike variablane vert presenterte.

### 4.1 Det språklege landskapet i Sogn og Fjordane

Språkleg sett høyrer Sogn og Fjordane – ikkje overraskande – til vestlandsdialektane. Men trass i at ein kan finna enkelte fellestrekk som er gjengs for alle dialektane på Vestlandet, er det ei ganske ueinsarta samling dialektar me her har med å gjera (jf. Sandøy 1990: 64-65). Slik er også situasjonen i Sogn og Fjordane. Sandøy (1990: 63) poengterer at dialektane slik me møter dei i dag, er «produkt av tidlegare hopehav, kontakt og isolasjon», og at geografien i stor grad har vore med på å forma dialektgrensene. Han påpeikar t.d. at sjølv om mange på Vestlandet i dag ser fjordane våre som hinder for samferdsle og kontakt, var fjordane tidlegare det viktigaste bindeleddet, og språkleg sett bind dei oss fortsatt saman (Sandøy 1990: 63). Med andre ord er det som regel skarpare dialektgrenser på tvers av fjell enn på tvers av fjord. Dette ser ein også spor av i Sogn og Fjordane, der dialektane langs Sognefjorden stort sett (med nokre unntak) er likare enn resten av dialektane i fylket.

Dialektane på Vestlandet vert vanlegvis delte inn i hovudgruppene *nordvestlandsk* og *sørvestlandsk*, som sidan vert delte inn att i undergrupper. Nordvestlandsk dekkjer dialektgruppene romsdalsk, sunnmørsk og fjordamål, medan sørvestlandsk er ein fellesterm som inneheld resten av dei vestlandske dialektane, inkludert midtre og indre Sogn. Hovudskiljet mellom desse to hovudgruppene er kor vidt «endinga i infinitivar og i svake hokjønnsord (eintal, ubestemt form) endar på *-a* (i sør) eller *-e* (i nord)» (Sandøy 1990: 68). I høve Sogn og Fjordane, er det dialektgruppene *fjordamål* og *sognemål* som er dei sentrale, og som vert presenterte nærare her. Presentasjonane byggjer i stor grad på Sandøy (1990: 72-73 og 75-76).

Dei dialektane som vert rekna med blant fjordamåla, er dialektane me finn i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn. Dei topografiske tilhøva er relativt einsarta, noko som kan forklara kvifor heile dette området har vorte ein dialektal region. Dialektane i området er særmerkte av at dei er *e*-mål, samt at dei ikkje har delt hokjønnsbøying; bestemd form av alle hokjønnsord endar på *-a*. Ein karakteristikkk som kan nemnast, er at delar av Nordfjord har

ein særprega uttale av vokalen i ord som *hol* og *lok*, der vokalen vert uttalt ein stad mellom *ø* og *å*. Kommunane ytst i Sognefjorden har og visse likskapar med dialektane lenger inn langs Sognefjorden, og ein kan m.a. finna spor av diftongering av gammalnordisk *á*, eller gammal lang *í*, *ý* og *ú* (Sandøy 1990: 73). Trass i dette har dei altså meir grunnleggjande trekk til felles med dialektane i Nordfjord og Sunnfjord, og vert difor rekna med blant fjordamåla.

Dialektane innover langs Sognefjorden vert samla under nemninga *sognemål*, men også her finst det interne variasjonar. Sandøy (1990: 76) skil t.d. mellom Midtre Sogn og Indre Sogn, på grunnlag av at sistnemnde manglar diftongisk uttale av gammal *í*, *ý*, *ó* og *ú*, samt at dei heller ikkje har diftongisk uttale av *e* og *ø* framom *ng* og *nk*.<sup>5</sup> Diftongering av gammal *á* er også noko som ofte vert forbunde med sognemåla, sjølv om dette trekket heller ikkje er allmenngyldig innanfor området. Andre særlege kjennemerke ved desse talemåla er t.d. differensiering, altså at ein får *-dn* i endestaving i fleirtal av substantiv, som i *kådn* (korn) samt at gammal lang *l* vert segmentert til *-dl*, som i *badl* (ball).

Sogn og Fjordane er altså eit ganske ueinsarta dialektalt landskap. Sjølv om skilnadane nok har jamna seg ut også her dei seinare åra, til liks med svært mange andre stader i Norge, finst det fortsatt klåre dialektgrenser – iallfall geografisk sett. Men det er ikkje berre talemåla som er med på å setja sitt preg på det språklege landskapet i Sogn og Fjordane. Det herskar nok liten tvil om at Sogn og Fjordane også er svært viktig for nynorsken. I sitt språkportrett av fylket, kallar Ottar Grepstad (2012: 4) Sogn og Fjordane for «det nynorske grunnfjellet», og den nynorske skriftkulturen er sterkt rotfesta i fylket. At Ivar Aasen i si tid henta fundamentet til nynorsken frå mange av dialektane i dette området, kan nok også ha bidrege til nynorsken si sterke stilling. Ragnhild Haugen (2005) tek føre seg det lokale talemålet si rolle i målreisinga i Sogn, og argumenterer for at det iallfall der ser ut til at talemålet har spela ei sentral rolle i målreisinga, utan at det er direkte målbart akkurat *kor* viktig talemålet har vore (Haugen 2005: 230). Likskapane mellom sognedialektane og nynorsken har nok alltid vore eit sentralt argument for at nynorsken skal brukast i dette området. Tek ein høgde for at det nok er større likskapar mellom ein del fjordamål og det nynorske skriftspråket, t.d. i formverket, skulle ein tru at talemålet også har spela ei viktig rolle for målreisinga i resten av fylket, sjølv om Grepstad (2012: 7) talar om ein tendens til at «nynorsken står svakare ute ved kysten enn innover i fjordane». I ein språkstudie som tek føre seg ein del av språkkvardagen i Sogn og Fjordane, lyt ein dermed vera merksam på det nære forholdet som

---

<sup>5</sup>Kor vidt sistnemnde dialekttrekk faktisk kan nyttast som skilje mellom dialektane i Midtre og Indre Sogn i dag, kunne kanskje vore grunnlag for å undersøkjast nærare, for etter eigen språkerfaring, stemmer ikkje dette lengre. Uttalar som [sɑŋg] av *seng* og [bɑŋk] av *benk* finst iallfall i Luster, som etter Sandøy si klassifisering, høyrer til Indre Sogn.



eksisterer mellom talemål og skriftmål i fylket.

## 4.2 Aktuelle språklege variablar

Å velja ut språklege variablar til ei språkbruksundersøking byr på særskilde utfordringar. Med tanke på at språkbruksundersøkinga i praksis utgjer ein tredel av det totale datagrunnlaget i denne studien, kan ein ikkje inkludera for mange variablar. Difor må ein sikra seg at dei variablane ein vel ut, kan reknast som sentrale markørar på anten dialekt eller nynorsk talemål. For å sikra dette, må ein finna gode måtar å kategorisera dei ulike språklege trekk på. Dette er heller ikkje alltid problemfritt. I forhold til kategoriseringsmåte, har eg, som allereie omtala i 3.3.1, bestemt meg for å operera med ei binær kategorisering. Eg lyt såleis skilja mellom normaliserte nynorskformer og dialektformer. Utfordringa ligg dermed i kva ein skal kategorisera som nynorske former og kva ein skal kategorisera som dialektformer. Litt av denne utfordringa botnar nok i at det ikkje finst heilt klare retningslinjer for korleis den nynorske talemålsnorma høyrer ut. Det næraste ein kjem, er nok Lomheim (1994) si rettleiing til nynorskbrukande journalistar i NRK, som vart referert til i 2.4.4. Denne rettleiinga skisserer at uttalen bør liggja tett opptil skriftbiletet i formverk og ordval, samt at ein bør unngå altfor særprega dialekttrekk. Når eg no har kategorisert dei utvalde språklege variablane, har eg difor basert nynorskformene på skriftbiletet. I så måte lagar også dialektkategorien seg sjølv. Sidan kategoriseringa er binær, vil det seia at alle språktrekk som skil seg frå nynorskformene, dermed vil verta rekna som dialektformer. Dette medfører at også ev. bokmålstalarar vil hamna i dialektkategorien. Til ein viss grad kan dette gjera dialektkategorien til ein samlesekk av ulike variantar, men sidan det sentrale med denne undersøkinga er å undersøka om det er nynorsk- eller dialektformer som vert nytta, ser eg det ikkje som noko problem at det ikkje vil verta differensiert mellom dei potensielle variantane som kan opptre i «dialektsekken».

Med grunnlag i materialet har eg valt ut variablane *substantivendingar*, *svake verb i presens*, samt *diftongering* og *differensiering/segmentering*. Desse variablane vert kort gjort greie for under.

### 4.2.1 Variabel 1: Substantivendingar

Ein av dei morfologiske variablane som er interessant å ta tak i ei slik språkundersøking, er substantivendingane. Svært få dialektar føl skriftbiletet i uttalen av substantivendingar, samstundes som denne skilnaden mellom dialekt og skrift kan oppfattast som relativt

umarkert. Dersom såpass umarkerte trekk vert normerte, er det etter mitt syn interessant, fordi ein skulle tru at det var langt meir markerte trekk som først ville verta utsette for normering.

Dei fleste dialektane i Sogn og Fjordane vil ha delvis avvikande uttale i forhold til det som er det nynorske skriftbiletet, og dermed også den nynorske uttaleforma. Unntaket er formene i ubestemd form eintal, der det vil vera samsvar mellom dialektformene og nynorskformene. Ubestemd form eintal er dermed halden utanfor som trekk i denne variabelen. Det same gjeld for ubestemd form fleirtal av inkjekjønnsstavn, der det heller ikkje er mogeleg å finna former som ikkje er identiske med nynorsknorma. Tabellen nedanfor syner eit oppsett for kategoriseringa av denne variabelen, og gjev eit døme både på nynorskvarianten og ein dialektvariant i kvart tilfelle. For ordens skuld er døma gjevne både ortografisk og fonetisk.

	<b>Bestemd form eintal</b>	<b>Ubestemd form fleirtal</b>	<b>Bestemd form fleirtal</b>
<b>Hankjønn</b>	Nynorskform: <i>guten</i> [gʊ:tən]  Dialektform: <i>gutn</i> [gʊ:tŋ]	Nynorskform: <i>gutar</i> [gʊ:tar]  Dialektform: <i>guta</i> [gʊ:ta]	Nynorskform: <i>gutane</i> [gʊ:tanə]  Dialektform: <i>gutadn</i> [gʊ:tadŋ]
<b>Hokjønn</b>	Nynorskform: <i>sola / jenta</i> [su:lɑ] / [jɛntɑ]  Dialektform: <i>solli / jentao</i> [su:lɪ] / [jɛntau]	Nynorskform: <i>jenter</i> [jɛntər]  Dialektform: <i>jente</i> [jɛntə]	Nynorskform: <i>jentene</i> [jɛntənə]  Dialektform: <i>jentedn</i> [jɛntədŋ]
<b>Inkjekjønn</b>	Nynorskform: <i>huset</i> [hʊ:sət]  Dialektform: <i>huse</i> [hʊ:sə]		Nynorskform: <i>husa</i> [hʊ:sa]  Dialektform: <i>husi</i> [hʊ:sɪ]

**Tabell 4.1.** Døme på variabel 1: Substantivendingar

Nokon vil kanskje setja spørjeteikn ved at eg har inkludert bestemd form eintal av inkjekjønn,

og vil argumentera for at det heller ikkje her er mogeleg å ha variasjon i uttalen, sidan *t*-en på slutten av ord som *huset* sjeldan vert uttalt. Med grunnlag i dette kan ein kanskje hevda at også denne ruta burde vore gråa ut, som naboruta er. Eg meiner likevel det er riktig å inkludera bestemd form eintal av inkjekjønn som eige trekk i variabelen. Denne vurderinga er basert på at sjølv om ein fullstendig skriftnær uttale, der også *t*-en vert uttalt, nok er meir uvanleg enn ein uttale utan *t*, så finst det iallfall ein potensiell uttaleskilnad her. Historisk er det dessutan ein tradisjon for *t*-uttale, både innanfor talt bokmål og talt nynorsk. I tillegg finst det eksempel på uttale med *t* i materialet – rett nok ikkje mange, men dei finst, t.d. uttalen [parti:ət], noko som også talar for at bestemd form eintal av inkjekjønn skal inkluderast.

#### 4.2.2 Variabel 2: Svake verb i presens

I nær samanheng med føregåande variabel, har eg også valt å inkludera svake verb i presens som ein variabel. Sogn og Fjordane ligg i utgangspunktet innanfor eit målområde som får bortfall av endings-*r* både i substantiv i ubestemd form fleirtal og i svake verb i presens (jf. Skjeggeland 1997: 272). Når så substantiv i ubestemd form fleirtal vart undersøkt, var det også naturleg å inkludera dei svake verba. Som ovanfor, vart også denne variabelen gitt ei binær inndeling, mellom nynorsk fullform og dialektform. Tabell 4.2 illustrerer dette, også her med både ortografisk og fonetisk attgjeving av døma.

<b>Nynorsk fullform</b>	<i>kastar</i> [kastɑɾ], <i>fører</i> [fø:rɔɾ], <i>leitar</i> [lɛitɑɾ], <i>har</i> [ha:r]
<b>Dialektform</b>	<i>kasta</i> [kasta], <i>føre</i> [fø:rɔ], <i>leita</i> [lɛita], <i>ha</i> [ha:]

**Tabell 4.2** Døme på variabel 2: Svake verb i presens

Igjen vil det kanskje verta sett spørjeteikn ved kvifor eg har inkludert eit kortverb som *har* på denne lista. Vanlegvis vil slike svake kortverb som i infinitiv endar på rotvokalen, alltid opptre med *-r* i endinga i presens, jf. t.d. *bu* – *bur*, *snu* – *snur* og *gå* – *går*. Dette gjeld i skrift, så vel som i tale, og verb der det ikkje er mogeleg å ha variasjon, er vel heller ikkje naudsynte å ha med i materialet. Men trass i at *har* tilsynelatande er ein del av denne kortverbsgruppa, sidan dette verbet også endar på rotvokalen i moderne norsk, så er det ikkje heilt slik. *Ha* kan nemleg ha veksling i talemålet, og opptre vel så ofte utan *-r* i endinga, iallfall i ein del dialektar i Sogn og Fjordane. Grunnen til dette finn me dersom me konsulterer Ivar Aasen sin grammatikk over det norske folkespråket. Også her er *ha* sett opp i ei eiga gruppe, saman med

verb som *vekkja* og *tykkja*, fordi «Nogle faa Verber danne en Mellemart ... da nemlig Præsens har svag form på *e* (*er*) ...» (Aasen 1996 [1848]: 144). Bøyingsmønsteret til *ha* syner også at infinitivsforma opphavleg var *hava* i fullforma, noko som medfører at verbet ikkje enda på rotvokalen (Aasen 1996 [1848]: 145). Aasen skil dermed dette verbet ut frå dei andre kortverba, og med grunnlag i dette har også eg valt å gjera det. *Ha* er dermed inkludert i analysen, medan andre kortverb, av typen som er nemnt ovanfor, er ekskluderte.

#### 4.2.3 Variabel 3: Diftongering

Både diftongering, og differensiering/segmentering som er omtalt i 4.2.4, er truleg nokre av dei mest karakteristiske dialekttrekka me finn i Sogn og Fjordane. Særleg er dei med på å særprege mange av dialektane som høyrer inn under sognemåla (jf. 4.1) Dialektvariantane av desse variablane er ikkje forventa å vera særleg frekvente i materialet, men det er likevel interessant å undersøka om dei finst der i det heile, eller om dette er trekk som typisk ikkje er å finna i radiotalemålet.

Når det gjeld diftongering, er det her førekomsten av diftongering av gammal lang *a* som vert undersøkt. Det vil seia at former med diftonguttale vert rekna som dialektformer, medan former utan diftonguttale vert rekna som nynorskformer. Døme på dette er sett opp i tabell 4.3.

<b>Nynorsk form</b>	<i>båt</i> [bo:t], <i>blå</i> [blo:], <i>må</i> [mo:]
<b>Dialektform</b>	<i>baot</i> [baut], <i>blao</i> [blau], <i>mao</i> [mau]

Tabell 4.3 Døme på variabel 3: Diftongering

Som nemnt i 4.1, kan ein også finna diftongisk uttale av gammal *í*, *ý*, *ó* og *ú* i ein del målføre, men denne uttalevarianten vert ikkje undersøkt.

#### 4.2.4 Variabel 4: Differensiasjon / segmentasjon

Differensiasjon og segmentasjon er i utgangspunktet to separate fenomen, men resultatet av begge fenomen vert i all hovudsak det same, nemleg at me får tydelege konsonantsamband i talen. Når ein differensierer, vert to konsonantar som i utgangspunktet er ulike, gjort endå meir ulike, som t.d. at *rl* vert til *dl*. Ved ei segmentering er det eitt fonologisk segment som vert delt i to, og dermed omgjort til eit konsonantsamband, som t.d. at *ll* vert *dl* (jf. elles Sandøy 1996: 173-175 for grundigare forklaringar). Tabell 4.4 gjev nokre døme på denne

variabelen. Den nedsenka bokstaven etter ordet syner til ordklassen.

<b>Nynorsk form</b>	<i>korn<sub>s</sub></i> [ku:rn], <i>kverna<sub>v</sub></i> [kvɛrna], <i>kalla<sub>v</sub></i> [kala], <i>fjell<sub>s</sub></i> [fjɛl]
<b>Dialektform</b>	<i>kådn<sub>s</sub></i> [kɔdn̩], <i>kvedna<sub>v</sub></i> [kvɛdna], <i>kadla<sub>v</sub></i> [kadla], <i>fjedl<sub>s</sub></i> [fjɛdl]

**Tabell 4.4** Døme på variabel 4: Differensiasjon/segmentasjon

Grunnen til at eg her har valt å samla desse fenomena i ein og same variabel, skuldast for det første at fenomena truleg er lite frekvente i materialet. Sidan dei er såpass like som dei er, vil ikkje materialet «ta skade» av om førekomstane av begge desse fenomena vert talde samla. For det andre, vil ikkje den gjengse lyttar (eller den gjengse språkbrukar, for den del) skilja mellom desse to prosessane. For den gjengse radiolyttar vil førekomsten av desse to fenomena (eller resultatet av dei, om ein skal vera heilt presis) framstå akkurat like dialektprega, uavhengig av om det er ein differensiasjon eller ein segmentasjon som har gått føre seg. Sidan eg skriv ut frå eit lyttarperspektiv, ser eg difor ingen grunn til at eg ikkje kan handsama desse to fenomena under eitt.

### 4.3 Aktuelle sosiale variablar

Variablane *kjønn* og *alder* er to av dei mest nytta sosiale variablane innan sosiolingvistikken i dag. Med grunnlag i at språkbruk, og potensielt også språkhaldningar, varierer mellom menn og kvinner og mellom ulike aldersgrupper, fann eg det interessant å sjå om mitt materiale også avspegla kjønns- og aldersskilnader. Gjennom spørjeundersøkinga kunne eg henta inn informasjon både om informantane sitt kjønn og alderen deira, og eg kunne difor korrelera funna med begge variablane. I språkbruksundersøkinga har eg berre korrelert med variabelen *kjønn*, sidan eg ikkje hadde høve til å finna ut alderen på journalistane som snakka i materialet. Dei kvalitative intervju med journalistane er ikkje korrelert med sosiale variablar i det heile, men tendensar i svara som kan relatere seg til anten alder eller kjønn er likevel kommenterte der dette er relevant.

I høve *kjønn* har ei rekke studiar synt at kvinner ofte vel prestisjeformer, eller meir standardiserte former, i talemålet sitt, medan menn ofte har ein tendens til å nytta meir dialektformer (Trudgill 2000: 70). Forklaringane på dette har vore fleire, men den vanlegaste har vore at kvinnene tradisjonelt har nytta språket for å markera sin sosiale status, medan mennene har kunna markert denne gjennom yrket sitt (Sandøy 1996: 107). Kor vidt dette

enno gjeld i dag, herskar det noko usemje om, og studiane spriker ofte litt på dette punktet. Nokre studiar, særleg frå amerikansk og britisk sosiolingvistikk, syner funn som indikerer at dette kjønns-/prestisjemønsteret fortsatt er aktuelt (jf. t.d. Fridland 2003, Irwin & Nagy 2007, Watt 2002), medan ein i nyare norske studiar ikkje ser eintydige mønster i høve samanhengen mellom kjønn og språk (jf. t.d. Nordnes 2011, Doublet 2012, Lianes 2013). Dei norske studiane syner likevel *tendensar* til at det tradisjonelle kjønnsmonsteret i språkbruken fortsatt eksisterer. Dersom dette stemmer, kan ein forventa at mennene i mitt materiale brukar mest dialekt, medan kvinnene held lengst på nynorsken, som representant for det standardiserte.

Kva så med haldningar? Kan kjønn i det heile nyttast som sosial variabel i forhold til haldningar? Her er det også delte meiningar (jf. Baker 1992 og Kristiansen & Monka 2007). Nyare norske haldningsstudiar, som Aasmundseth (2010) og Skilbred (2005), konkluderer begge med at kjønn ikkje har sterk betydning for haldning til ulike språkvarietetar. Publikumsundersøkinga frå 2009 (jf. Kulbrandstad 2009) indikerte derimot at det fanst skilnader i haldning mellom menn og kvinner, der kvinner var meir positive til dialekt enn menn. Med grunnlag i dette, tykkjer eg det likevel er interessant å inkludera kjønn som ein sosial variabel også i spørjegranskinga, trass i at denne tek føre seg *språkhaldningar* og ikkje *språkbruk*.

Når det gjeld alder, ser ein også at dette verkar inn på språket. Som språkforskarar veit me at språket vårt endrar seg gjennom livet, etter kvart som me går gjennom dei ulike livsfasane. Chambers (2009) snakkar om ulike formative periodar me alle går gjennom, og som på ulikt vis formar språket vårt. Når me så vert vaksne, når me eit slags stabilt stadium, og tek ikkje nødvendigvis etter nyare språkendingar som måtte skje hjå yngre generasjonar:

Even when linguistic changes take root in the speech of younger people in the same community, the older people usually remain impervious to it, or nearly so. This may be the linguistic reflex of the conservatism that often accompanies aging [...] In maturity, then, people's speech preserves markers, some subtle and some blatant, that indicate where they have been (Chambers 2009: 197).

Som språkbrukar vert ein altså litt meir konservativ med alderen, og ein held på språket *sitt*, slik det har stabilisert seg, i staden for å ta etter nye trendar og nye endringar som skjer. I forhold til haldningar, både til språk og anna, vert ein også oppfatta som meir konservativ og mindre tolerant dess eldre ein vert (Chambers 2009: 162). I materialet mitt kan ein dermed venta å finna at dei eldre informantane er dei som er mest positive til nynorsken, sidan dette er det tradisjonelle radiospråket, medan dei yngre er meir positive til ein auka bruk av dialekt.


## 5 SPRÅKBRUKSUNDERSØKINGA

### 5.0 Introduksjon til kapittelet

Dette kapittelet presenterer og drøftar funna frå språkbruksundersøkinga. Som allereie omtalt i kapittel 3 og kapittel 4, byggjer denne språkbruksundersøkinga på analyse av faktisk språkleg materiale frå NRK Sogn og Fjordane. Gjennom å få tilgang til arkivmateriale, fekk eg mogelegheita til å undersøka radiospråket, og det overordna målet var å sjå på den språklege utviklinga i verkeleg tid, i lys av dimensjonen dialekt – normert tale. Variablane som vart inkluderte i undersøkinga var V1 (substantivendingar), V2 (svake verb i presens), V3 (diftongering), og V4 (differensiering/segmentering). Funna for kvar av desse variablane vil verta presenterte under, medan drøftingane for høvesvis V1 og V2, og V3 og V4 er slegne saman.


Som eit bakteppe for dette, kan det vera interessant å starta med å sjå litt på den generelle profilen til NRK Sogn og Fjordane, slik den står fram gjennom det språklege materialet som ligg til grunn for analysen min. Sidan ein av dei sosiale variablane som vert nytta i denne undersøkinga er *kjønn*, kan det vera greitt å starta med å sjå litt på kjønnsprofilen til NRK Sogn og Fjordane. Figur 5.1 nedanfor syner ei oversikt over kjønnsfordelinga blant journalistane i materialet.

Eg gjer merksam på at statistikken i figurane under, samt i gjennomgangen av variablane, byggjer på *tal stemmer* pr. program. Dette vart vurdert som den mest føremålstenlege måten å telja på, men det kan medføra at same journalist potensielt har vorte tald fleire gonger i ulike deler av materialet.



**Figur 5.1.** Kjønnsfordeling blant journalistane i NRK Sogn og Fjordane 1980-2012.

Figuren syner ein hovudsakleg mannleg profil, iallfall i det eldste arkivmaterialet, medan ein i det nyare materialet har ein meir utjamna kjønnsprofil. Dette er truleg ikkje særprega for NRK Sogn og Fjordane, men avspeglar nok heller ein gjennomgåande samfunnsmessig trend, der menn stort sett var dominerande i det offentlege rommet i tidlegare tiår. Hadde eg hatt materiale frå endå tidlegare enn 1980-talet, ville truleg denne trenden komme endå tydlegare fram. I si undersøking av radiotalemål i Nordland i perioden 1936-1996, fann Agnete Nesse (2008: 113) også ein gjennomgåande mannsdominert profil for heile perioden som vart undersøkt. Mine funn frå NRK Sogn og Fjordane skil seg altså ikkje ut i så måte. Mønsteret med eit mannsdominert offentleg rom trer endå sterkare fram om me også inkluderer eit oversyn over kjønnsfordelinga mellom intervjuobjekta. Figur 5.2 syner dette.



**Figur 5.2.** Kjønnsfordeling blant intervjuobjekta i NRK Sogn og Fjordane 1980-2012.

Blant intervjuobjekta syner det seg altså ein endå sterkare mannleg profil, og samanlikna med journalistane, der kjønnsfordelinga jamnar seg litt ut gjennom perioden, ser kjønnsfordelinga blant intervjuobjekta ut til å halda seg nokolunde konstant. Med andre ord er det fortsatt slik at sjølv om det vert stadig fleire kvinnelege journalistar, så intervjuar dei fortsatt i all hovudsak menn. Nesse (2008: 113) forklarar det på denne måten:


Men det er trolig et poeng i at viss en ønsker å få tak i det talemålet som dominerte i det offentlige rommet, så er det menns tale som det var mest av, og som hadde høyest prestisje, fordi menn i store deler av perioden ble ansett som mer kompetente og mer seriøse enn kvinner.

Menn og kvinner har med andre ord hatt ulike rollar i det offentlege rommet, noko som altså



kan forklara den tilsynelatande sterke mannlege profilen – iallfall blant intervjuobjekta. I denne studien vert ikkje intervjuobjekta sin språkføring via noko meir merksemd, m.a. for å avgrensa omfanget av språkundersøkinga noko, men eg tykte likevel kjønnsfordelinga kunne vera interessant å inkludera fordi det illustrerer at det ikkje har vore ei jamstilling mellom kvinner og menn i det offentlege rommet. Rett nok må det sjølvstøtt presiserast at materialet som ligg til grunn for statistikken i denne studien, berre kan seiast å representera ein flik av røynda. Kanskje er dette ikkje representativt verken for kven som var journalistar eller kven som vart intervjuet i NRK Sogn og Fjordane i denne perioden. Men ut frå at også andre liknande undersøkingar har gjort dei same funna, så finn eg det sannsynleg at materialet mitt gjev eit ganske godt bilete av kjønnsprofilen i NRK Sogn og Fjordane.

Med grunnlag i at det er journalistane sitt talemål som vert undersøkt i denne delen av studien, er det også på sin plass å kasta eit raskt blick på den generelle språklege profilen til NRK Sogn og Fjordane. Som nemnt i 1.3.2, er NRK Sogn og Fjordane det einaste distriktskontoret som i dag tydeleggjer sin eigen «målparagraf» på heimesidene sine, der dei framhevar at dei skal vera attkjennelege for lyttaren, m.a. gjennom språket sitt. Såleis forventar ein at hovudvekta av journalistane skal ha talemålsgrunnlaget sitt frå NRK Sogn og Fjordane, og oversikta i figur 5.3 syner nettopp dette.



**Figur 5.3.** Talemålsgrunnlag blant journalistane i NRK Sogn og Fjordane 1980-2012.

Jamt over syner altså materialet at NRK Sogn og Fjordane held ein svært lokalretta språkleg profil. Andelen journalistar med talemålsgrunnlag frå Sogn og Fjordane er prosentvis jamt høgere enn andelen journalistar som har talemålsgrunnlag utanfrå fylket. Sidan

talemålsgrunnlaga vart avgjort på bakgrunn av ein auditiv analyse, kan ein jo alltid setja spørjeteikn ved kor vidt eg har klassifisert korrekt, men i dette tilfellet ser eg feilmarginen som svært liten. For det første skuldast dette at eigen kjennskap til dialektane i fylket kan reknast som god. For det andre skuldast det at det jamt over var uproblematisk å skilja ut dei dialektane som klart *ikkje* var frå fylket, m.a. fordi dette ofte dreia seg om austlandstalemål, eller dei hadde andre særprega trekk som ikkje var foreinlege med dialektar frå fylket. Det er også på sin plass å presisera at eg i dette oversynet her sjølv sagt ikkje har teke omsyn til dimensjonen dialekt – normert tale, men utelukkande har fokusert på ei geografisk plassering av talemålet, for på denne måten å gi eit generelt bilete av NRK Sogn og Fjordane sin språklege profil. Dimensjonen dialekt – normert tale vert fyrst aktuell i den vidare presentasjonen, då eg skal gå inn på kvar av dei ulike variablane.


### 5.1 Variabel 1: Substantivendingar

Som allereie forklart i 4.2.1, vart denne variabelen valt ut fordi det ville vera interessant å undersøka om det ville finnast spor av normering i eit såpass umarkert språktrekk. For dei fleste dialektane i Sogn og Fjordane vil ein her finna eit skilje mellom dialektuttalen og nynorskforma i ei rekkje former. Variabelen fekk ei binær klassifisering, der variantane vart klassifisert anten som nynorskvariant eller dialektvariant. For lesaren si skuld, inkluderer eg her tabell 4.1 på nytt, for å repetera døma på variantane innan denne variabelen.

	Bestemd form eintal	Ubestemd form fleirtal	Bestemd form fleirtal
<b>Hankjønn</b>	Nynorskform: <i>guten</i> [gʊ:tən]  Dialektform: <i>gutn</i> [gʊ:tŋ]	Nynorskform: <i>gutar</i> [gʊ:taɾ]  Dialektform: <i>guta</i> [gʊ:ta]	Nynorskform: <i>gutane</i> [gʊ:tanə]  Dialektform: <i>gutadn</i> [gʊ:tadŋ]
<b>Hokjønn</b>	Nynorskform: <i>sola / jenta</i> [su:la] / [jɛnta]  Dialektform: <i>soli / jentao</i> [su:lɪ] / [jɛntau]	Nynorskform: <i>jenter</i> [jɛntɛɾ]  Dialektform: <i>jente</i> [jɛntə]	Nynorskform: <i>jentene</i> [jɛntənə]  Dialektform: <i>jentedn</i> [jɛntədŋ]

<b>Inkjekjønn</b>	Nynorskform: <i>huset</i> [hū:sət]		Nynorskform: <i>husa</i> [hū:sɑ]
	Dialektform: <i>huse</i> [hū:sə]		Dialektform: <i>husi</i> [hū:sɪ]

Totalt vart det talt opp 1657 førekomstar av denne variabelen i materialet. Figur 5.4 nedanfor syner resultatata for denne variabelen.




**Figur 5.4.** Variabel 1: Substantivendingar


Det første ein kan lesa ut frå denne figuren, er at det er eit noko variert bilete når det gjeld bruken av ulike substantivendingar. For alle dei undersøkte åra, er både dei nynorske fullformene og dialektvariantane godt representerte i materialet, og begge variantane har ein førekomst på minst 30 % for alle dei undersøkte åra. Ein kan difor ikkje seia at den eine utkonkurrerer den andre heilt i den undersøkte perioden. Men sjølv om det altså ser ut til å vera ei viss grad av variasjon, trer det likevel fram eit visst mønster. For åra 1980, 1985 og 1999 er det dialektvariantane som dominerer, altså at journalistane oftare seier [gū:tɪ] enn [gu:tən], til dømes. Mellom 1999 og 2005 ser det derimot ut som om me får eit skifte, for funna frå 2005, 2010 og 2012 indikerer at det er dei nynorske fullformene som har auka, medan dialektformene har gått noko tilbake. Nyttar me dømet ovanfor, vil det seia at journalistane i 2005, 2010 og 2012 oftare seier [hū:sɑ] og [gū:taɾ], enn [hū:sɪ] og [gū:ta]. Me

ser altså ut til å ha fått ei endring i talemønsteret i retning av meir nynorsk, samanlikna med dei tidlegaste åra.

Figur 5.4 syner den generelle fordelinga av nynorskformer og dialektformer i journalistane sin tale, utan omsyn til nokon sosiale variablar. Sidan ei rekke sosiolingvistiske studiar har synt at det ofte er ein skilnad mellom menn og kvinner si språkføring, valde eg difor å også undersøka distribusjonen av nynorskformer og dialektformer i talen til høvesvis dei kvinnelege og dei mannlege journalistane. Figur 5.5 og 5.6 nedanfor syner fordelinga av dei ulike formene blant dei kvinnelege og dei mannlege stemmene.



**Figur 5.5.** Distribusjonen av substantivendingar hjå mannlege journalistar




**Figur 5.6.** Distribusjonen av substantivendingar hjå kvinnelege journalistar

Som me ser, gjev også desse figurane eit nokså brokete mønster – kanskje endåtil eit meir variert bilete enn det me såg i figur 5.4. Dei mannlege journalistane ser ut til å fylgja det generelle mønsteret, dvs. at dialektvariantane dominerer fram til 1999, medan det skjer ei dreining mot meir nynorsk frå 2005 og framover. Kvinnene følgjer delvis dette mønsteret, sidan dei har høg dialektprosent både i 1985 og i 1999. Rett nok skal me merka oss at det for 1980 ikkje finst belegg frå kvinnelege journalistar i materialet, medan det i 1999 er svært få belegg som utgjer materialgrunnlaget. Å dra heilt bastante konklusjonar om dei tidlegaste åra skal ein difor vera litt varsam med når det gjeld dei kvinnelege journalistane.

Når det gjeld den nyare delen av materialet (åra 2005 – 2012), ser det ut som om at nynorskformene står sterkast hjå dei mannlege journalistane, medan dei kvinnelege journalistane har ei meir jamn fordeling utan nokon klar dominans frå nokon av variantane. Også her skal ein sjølvstundt vera varsam med å dra altfor bastante konklusjonar, men det kan altså sjå ut som at mennene er dei som snakkar mest normert, noko som bryt med det tradisjonelle sosiolingvistiske synet på kjønnskilnadane (jf. Trudgill 2000: 70).

## **5.2 Variabel 2: Svake verb i presens**


Variabel 2 er knytt saman med variabel 1, då Sogn og Fjordane ligg innanfor eit målområde med bortfall av endings-*r* i både ubestemd form fleirtal av substantiv og i svake verb i presens (Skjekkeland 1997: 272, jf. også 4.2.2). Totalt fanst det 336 førekomstar av svake verb i presens i materialet, noko som utgjer eit forholdsvis mykje mindre materiale enn for substantivendingane. Grunnen til at det er såpass mange færre førekomstar av svake verb i presens, skuldast nok sendingane i seg sjølve. Dei analyserte sendingane er nyheitssendingar og –kavalkadar, noko som betyr at dei ofte tek føre seg ting som *har* skjedd, og difor heller nyttar andre verbkonstruksjonar enn presens. Figur 5.7 nedanfor syner funna for denne variabelen.




**Figur 5.7.** Variabel 2: Svake verb i presens

Også her er biletet nokså variert. Ein møter både nynorskvarianten og dialektvarianten i materialet, men om ein samanliknar med funna for variabel 1, ser det ut som om nynorskvarianten står sterkare blant dei linne verba enn blant substantivendingane. Unntaka er 1999, som er svært dialektdominert, og 2005, der fordelinga er jamnare, men likevel med dialektvarianten som den mest brukte. For dei fire andre åra er det nynorskvarianten som står sterkast, og åra 2010 og 2012 er dei med sterkast nynorskdominans.

Korleis ser så biletet ut dersom me ser nærare på fordelinga av nynorskformer og dialektformer ut frå talaren sitt kjønn? Figur 5.8 og 5.9 under syner resultata for høvesvis mannelege og kvinnelege journalistar.



**Figur 5.8.** Fordelinga av uttalemåte for svake verb i presens blant mannelege journalistar



**Figur 5.9.** Fordelinga av uttalemåte for svake verb i presens blant kvinnelege journalistar

Som med variabel 1, ser dei mannlege journalistane også her ut til å følgja det generelle mønsteret ganske tett. Nynorskvarianten dominerer i åra 1980, 1985, 2010 og 2012, medan dialektformene er i fleirtal i 1999 og 2005. Funna for dei kvinnelege journalistane syner eit liknande resultat som for mennene for åra 1985, 1999, 2010 og 2012, medan 2005 skil seg ut med ein mykje høgare nynorskprosent enn hjå mennene. Nok ein gong er det verdt å merka seg at ein manglar belegg for kvinnene i 1980, samt at belegga frå 1999 er ganske få, så ein må ta dette i betraktning i tolkingsprosessen. Ser ein nærare på desse funna, ser me liknande tendensar som i funna for variabel 1. Sjølv om både dei mannlege og dei kvinnelege journalistane jamt over ser ut til å nytta ein del nynorskknære former, så har mennene den sterkaste nynorskprosenten – med unntak av 2005. Spesielt gjeld dette for åra 2010 og 2012. Om me nok ein gong isolerer dei tre nyaste åra som er undersøkte i materialet, så ser me at dei mannlege og dei kvinnelege journalistane har omtrent akkurat den motsette utviklinga. For mennene går nynorskprosenten opp og dialektprosenten ned frå 2005 til 2012, medan for kvinnene går nynorskprosenten ned og dialektprosenten opp i same periode. Om me går ut frå dei tradisjonelle sosiolingvistiske oppfatningane av kjønnskilnader i språket, betyr dette at me nok ein gong ser eit brot med det forventta mønsteret, sidan kvinnene tilsynelatande snakkar meir dialektprega enn mennene.

### 5.3 Diskusjon av funna for V1 og V2

Funna frå V1 (Substantivendingar) og V2 (Svake verb i presens) går delvis i mot det eg på

førehand trudde eg skulle finna. Med grunnlag i at språkreglane gradvis har opna opp for meir bruk av dialekt i radioen, forventa eg å sjå dette avspegla i materialet: Mest nynorske former i dei tidlegaste åra og mest dialektformer i dei nyare delane av materialet. At funna frå desse to variablane peikar i retning av at talespråket er vorte meir normert, er interessant, men ikkje nødvendigvis så enkelt å komma med ei god forklaring på. Sjølv sagt kan deler av forklaringa liggja i at språkbruksundersøkinga byggjer på analyser av nyheitsspråket. I den grad ein skal setja opp ein skala over dei mest og minst formelle programtypane ein møter i radioen, vil nok nyheitene hamna på den formelle enden av skalaen, noko som sjølv sagt kan verka inn på språkbruken. Det vil seia at dersom eg hadde utført undersøkinga på andre programtypar, kan det godt henda eg ville fått andre resultat. Mindre formelle programtypar opnar nok i større grad opp for dialektbruk – iallfall om ein skal følgja dei nyaste språkreglane. Ei komparativ analyse mellom nyheitssendingar og andre programtypar kunne potensielt også avdekka slike sjangerskilnader. Sidan denne undersøkinga tek føre seg nyheitsspråket, er det denne delen av radiorøynda eg kan seia noko om, og det er dermed ikkje mogeleg å seia om talespråket i radioen generelt har vorte meir normert.

Men trass i at eg har undersøkt ein programtype som ein kan forventa skal vera litt meir normert i stilen enn andre programtypar, så kan ikkje dette direkte forklara kvifor det ser ut til å vera ei diakron utvikling i retning av *meir* normert tale og *mindre* dialekt i nyare nyheitsspråk. Kvifor ser det ut til å vera større ynskje om, eller større behov for, å normera nyheitsspråket i 2012 enn i 1980? Kanskje er det restane av den store dialektbølgja frå 1970-talet som gjer til at dialektprosenten held seg høg på 1980-talet, skjønt det ville innebera at dåtida sine journalistar i stor grad braut med dei gjeldande språkreglane. Rett nok kan ein kanskje sjå på den høge dialektprosenten som eit slags opprør mot ei språkføring som til då hadde vore svært prega av det normerte, og at journalistane bevisst gjekk mot språkreglane for å få meir rom for dialekt. Men dette kan ikkje forklara kvifor språkføringa no ser ut til å ha snudd andre vegen, i ei tid der språkreglane *har* opna for meir dialekt. Dette gjev nesten inntrykk av at journalistane tykkjer det er for mykje rom for dialektar i dag, og at dei difor ynskjer å bremsa, eller endåtil snu, utviklinga. Kan hende kan det også tolkast som eit forsøk på å særmerkja nyheitsspråket meir enn før? I ei tid der det er stor opning for bruk av dialekt, endåtil i nyheitssendingar, kan ein kanskje tolka ein sterkare førekomst av nynorsk som eit forsøk på å hindra at dialekt nær tale vert for dominerande i radiobiletet.

Sjølv om funna frå V1 og V2 i stor grad er på linje med kvarandre, er funna frå V2 kan hende ekstra interessante. Som nemnt i 4.2.2, har ingen av dialektane i Sogn og Fjordane samanfallande former mellom nynorsknormalen og talemålsformene i presens av linne verb.



Når materialet likevel syner førekomstar av uttale med halden  $-r$ , kan dette difor tolkast på ulike måtar. For det første er det sjølvsagt ei lita mogelegheit for at forklaringa ligg i at journalistane i materialet har talemålsgrunnlag utanfor Sogn og Fjordane, og dermed har halden  $-r$  i sitt naturlege talemål. Men om me jamfører med figur 5.3, ser me at andelen journalistar med talemålsgrunnlag frå Sogn og Fjordane er generelt høg. Dette er særskilt relevant for åra 2010 og 2012, der nynorskprosenten for V2 er høgst. Sidan fleirtalet av journalistane har talemålsgrunnlag frå dette målområdet, er det lite truleg at talemålsgrunnlaget kan forklara den høge nynorskprosenten. Med grunnlag i dette sit me difor att med to mogelegje forklaringar: anten skuldast den høge nynorskprosenten at journalistane normerer språket sitt, eller så tydar det på at me ser konturane av ei språkending. Truleg er det nok førstnemnde forklaring som er den mest aktuelle, altså at journalistane bevisst normerer språket sitt i ei meir nynorsk nær retning. Kvifor trongen til å gjera dette syner seg sterkare i 2010 og 2012, enn tidlegare, er ikkje så lett å forklara, men det kan altså ha samanheng med eit ynskje om å bremsa frisleppet av dialektar.

Også resultatata for variant korrelert med kjønn syner eit litt overraskande mønster, sidan materialet indikerer ein lågare nynorskprosent hjå kvinnene enn hjå mennene. Om me særskilt legg vekt på dei nyare delane av materialet (åra 2005-2012), ser me at for mennene går nynorskprosenten opp og dialektprosenten ned, medan for kvinnene er det omvendt utvikling. Korleis kan ein så forklara dette? Om me går ut frå tradisjonelle sosiolingvistiske oppfatningar av samanhengen mellom kjønn og språk, skulle ein tru at mennene var dei som snakka mest dialektprega, medan kvinnene heldt seg tettare opptil det normerte (jf. Trudgill 2000: 70). Rett nok syner ei rekkje nyare norske studiar svake korrelasjonar mellom kjønn og språkbruk (jf. 4.3), noko som kan vera ein indikasjon på at det tradisjonelle mønsteret kanskje ikkje er like aktuelt lenger – iallfall ikkje i norsk samanheng. Men sidan materialet i denne studien trass alt syner tendensar til eit kjønnskilje i språkbruken, korleis kan så dette mønsteret tolkast?

At materialet indikerer ein lågare nynorskprosent hjå kvinnene enn hjå mennene, kan kanskje forklarast med den haldningsendinga som har gått føre seg i høve det å tala dialekt. Dialekt er ikkje lenger noko som er heimehøyrande i den private sfæra. Språkforskarar (iallfall i Norge) har lenge hatt som sitt utgangspunkt at alle snakkar dialekt, og det kan verka som om at den generelle aksepten for dialekt har vorte høgare og høgare i samfunnet. Der det normerte språket tidlegare var det som gav mest status og prestisje, t.d. i det offentlege rommet, ser ein i dag at det normerte språket vert trengt litt attende, og at ein opnar for å bruka dialekt innan dei fleste område – også i offentlegheita. Fleire sosiolingvistiske studiar

har synt at kvinner ofte er dei som leier an i språkendringsprosessar (jf. Mees 1987, Hartley 1992), og om ein ser materialet i lys av dette, kan ein tolka kvinnene som føregangsfigurar for det å nytta dialekt i media. I så måte er det interessant å merka seg at dei første som fekk dispensasjon frå regelen om å nytta normert språk i NRK sine nyheitssendingar som følgje av språkreglane 2007, begge er kvinner, nemleg Ingerid Stenvold og Nora Thorp Bjørnstad (jf. Heli 2011: 69ff.) Dette kan ha hatt ein effekt også på dei kvinnelege journalistane i NRK SF, og ein auke i dialektprosenten i dei nyare delane av materialet kan kanskje vera ein slags dominoeffekt som følgje av eksempla sett av Stenvold og Bjørnstad.

Men kva så med dei mannlege journalistane? Kva kan forklara at dei tilsynelatande ser ut til å gå i ei meir nynorsknær retning enn tidlegare, medan dialektprosenten fell? Å finna gode forklaringar på dette, er ikkje lett, mest av alt fordi det ikkje heilt ser ut til å passa inn i tidlegare funn og teoriar i høve samanhengar mellom språkbruk og kjønn. Som nemnt, er det oftast mennene som snakkar mest tradisjonelt – omgrepet *tradisjonelt* vert då nytta i tydinga dialekt (jf. Trudgill 2000: 70). I radiospråket ser derimot dialektane ut til å tapa terreng i mennene sin tale, medan dei styrkar posisjonen sin hjå kvinnene, iallfall ut frå mitt materiale. Ei mogleg tolking på dette kan rett og slett vera at mennene sin talemåte kjem som ein reaksjon på kvinnene sitt språk. Når kvinnene ser ut til å bevega seg i ei dialekt nær retning, går mennene motsett veg, som ein slags motpol. Nynorskformene har jo jamt over vore mykje nytta hjå dei mannlege journalistane, men styrkar posisjonen sin ytterlegare i dei åra der nynorsken ser ut til å få meir press på seg. Kan hende er dette ein indikasjon på at mennene heile vegen har vore representantar for det tradisjonelle radiospråket – men at omgrepet *tradisjonelt* rett og slett tyder noko anna når ein arbeider med radiospråk, samanlikna med kva ein vanlegvis legg i omgrepet. Kanskje lyt ein gjera dette omgrepet om til eit operasjonelt omgrep (jf. Sandøy 1996: 23) som kan tilpassast brukssituasjonen, i dette tilfelle radiokonteksten. I radiospråket har jo språkforma tradisjonelt vore det normerte språket, og såleis kan ein snakka om nynorsken som dei tradisjonelle språkformene. I tolkinga av funna er det viktig å hugsa at materialet representerer eit utsnitt av den *offentlege* språkkvardagen vår, og eit slikt språkleg materiale kan ikkje tolkast under dei same premissane me nyttar for å tolka anna språkmateriale, til dømes dialektbruk i uformelle situasjonar. For å undersøka om det faktisk er på veg til å verta ei kjønnsdeling i radiospråket, med kvinnene som representantar for dialektane og mennene som representantar for det normerte språket, trengst eit større materiale, men det hadde absolutt vore interessant å gjera framtidige undersøkingar knytt til dette, både innan nyheitsspråket og språket i andre radiosjangrar.

#### 5.4 Variabel 3: Diftongering og Variabel 4: Differensiering/segmentering

Resultata for desse to variablane vert presenterte og drøfta samla. Ingen av desse variablane er forventta å vera særleg frekvente i materialet, men vart inkluderte i undersøkinga fordi dei truleg er blant dei mest særprega og karakteristiske språktrekka me finn i Sogn og Fjordane (jf. 4.2.3). Førehandsforventningane til frekvensen stemde godt, då desse språktrekka vart svært lite nytta i materialet, og med grunnlag i dette valde eg ein litt alternativ tilnæringsmåte til undersøkinga av desse variablane, noko som meir eller mindre gjorde den om til noko nær ein case-studie. Difor vert dei også omtalte samla.

Sidan materialet som heilheit inneheldt lite både av diftongering og differensiering/segmentering, fann eg det lite føremålstenleg å analysere heile materialet for å kartleggja moglege og faktiske realisasjonar av desse variablane. Eg gjorde difor eit utsnitt av materialet i passasjar der desse språktrekka vart realiserte frå høvesvis 1980, 2005 og 2012, og nytta dette som grunnlag for analysen. Passasjane hadde ei snittlengd på om lag 2 minuttar kvar. Handsaminga av desse variablane får dermed ein meir kvalitativ karakter enn dei to føregåande variablane. Utsnitta representerer den maksimale mengda realisasjonar ein møter av desse variablane i dette materialet. Tabell 5.1 og 5.2 nedanfor syner resultata for høvesvis variabel 4 (diftongering) og variabel 5 (differensiering /segmentering).

	1980	2005	2012
<b>Potensielle førekomstar</b>	7	24	20
<b>Realiserte førekomstar</b>	1	19	1

**Tabell 5.1.** Potensielle og realiserte førekomstar av diftongering

	1980	2005	2012
<b>Potensielle førekomstar</b>	1	10	5
<b>Realiserte førekomstar</b>	0	6	0

**Tabell 5.2.** Potensielle og realiserte førekomstar av differensiering / segmentering

Som tabellane syner, er det jamt over fleire potensielle førekomstar av desse språktrekka, enn dei førekomstane som faktisk vert realiserte. Dette kan ein difor tolka som ein indikasjon på at desse to variablane representerer språktrekk som ofte står for fall i radiospråket. Mykje av forklaringa på dette er truleg knytt til det faktum at desse språktrekka er såpass karakteristiske som dei er. Språktrekka særmerkjer mange av sognedialektane, men kan nok samstundes

verka litt framandgjerande på dei som ikkje har desse trekka i eigen dialekt, og faktum er nok at dei som *har* desse trekka i sine naturlege talemål er færre enn dei som *ikkje* har det. Ved å normalisera desse språktrekka, tek ein dermed vekk element som er veldig dialektprega, og erstattar dei med mindre markerte alternativ. Dette syner at det altså finst skilnader på kva slags språktrekk som er akseptable, og kva språktrekk som vert fjerna, og materialet indikerer altså at det generelt er liten aksept for diftongering og differensiering/ segmentering i radiospråket – iallfall i nyheitsspråket. Når det gjeld desse språktrekka, veit me også at dei generelt er under press i dag, og at dei er i ferd med å forsvinna, spesielt i talemålet hjå yngre generasjonar. Ei pågåande språkending i dialektane generelt kan difor også forklara kvifor så få av dei potensielle førekomstane vert realiserte, men sidan denne språkendringsprosessen er relativt ny, er dette truleg mest aktuelt som forklaring for 2012-utsnittet. Kan hende ser me også konturane av ei gjensidig utvikling, der radiospråket gir signal om at dialekttrekket er for spesielt, noko som fører til generelt mindre bruk også *utanfor* radiokonteksten, noko som igjen fører til at dialekttrekket vert endå meir sjeldan i radio.

Sjølv om desse språktrekka jamt over vert realiserte færre gonger enn dei potensielt kunne vorte for alle dei tre undersøkte åra, er det likevel slik at 2005-utsnittet skil seg litt ut. Her finn me at begge språktrekka vert realiserte i over halvparten av tilfella. Nærare bestemt vert rundt 79 % av diftongane realiserte, medan differensiering / segmentering vert realisert i 60 % av tilfella. Samanlikna med dei to andre undersøkte åra, er dette svært høge tal. Dette kan nok skuldast fleire ulike ting, men mest truleg har me her eit eksempel på sjangervariasjon innan nyheitsspråket. Akkurat passasjen frå 2005 er eit nyheitssegment med sportsrelatert tema, og dette kan truleg bidra til å forklara kvifor me her møter ei mindre normert språkføring – iallfall når det gjeld bruken av desse to språktrekka. Sportsspråket var tidleg ute med å vera meir munnleg i stilen enn andre programtypar, noko som skuldast at desse sendingane i førstninga var direktesendingar, der ein ikkje kunne vera avhengig av manus.

Sportsoverføringane og andre direktesendingar hadde eit ledigare og meir uformelt preg enn andre taleprogram, radioreporteren måtte improvisere og formidle situasjonar på sparket. Til vanleg skjedde all verbal framføring etter manuskript og var sterkt prega av skriftspråket (Halse og Østbye 2003: 51).

Sjølv om passasjen frå 2005 ikkje er ei direktesending, og difor nok er meir manusbunden, kan det likevel vera at den uformelle stilen ein finn i direktesende sportssendingar også smittar over på sportsnyheiter. Dette kan såleis vera ei mogleg forklaring på kvifor denne passasjen syner ei meir dialekt nær språkføring.

## 6 HALDNINGSUUNDERSØKING BLANT JOURNALISTAR

### 6.0 Introduksjon til kapittelet

Denne delen av materialet tek sikte på å svara på deler av problemstilling 3, nemleg kva språksyn som finst blant journalistane i NRK Sogn og Fjordane når det gjeld bruken av talemål i radio. Som forklart i 3.3.2, kontakta eg totalt seks personar ved NRK SF, og alle stilte villig opp til ein samtale om deira haldningar til og erfaringar med språkbruk i radio. Desse samtalanane gav meg eit informasjonsrikt datamateriale, og mi utfordring i omarbeidinga av dette materialet var å gjera gode og riktige val i høve kva informasjon som skulle inkludert og diskutert, og kva som kunne utelatast. For å klara å presentera materialet på ein oversiktleg måte, har eg valt å gjera presentasjonen tematisk. I gjennomarbeidinga av materialet peika det seg ut nokre hovudtema som gikk igjen i alle samtalanane, og det er desse eg har valt som utgangspunkt for den vidare presentasjonen og diskusjonen. Desse hovudtemaa er *haldningar til dialekt vs. normert tale, nyheitsspråket, lyttarreaksjonar og forholdet til lyttaren*, og til sist *NRK og språk*. For kvart av desse hovudtemaa vert respondentane sine synspunkt presenterte og diskuterte. I enkelte høve kunne nok kanskje synspunkta passa vel så godt under eitt av dei andre hovudtemaa, som der eg har plassert dei, men eg har valt plassering ut frå det eg har sett som det mest føremålstenlege. Sitata er skrivne på normert nynorsk, heller enn å verta attgjevne dialektnært. Dette skuldast at det er *innhaldet* i, og ikkje direkte *forma* på det som vert sagt eg er ute etter. Der det er eit poeng for samanhengen at noko er dialektnært, t.d. i eksempel journalistane kjem med o.l., har eg likevel gitt att det som er sagt i dialektnær form. Dei transkriberte intervjuane er ikkje lagde ved i fullform, men informantane har fått høve til å godkjenna sitatbruken (jf. 3.3.2).

### 6.1 Haldning til dialekt versus normert tale

Som språkundersøkinga indikerer, er dagens radiospråk ein balansejong mellom det å snakka dialekt, og det å ha eit meir normert talemål. Spørsmålet i så måte er om journalistane sjølve er bevisste på denne balansejongen, og om dei er bevisste på kva talemål dei brukar når dei går på lufta. Fleirtalet av journalistane svarar stadfestande på spørsmålet om dei er bevisste på eige talemål, men akkurat *kva* dei er bevisste på, syner seg å variera litt frå person til person. Journalist Gro Ravnstad forklarar det slik:

Eg er bevisst på det [eige talemål] på den måten at eg er oppteken av å bruke den dialekta frå der eg kjem frå, fordi eg meiner at NRK Sogn og Fjordane sin styrke er å syna fram ulike sider ved Sogn og Fjordane, dei ulike dialektane og at folk i

fylket kan tenkja at «ja, ho er ein av oss», for dialekt er jo med på å bygge ein identitet, og iallfall når du er programleiar, så høyrer folk at ja, i dag er det Gro som er på lufta – det høyrer vi på talemålet hennar.

For Ravnestad er dermed bevisstheita i stor grad knytt til at ho er oppteken av å nytta sin lokale dialekt, og ho ser dette som ein styrke og eit verktøy som set ho i stand til å nå betre ut til lyttarane. Rolf Sanne-Gundersen seier han er mindre bevisst på om han snakkar rett nynorsk, men er desto meir oppteken av at det han seier skal bli forstått, og at han difor er «bevisst på å gjera det enkelt». Me ser dermed her ein kontrast i tilnærminga til det språklege: Ravnestad er oppteken av den identitetsskapande funksjonen til språket, og føretrekkjer dermed å bruka sitt lokale talemål så langt dette let seg gjera, medan Sanne-Gundersen legg mest vekt på å sikra forståinga. At den kvinnelege informantens tilsynelatande legg større vekt på å nytta dialekt enn det den mannlege gjer, høver i så måte også inn i tendensane som kom til syne gjennom språkbruksundersøkinga.

Men Sanne-Gundersen er ikkje åleine om å leggja vekt på forståing: Også dei andre respondentane trekkjer fram forståingsaspektet som svært sentralt, og at uansett om ein vel å nytta eit språk med sterk eller svak dialektfarge, så er det viktigaste at budskapet når ut til lyttarane. Fleire av respondentane framhevar også at det er viktig at ein tek bevisste val i forhold til korleis ein ynskjer å bruka språket sitt når ein byrjar som journalist. Magni Øvrebotten peikar på at det er viktig at ein som journalist finn si eiga norm, der ein klarar å balansera dialekta og det normerte, men at ein framfor alt finn «kva eg kan stå for, kva er mitt språk». Journalistane i materialet mitt har valt litt ulike tilnæringsmåtar, alt etter kva dei sjølve føler passar best for dei. I sitatet under forklarar Erlend Blaalid Oldeide sitt språklege val:

Ja, eg brukar i stor grad dialekta mi, slik den er blitt. For eg hadde eit vegval mellom å anten ha ein viss distanse mellom slik eg snakka til vanleg og slik eg snakka i studio, eller så kunne eg endre litt på dialekta mi og so mjuke opp reglane litt når eg snakka på lufta, slik at det no er stort samsvar mellom av og på lufta .

Dette sitatet illustrerer ein mogleg språkleg strategi, nemleg å velja ein gylden middelveg. Ved å tilpassa sitt vanlege talemål og det talemålet som vert nytta på lufta til kvarandre, klarar ein kan hende å ivareta ein slags balanse mellom dialekt og normert tale, utan at det eine tek heilt over for det andre. Fleire trekkjer også fram at valet mellom dialekt eller meir normert språk ofte fell naturleg saman med kor vidt du er manusbunden eller ikkje. Snakkar du ut frå eit manus, t.d. i ein reportasje eller liknande, vert det oftare eit meir normalisert språk, medan ein kjem inn med sterkare dialektfarge i dei samanhengane der ein snakkar fritt.

Eg brukar eit normalisert nynorsk når eg lagar reportasjar. Eg synst det har vore enklast for min del. Men når eg rapporterer direkte utan manus for eksempel, eller når eg har vore programleiar, så har det vore mykje sterkare dialektfarge (Noralv Pedersen).

På mange måtar illustrerer dette sitatet radiospråket sin natur veldig godt. Som diskutert i 2.5, kan ein sjå på radiospråket som ein hybrid mellom skrift og tale, og det er tydeleg at dette altså er noko som verkar inn på dei språklege vala journalistane gjer. Ser ein dette i samanheng med språkbruksundersøkinga, som i stor grad baserer seg på analyse av manusbundne radiosegment, kan nok dette bidra til å forklara kvifor nynorskformene står sterkt, også i dag. For vidare diskusjon om nyheitsspråket, sjå 6.2.

Sjølv om respondentane eg har snakka med er journalistar som har Sogn og Fjordane som sitt primærområde, så har dei alle også vore innom, eller laga saker til, sendingar som går ut til eit større regionalt og nasjonalt publikum. Er dette noko som verkar inn på språkbruken? Det er det ikkje, i følgje journalistane. I høve dimensjonen dialekt – normert tale, meiner alle at dei ville ha nytta den same språkforma uansett om sendinga skulle ut til eit lokalt eller til eit nasjonalt publikum, fordi at ein på denne måten markerer ein viss identitet. Samstundes er det også her ein balansegang, mellom det å markera tilhøyrslø og identitet, og det å unngå å framandgjera lyttarane. Forståingsaspektet skal, som alltid, stå i høgsetet, og difor må ein vera open for å ta enkelte grep for å hindra at budskapet går tapt bak måten vedkommande snakkar på. Dei som vel å nytta dialekt i radio eller tv, haustar til tider ein del kritikk frå publikum (jf. t.d. Lillealtern 2010), og Sanne-Gundersen peikar på at mykje av grobotnen for den kritikken som kjem mot dialektbrukarane i media, er «at dei kan bli litt støyande for budskapet, på ein måte». Samstundes understrekar Eldgrim Fossheim at det er viktig å hugsa på at eventuelle skilnader i språket ein nyttar på lokalsendingar og på nasjonale sendingar ikkje berre har med dimensjonen dialekt – normert tale å gjera. I lokalsendingane er ein nærare lyttarane sine, og kan dermed generelt nytta ein nærare kommunikasjonsmåte, enn om ein skal ut til eit større publikum.

Det har noko med orda ein vel, fordi ein kommuniserer med folk som er litt nærare meg enn dei som sit oppi Finnmark eller på Toten. Eg er ei heilt framand stemme og må på ein måte oppføre meg som ein framand som kjem innom, inn i huset til folk, mens i Sogn og Fjordane kom eg inn som ein kjenning. Og det gjer noko med måten du kommuniserer på.

Språkføringa på radio vert dermed eit meir komplekst fenomen, og det syner seg at det er ikkje berre sjanger og manus som er avgjerande for dei språklege vala. Mykje kan nok også relaterast til skiljet mellom distriktsradio og nasjonale sendingar. NRK sine distriktskanalar

vart jo oppretta nettopp for å få radiosendingar som var meir orienterte mot lokalsamfunna, og som dermed fekk mindre distanse til lyttarane (jf. 1.4.1), og språklege val vert såleis ein måte å skapa denne nære relasjonen på.

Når det gjeld radiospråket si utvikling over tid, er alle intervjuobjekta klare på at det har skjedd ei rivande utvikling dei seinare åra, i høve bruken av dialekt og normert tale. Blaalid Oldeide snakkar om pendelrørsler som går frå den eine ytterkanten til den andre, og at ein no er i den enden av skalaen der ein er veldig opptekne av å ivareta dialektane. Informantane fortel at ein no skal kunna vera friare til å bruka dialekta si, og at dette særskilt har tredd i kraft som følgje av språkreglane som kom i 2007 (jf. omtale av språkreglane i 2.4.5). Desse var meir liberale til språkføringa, og opna for meir bruk av dialekt, noko ein heilt klart ser resultatet av i dag, i følgje journalistane. Deira syn står dermed litt i kontrast til tendensane som språkbruksundersøkinga mi syner (jf. kap.5). Sanne-Gundersen trekkjer også fram at språkføringa har gått gjennom endringar på fleire område enn det som knyter seg direkte til bruken av dialekt. I følgje han, har ein også jobba aktivt med å gjera språket som heilskap tydelegare og enklare å forstå, og at «der ein før hadde litt sånn byråkratiske vendingar, så har ein på ein måte hatt fokus på å klara å seie det ein skal få fram på ein lettfatteleg, god måte».

Men korleis stiller så journalistane seg til denne endringa som har gått føre seg? Tykkjer dei det er positivt at ein i dag i stor grad har sleppt dialektane fri i radiospråket? Her er det litt delte meiningar. Alle respondentane er samde om at det er viktig at dialektane får stort spelerom, særleg i lokale sendingar, fordi dette kan bidra til å skapa ein viss identitet og nærheit for lyttaren, samstundes som det kan bidra til å auka folk si språklege sjølvkjensle (jf. 6.3). Men fleire av journalistane tek også til orde for at ein ikkje må lata dialektane ta heilt overhand, og at ein også må verna om det normerte språket. Noralv Pedersen peikar på viktigheita av å fortsatt ha normaltalemålet praktisert i NRK, for m.a. å halda i hevd kunnskapen om skriftspråket i ei tid der store deler av språkbruken elles går i ei dialekt nær retning. Han trekkjer også fram behovet for å sikra at enkelte sendingar er tydelege og forståelege for alle, noko som også talar for å behalda normaltalemålet i iallfall ein del av NRK sine sendingar. Også Magni Øvrebotten, som tidleg var ei av dei som gjekk i bresjen for at dialektane skulle få sin plass i NRK-språket, manar no til litt varsemnd når det gjeld å sleppa dialektane heilt fritt:

Eg kom hit i 1980, som sagt, og i den tid så var dialektørsla i frå 70-talet på veg til å slå inn også i NRK for fullt, og eg var nok blant dei som gjorde litt opprør mot det vi såg på som litt stivt og normert språk. Og vi hadde aksjonar her på



huset på at vi for eksempel skulle bruke kj-lyden i sunnfjordmålet, vi skulle sei fylkje og fylkjesmannen og slike ting, og ja, vi skulle sei Veitastrondi i staden for Veitastrand, som var det offisielle NRK-språket den gongen. Så eg har vore med på å bråka for meir dialekt i NRK, og gått heile vegen, og er vel no kommen dit at eg synst kanskje at vi bør tenka oss litt om og at også det normerte språket har sin plass. Så eg er i ei stadig svingdør i møte med meg sjølv. Det kan bli for mykje av alt begge vegar.

Trass i at ein altså er open for å gje rom til dialektane, syner det seg også ein tendens til at det finst grenser for kor langt ein skal gå i dette fri-sleppet. Sjølv hjå dei journalistane som uttrykkjer seg mest positive til utstrekt bruk av dialekt, møter me også visse reservasjonar. Utstrekt bruk av dialekt er greitt, så lenge det ikkje går utover forståinga. Fleire av informantane trekkjer særleg fram dialektane frå Sogn som døme på målføre der nokre av språktrekka gjerne vert for særprega, og dermed bør modererast litt for at det ikkje skal hindra forståinga. Dersom språket kjem i vegen for budskapet, så lyt dialektane vika plassen til fordel for ei meir normalisert språkføring. Erlend Błaalid Oldeide seier det slik:

Vi kan ikkje ofre forståing, altså at lyttarane faktisk forstår det som blir sagt. Og enkelte dialektar kan kanskje vera så fjernt i frå folk at ein ikkje oppnår forståing, og då oppnår ein distanse, og då øydelegg ein det ein elles prøver å oppnå med heile sendinga.

Journalistane stiller seg dermed på linje med Finn-Erik Vinje (1998: 144) sitt syn på behovet for ei viss talenormering (jf. 2.4.5). Dersom språket på eit eller anna vis skapar støy for lyttaren, t.d. gjennom utstrekt bruk av dialekt, kan dette skapa ein distraksjonseffekt som ikkje er ynskjeleg, fordi ein då kan risikera at lyttaren mistar budskapet som vert forsøkt formidla.

## **6.2 Nyheitsspråket**

Sjølv om journalistane altså stort sett er positive til ein auka dialektbruk i radioen, held dei likevel litt att og meiner at det normerte språket fortsatt høyrer heime i enkelte samanhengar. Dei nyaste språkreglane nemner spesifikt nyheitssendingar og meldetenester som sendingstypar der ein fortsatt skal nytta eit meir normert språk (jf. 2.4.5), og dette er også ei haldning som går igjen hjå alle informantane mine. At ein fortsatt har ei meir formalisert språkføring i t.d. nyheitssendingar, er noko alle er tilhengjarar av, og dei meiner det bør vera slik uavhengig av om nyheitssendinga går ut til eit lokalt eller eit nasjonalt publikum. Eitt av hovudargumenta for nettopp dette atterhaldet, er nok ein gong knytt til grunnpilaren i radioformidlinga: Forståing. Ein er generelt oppteken av at språket ikkje skal stå i vegen for budskapet i ei radiosending, men dette vert ekstra viktig i ei nyheitssending, fordi det då potensielt er viktig informasjon som skal formidlast til mange. Eldgrim Fossheim seier det

slik:

Eg meiner at nyheitsformidlinga i veldig stor grad bør vera, nær sagt, så språkleg og dialektisk nøytral, ja, innanfor dei normalane me har i dag. Ved nyheitsformidlinga av viktige ting, anten det no er krig eller fred, så skal ikkje nokon sitje å føle at stemma er støyande og at det irriterer meg eller eit eller anna.

Tankegangen er altså at ein skal leggja til rette for at nyheitene skal vera mogeleg for alle å ta til seg, og at fokuset vert på innhaldet, heller enn forma, og som Rolf Sanne-Gundersen seier, «du ryddar unna dette her lille som skuggar for innhaldet [og] du tenkjer ikkje på vedkommande sin ‘øy, der var ein rar ending’, men du blir på ein måte fokusert på innhald». Kor vidt dette vert praktisert like strengt i alle redaksjonar, herskar det usikkerheit om, sidan det i stor grad er opp til kvar einskild redaktør kva linje det enkelte distriktskontoret skal køyra, men informantane frå NRK SF er iallfall rimeleg samstemde om at det er viktig å dra eit skilje mellom nyheitsspråket og den språkdrakta ein har i andre typar sendingar. Det at ein beheld det normerte språket i nyheitssendingane, bidreg også til at ein sikrar at det normerte språket ikkje forsvinn frå offentlegheita. Fleire nemner NRK si rolle som ein av dei få institusjonane som er att, der ein kan høyra normalisert tale, både nynorsk og bokmål, og dei tykkjer difor det er viktig at det finst att enkelte søyler i NRK der ein fortsatt held på den normaliserte talen. «Viss ikkje du får høyra normalisert tale i NRK, kvar får du då høyra det?», er ei utsegn som går att hjå fleire.

Det vert dessutan peika på at publikum *forventar* nyheitssendingar med ei normalisert språkdrakt. Om nyheitssendingane plutselig skulle fått like stor opning for dialekt som ein elles har i andre sendingar, ville dette truleg ført til reaksjonar frå lyttarane, og ein måtte ha pårekna ei viss tilvenningstid før ein del lyttarar hadde akseptert at også nyheitene kunne praktisera eit stort fri-slepp av dialektar. Sjølv små «avvik»<sup>6</sup> frå det normerte målet i nyheitssendingane skapar mykje engasjement og diskusjonar, både internt i NRK og blant lyttarane, og informantane nemner både kontroversane rundt Dagsrevyen-anker Ingerid Stenvold (jf. Ovind et al. 2009) og Dagsnytt-opplesar Kari Bækken Larsen (jf. Lillealtern 2010) som døme på dette. Trass i at informantane sjølve tykkjer det fungerer heilt fint at desse to har fått unntak frå språkreglane sjølv om dei formidlar nyheiter i høvesvis tv og radio, så åtvarar dei litt mot å late språkføringa gli heilt ut. Rolf Sanne-Gundersen forklarar det på denne måten:

Eg trur det hadde vore ryddigare av oss å sagt at nyheitsspråket i nyheitsbulletinar,

---

<sup>6</sup> Ordet *avvik* er her overhodet ikkje nytta i ein negativ forstand, men berre som ein markør for noko som skil seg frå det normerte språket. Difor er det også sett i hermeteikn.

nyheitssendingar skal vera normalisert. Det er språket vi snakkar der, ferdig, punktum. Personleg blir eg ikkje plaga av at ho [Kari Bækken Larsen] har a-endingar, men eg tenkjer at ho får unødvendig mykje oppmerksomheit akkurat rundt denne a-en sin, i staden for det ho egentleg skal seia om bomber og tragediar og andre saker.

At ein klarar å behalda eit skilje mellom språket ein møter i nyheitssendingar og i andre typar sendingar, ser altså ut til å vera føretrekt.

Også truverde vert trekt fram som ei årsak til at ein i større grad bør halda på det normerte språket i nyheitssendingane enn elles.

Eg trur det handlar litt om truverde, og kva misjon ein har i dei forskjellige rollene. Når ein formidlar nyheiter, då [er] truverdigheit det viktigaste du gjer då. Folk skal tru på at det du seier no, det er riktig og det er viktig (Erlend Blaalid Oldeide).

Rett nok er det delte meiningar blant journalistane på dette punktet. Nokre av informantane framhevar at det slett ikkje er sånn at ein er nøydd til å snakka normert for å ha truverde, og som Noralv Pedersen påpeikar, kan jo dette «i ytterste konsekvens virka litt diskriminerande, fordi det seier jo indirekte at ein som brukar dialekt er lite truverdig», noko han ikkje er einig i. Og kan hende er dimensjonen dialekt – normert språk igjen berre ein del av det store biletet, og at det også er fleire faktorar som spelar inn på kor vidt ein nyheitsopplesar får truverde. Eldgrim Fossheim skisserer t.d. eit scenario med Torbjørn Egner i rolla som nyheitsopplesar, som kan hende ikkje hadde fungert like godt:

Der er så mange fleire faktorar enn akkurat dialekt /ikkje dialekt som gjer det. Nokon personar, stemmer får høg truverdigheit på det dei presenterer, mens andre ikkje har truverdigheit. Altså, det er klart at gamle Torbjørn Egner, som var ein onkel og som hadde den mildaste stemma i verda, du kan tenka deg viss han skulle lesa nyheiter på Dagsnytt, så ville det blitt ein barnetime. Det kan godt henda den [truverdigheita] var der oppe, men du ville ikkje kjøpt det altså.

Nok ein gong står altså radiospråket fram som noko langt meir komplekst enn noko som berre kan målast gjennom dimensjonen dialekt – normert tale. Men sjølv om det å opparbeida seg truverde hjå lyttarane kanskje heng saman med fleire ting enn akkurat kva type ending du nyttar i substantiva, så er det ei oppfatning blant dei fleste av informantane at truverdet heng nært saman med språkdrakta, og at nyheitsformidlinga er – og bør vera – ei sending som skil seg litt ut. Magni Øvrebotten forklarar dette slik:

Eg trur det har litt med det at det er skilnad på studio og kjøkenbordet heime. Ein tenkjer meir gjennom kva ein skal sei, ein prøver å hogge det ned til korte setningar. Det er nynorsken sin store fordel som nyheitsspråk. Ja, og ein rettar seg kanskje litt meir i ryggen. Det trur eg vi treng som ei skjerpning, for elles så trur eg

alt flyt ut. Ja, og då fer også mykje av truverdigheita, trur eg.

Men trass i at det å ha eit normert nyheitsspråk ser ut til å vera noko alle generelt er samde om er ein god ting, kjem det likevel overraskande på dei at språkbruksundersøkinga indikerer tendensar i retning av eit meir normert nyheitsspråk i dag enn for t.d. tretti år sidan. I lys av ei språkutvikling som har gått i ei stadig meir dialekt nær retning dei seinare åra, hadde informantane venta at resultatet ville vore omvendt, altså med meir normering før og mindre i dag. Ei av dei moglege forklaringane som vert trekte fram, er NRK SF sin status som nyheitskontor. Fleire av informantane nemner at kontoret i løpet av 1990-talet bygde seg opp til eit kontor der nyheitsjournalistikken stod i høgsetet, og at ein også har jobba, og stadig jobbar, hardt for å levera saker til riksflatene. For å få innpass i desse sendingane, må sakene halda høg kvalitet, også i høve språket, noko som kanskje har ført til at ein også har køyrt ei litt strammare line på å ha eit ryddig og tydeleg nyheitsspråk. Samstundes vert det også trekt fram at dette funnet kan indikera at NRK SF har makta å halda i hevd balanseongen mellom det å snakka dialekt og det å halda på norma. Kor vidt dette er noko som vil halda seg framover, er det likevel ingen som torer spå, og Eldgrim Fossheim nemner bl.a. ein ny tendens som har gjort sitt inntog i nyheitsspråket den siste tida, nemleg at ein i større grad enn før «snakkar nyheiter», i staden for å presentera det på den tradisjonelle måten. Naturleg nok er det også slik i radioen at form og språkbruk heng nøye saman, og dersom denne tendensen vert meir ein mal enn ein tendens i framtida, kan ein kanskje gå ei endring i møte også i nyheitsspråket.

### **6.3 Lyttarreaksjonar og forholdet til lyttaren**

Når ein er (radio)journalist, formidlar ein noko til eit publikum, og ein må forhalda seg til det faktum at folk der ute lyttar til det ein seier eller les det ein skriv. Er dette noko som påverkar dei språklege vala til journalistane? Det viser seg at blant informantane mine er det litt ulik praksis på korleis dei held seg til dei som sit og høyrer på dei. Nokre av informantane har eit klart bilete av kven som er kjernelyttaren til NRK SF, m.a. Rolf Sanne-Gundersen, som skildrar kjernelyttaren som «mann, kvinne, over 55 år, lojale og frå fylket». Andre har derimot ikkje noko klart bilete av kven dei snakkar for, men er opptekne av at det dei formidlar skal nå ut til den vanlege mannen og kvinna i Sogn og Fjordane, utan omsyn til yrkesgruppe eller alder, og at det viktigaste er å unngå å snakka over hovudet på folk. Vanlege folk vert dermed deira referanseramme, og informantane er sjølve klare på at dei ikkje bevisst gjer språklege tilpassingar i retning av ei særskild lyttargruppe, for som Gro

Ravnestad seier, «eg må nesten stole på at eg ikkje må snakke veldig seint for at Olga på nitti skal få det med seg». Ravnestad trekkjer også fram tilpassing til intervjuobjekta som ei kanskje større utfordring, og at det fort kan skje at tilpassinga går den vegen, noko som ikkje nødvendigvis alltid er like positivt:

Men det som eg høyrer, og som kanskje kan vera ei utfordring for alle, det er jo heller den andre vegen, viss du får byråkratar og litt sånn i studio, kva skjer med språket vårt då? Har vi lett for å rote oss litt meir inn i formelle vendingar, legge om litt meir?

Ein må difor vera varsam så ein ikkje tilpassar seg intervjuobjekta i så stor grad at ein risikerer å gjera sitt eige språk mindre tydeleg for lyttarane. Spørsmålet vert jo også kor vidt ei eventuell tilpassing til intervjuobjekta kan brukast som forklaringsmodell for funna frå språkbruksundersøkinga. Om me ser tilbake til figur 5.2, med oversikt over kjønnsfordelinga blant intervjuobjekta, ser me at intervjuobjekta som opptre i materialet mitt i stor grad er mannlege. Tilpassing til språket til intervjuobjekta vert såleis ei slags «mannstilpassing», og dersom det er slik at menn held sterkast på nynorskformene, kan kanskje dette føra til at også språket til journalistane vert meir nynorsk. Mitt materiale tek ikkje føre seg språket til intervjuobjekta, og er heller ikkje omfattande nok til å faktisk kunna undersøka om dette kan vera tilfelle, men det kunne vore interessant å sjå nærare på dette i seinare undersøkingar. Men sjølv om ikkje tilpassingar i retning intervjuobjekta alltid vert vurdert som positive, lyt ein samstundes også vera bevisst på at ein kanskje ikkje kan snakka til alle typar intervjuobjekt heilt på same måte, og at ein av og til er nøydd til å gjera visse tilpassingar for å få den responsen ein ynskjer. Eldgrim Fossheim dreg t.d. fram det å skulla snakka til ungar eller ungdommar som eit døme på ein intervjusituasjon der ein lyt vera svært bevisst på korleis ein snakkar.

Tilpassing eller ikkje; at språket dei nyttar engasjerer lyttarane, merkar informantane godt. Alle har opplevd å få reaksjonar på språkbruken sin, både av positiv og negativ sort, men det varierer ofte litt frå informant til informant når det gjeld akkurat *kor mykje* og *kva sort* tilbakemeldingar dei får. Kva som er godt språk i radioen, i følgje lyttarane, varierer tydelegvis mykje. Mange av dei positive tilbakemeldingane går på at lyttarane oppfattar språkføringa som klår og tydeleg, og at journalistane evnar å forklara og omtala saker og hendingar på ein lettfatteleg måte, slik at ting ikkje går over hovudet på lyttaren. Fleire av informantane seier også at deira inntrykk er at lyttarane jamt over ser ut til å vera fornøgde med at NRK SF tillèt mykje dialektbruk, og at dei dermed vert «ein kanal for folk som snakkar ulikt i dette fylket», som Rolf Sanne-Gundersen påpeikar. Magni Øvrebotten seier

det slik:

Eg trur at NRK Sogn og Fjordane har hatt mykje å bety for sjølvkjensla til eigen dialekt i Sogn og Fjordane, det er eg ikkje i tvil om. Det er mange som har sagt til meg at «når de kan bruka det på lufta, i radio og på fjernsyn, så kan vel vi og».

NRK SF sin «målparagraf» om at dei skal sleppa til lokale dialektar i sendingane sine (jf. 1.4.2) ser dermed ut til å vera noko lyttarane responderer positivt på. Samstundes er det heller ikkje tvil om at lyttarane har svært sterke meiningar også av den meir negative sorten – og mange er slett ikkje redde for å ytra dette. Fleire av informantane fortel at dei til tider får ganske krasse tilbakemeldingar frå lyttarane, og ved enkelte høve har også distriktsredaktørane sett seg nøyddde til å skjerma medarbeidarane sine for dei verste tilbakemeldingane. Ofte går tilbakemeldingane på sjølve dialekta, og fleire trekkjer fram sogningar og nordfjordingar som dei som oftast får kritikk for å bruka dialekta si. Mykje av kritikken i desse tilfella går på at folk ikkje forstår kva som blir sagt, og at språkbruken rett og slett vert for lokal for lyttarane. Magni Øvrebotten snakkar om Sogn og Fjordane som eit fylke inndelt i aksar, og at aksen Indre Sogn – Ytre Nordfjord er ein av dei aksane der kritikken er skarpast, altså at folk frå Indre Sogn ser ut til å ha mest negative kjensler mot dialektane frå Ytre Nordfjord og vice versa. Også Rolf Sanne-Gundersen trekkjer fram sogningar og nordfjordingar som dei som får den skarpaste kritikken frå lyttarane. Men det er ikkje eine og åleine dialekta som irriterer lyttarane. Lyttarane ser også ut til å ha låge toleransegrenser for feil trykk og feil uttale av stadnamn, samt at svært mange reagerer på måten journalistane nyttar stemma si på. Dersom dei ikkje finn ei særskild stemme behageleg å høyra på, let tilbakemeldingane sjeldan venta på seg:

Nei, eg kan jo få sånne mailar på at «få den kråka av lufta». «Høyrest ut som ei gravemaskin» eller «høyrest ut som ein kastrert hest». Det er veldig kraftige tilbakemeldingar. Folk er ganske ufine på det altså. Meiner at dei er i sin fulle rett til å seia det at dei synst den og den personen er heilt forferdeleg, basert på måten vedkommande snakkar på, brukar språket eller stemma på (Rolf Sanne-Gundersen).

At språket engasjerer, er det liten tvil om, og at talespråket i radioen nok ein gong vert bedømt etter fleire aspekt enn berre dimensjonen dialekt – normert tale, er tydeleg.

## 6.4 NRK og språk

Det siste hovudtemaet som peika seg ut gjennom samtalane med journalistane, er på sett og vis eit tema som gjennomsyrrar også dei tre andre hovudtemaa. *NRK og språk* er nemleg ein tematikk som meir eller mindre ligg som eit bakteppe heile vegen. Likevel kjendest det mest

naturleg å gjera dette til eit eige hovudtema. I samtalane med journalistane, vart dei spurde direkte om NRK si rolle som språkleg førebilete. Tradisjonelt har ein gjerne oppfatta NRK som ein stad der ein har høyrte «rett» norsk, og at NRK skal gå føre som eit førebilete for godt språk. Informantane fekk difor spørsmålet om dei fortsatt tykkjer NRK har denne stillinga i dag, og om dei meiner det bør vera slik også framover. Svaret var jamt over det same hjå alle: Alle håpar at NRK fortsatt står fram som eit språkleg flaggskip, trass i at dei også haustar ein del kritikk, og dei ynskjer også at dette skal fortsetja framover. Nokre trekkjer igjen fram viktigheita av å fortsatt ha ein offentleg institusjon der ein kan høyra normaltalemålet praktisert. Samstundes vert det trekt fram at NRK som språkleg flaggskip ikkje berre må ha normaltalemålet i fokus, men at det også ligg i deira oppgåve å røkta dialektane på ein god måte:

Eg trur det er viktig at ein i NRK greier å halda både dialektbruken og normaltalen, halda dei to ballane i lufta samtidig. For normaltale er det jo enklare for der har me jo ordboka me kan slå opp i og sjå kva som er rett og gale. For dialekt er det skikkeleg vanskeleg, og NRK har ikkje komme opp med nokon god måte å gjera dette her på [røkta dialektane], sjølv seks år etter at språkreglane kom (Noralv Pedersen).

At dette er ein vanskeleg balansegang å handtera, er det mange av informantane som seier seg einig i, og det at ein har opna såpass mykje for dialekt, kan ofte gjera det vanskelegare for medarbeidarane å sjonglera mellom dei ulike språkdraktene, noko som i neste omgang kan gjera det meir utfordrande for NRK å t.d. halda på bruken av normert språk. Sjølv om informantane jamt over har ei positiv innstilling til meir bruk av dialekt (jf. 6.1), er det også til dels sterke meiningar om kva «nye» språktrekk som høyrer heime i NRK-språket og kva som ikkje gjer det.

Eg reagerer også på at radiofolk ikkje greier å uttale sk-lyden og sj-lyden, ja alle desse tinga der som kjem no i dialektisk samanheng. Høyrer ikkje heime. Altså, der er fortsatt folk som greier å artikulere og viss ikkje ein greier å artikulere lydane i norsk språk, det vere seg anten dei snakkar bokmål eller nynorsk, så bør dei finne seg andre jobbar (Eldgrim Fossheim).

At eit slikt synspunkt vert forfekta av den eldste informanten i materialet, er kan hende ikkje så rart, sidan dette føyer seg rett inn det klassiske mønsteret med at ein ofte vert meir konservativ i språkbruk og språkhaldningar dess eldre ein vert (jf. 4.3).

I ei studie som har NRK SF som sitt studieobjekt, kjem ein heller ikkje utanom nynorsken, og NRK/NRK SF si rolle i høve denne. NRK SF er jo det største og einaste reine nynorskkontoret i NRK, men kor viktige er dei eigentleg for nynorsken? Svært viktige, meiner informantane. Det som vert produsert av NRK SF og som går ut til dei nasjonale

sendingane, kan vera dei einaste møta folk i andre deler av landet får med nynorsk. Fleire trekkjer også fram den skriftlege produksjonen på nettet som svært viktig, og at utan NRK SF sine nettartiklar ville NRK sin nynorskdelen på nettet falle frå rundt 16 % til 8-9 %. I følgje informantane er det også viktig at dei, gjennom å nytta nynorsken aktivt, syner at det fortsatt er eit levande språk, samstundes som at dei også klarar å fornya nynorsken i takt med tida. Som Rolf Sanne-Gundersen seier, så finst det eit syn på nynorsk som noko som skal vera «litt tungt og skikkeleg», men at dette slett ikkje stemmer med røynda, og at ein difor må bruka språket aktivt for å syna at det *er* eit funksjonelt språk også anno 2013.

### **6.5 Samanlikning med funna frå Heli (2011)**

Med grunnlag i dette, kan ein så sjå til Siri Sølberg Heli (2011) si haldningsundersøking om språk i NRK. Som nemnt i 2.6.1, deltok ikkje NRK SF i denne undersøkinga, og spørsmålet vert dermed om haldningane til journalistane i NRK SF liknar på eller skil seg frå dei haldningane som Heli (2011) avdekkar for resten av NRK-distrikta. Sidan Heli (2011) si undersøking var lagt opp litt annleis enn mi eiga, er ikkje resultatane direkte samanliknbare i tal og storleikar, men sidan mange av spørsmålsformuleringane var like, kan ein iallfall sjå etter liknande tendensar i begge undersøkingane. I det store og det heile ser det nemleg ut som at journalistane frå NRK SF langt på veg tenkjer relativt likt om språkkvardagen i NRK, som det resten av landet gjer. Heli (2011) fann m.a. at journalistane var svært bevisste på eige talemål, samt at dei var svært bevisste på at det språklege uttrykket var sekundært, og at omsynet til lyttaren var det som skulle telja mest. I høve dette, ligg mine informantar heilt på linje med den førre undersøkinga. At distriktskontora, i følgje Heli (2011) si undersøking, er dei som generelt er mest dialektvennlege, passar også godt til haldningane som vert uttrykt frå NRK SF si side.

Men trass i at NRK SF er eit dialektvennleg kontor, syner dei også ei ganske konservativ haldning i høve nyheitsspråket, og basert på mitt informantgrunnlag kan det virka som om NRK SF er meir konservative enn resten av distriktskontora. I følgje Heli (2011: 58), meiner om lag 60 % av dei spurde at dagens atterhald i språkreglane er viktig, og at nyheitsopplesarar og meldetenester på nasjonale sendingar bør stå i ei særstilling, og dermed vera meir bundne til å bruka normert talemål. Blant informantane mine i NRK SF, ser det derimot ut til at alle er enige om at nyheitsspråket bør vera normert, og ein er oppteken av å dra eit skarpt skilje mellom nyheitsspråket og språkføringa elles i sendingane. Kan hende kan dette passa inn i Heli (2011: 78) sitt funn om at det helst er «nynorskbrukerne som er



mest i mot en oppmykning av språkreglene, og da helst basert på redselen for at deres språk forsvinner». Ingen av informantane mine frå NRK SF uttrykker direkte bekymring for at nynorsken skal forsvinna, men alle påpeikar at den nok er under større press enn før, så det er slett ikkje umogeleg at redsla for at språket på sikt skal forsvinna ut av bruk, kan liggja til grunn for at dei ynskjer å verna om det i nyheitssendingane. Om ein i tillegg ser ei utvikling der dialektane også i Sogn og Fjordane skilr meir og meir i retning av bokmål, særleg i ordtilfang, vert den normerte talen einaste måten å redde nynorsken på fordi støtta i dialektane ikkje er så sterk som ho var tidlegare. Viss ein samanliknar denne situasjonen med slagordet frå 1970-talet om å tala dialekt og skriva nynorsk, så ser ein at føresetnadane har vorte forandra. I dag kunne ein kanskje seia «Tal nynorsk, elles blir det ingen igjen som skriv det».

## 7 RESULTAT FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGA

### 7.0 Introduksjon til kapittelet

Den siste delen av materialgrunnlaget stammar frå spørjeskjema som vart leverte ut til eit utval lyttarar. Å innhenta haldningsdata frå lyttarane sjølve, vart sett på som eit interessant supplement til studien, og det var særleg knytt spenning til om det ville vera samsvar mellom lyttarane sine haldningar og haldningane som vart avdekte gjennom samtalan med journalistane. Som forklart i 3.3.3, nytta eg meg av ein slags venn av ein venn-teknikk for å distribuera spørjeskjemaet til potensielle respondentar, og det vart i utgangspunktet ikkje stilt krav om noko spesiell alders- og kjønnsamansetjing. Dersom det skulle syna seg at utvalet vart veldig skeivt, var tanken at eg heller kunne etterfylla matrisane seinare. Dette synte seg å ikkje vera naudsynt, då informantane fordelte seg nokolunde jamt med omsyn til alder og kjønn. Tabell 7.1 under syner alderssamansetjinga og kjønnsfordelinga på informantane.


<b>Kjønn</b>	<b>Aldersgrupper</b>	<b>20-29</b>	<b>30-39</b>	<b>40-49</b>	<b>50-59</b>	<b>60-69</b>	<b>TOTALT</b>
<b>Kvinne</b>		3	2	5	5	7	<b>22</b>
<b>Mann</b>		1	2	5	5	6	<b>19</b>
<b>TOTALT</b>		<b>4</b>	<b>4</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>13</b>	<b>41</b>

**Tabell 7.1.** Oversyn over alder- og kjønnsfordeling på informantane i spørjeundersøkinga

Totalt fekk eg altså tilbake 41 utfylte spørjeskjema, noko eg vurderte til å vera tilstrekkeleg grunnlag å tufta analysen på. Som matrisa over syner, er dei over 40 år sterkare representert i materialet enn dei under 40, noko som kanskje kunne talt for at eg burde etterfylt med fleire informantar i aldersgruppene 20-29 og 30-39. Såleis kunne eg også kanskje ha fått til ei jamnare kjønnsfordeling i aldersgruppe 20-29. Eg vurderte det likevel slik at i ei undersøking som denne, med avgrensa storleik, så var matrisene store nok, og fordelinga i dei jamn nok. Der det vert gjort kvantitative analysar av datamaterialet, lyt ein heller ta omsyn til at nokre av resultatane byggjer på til dels låge tal, og difor må tolkast med varsemd. Med tanke på at NRK SF si vurdering av kjernelyttaren er menn og kvinner over 55 år (jf. 6.3), ser eg det heller ikkje som noka ulempe i så måte at det er dei eldre aldersgruppene som er sterkast representerte i materialet.

NRK Sogn og Fjordane er eit lokalkontor som jamt over scorar høgt på oversyn over


lyttaroppslutnad i eige distrikt (jf. 1.4.2). Eg ynskta å sjå om dette stemde også i høve mitt informantutval, og respondentane blei difor bedne om å anslå kor ofte dei lytta til NRK SF. Jamt over fekk NRK SF svært høg oppslutnad også i mitt materiale, der 76 % (31 stk.) av respondentane svarta at dei lytta til NRK SF dagleg. Om ein også inkluderer dei som kryssa av på at dei lytta til kanalen om lag ein gong i veka, aukar oppslutnaden til 85 % (35 informantar), noko som må seiast å vera svært høgt. Berre to informantar sa at dei aldri hørde på NRK Sogn og Fjordane, medan fire (10 %) av informantane anslo at dei hørde på NRK SF om lag ein gong i månaden. Vidare vart desse tala korrelerte med høvesvis aldersgruppe og kjønn, for å sjå om det kunne finnast interne skilnader i gruppene. Figur 7.1 under syner dei ulike aldersgruppene si lyttarhyppigheit.



**Figur 7.1.** Lyttarhyppigheit ut frå informantane sine aldersgrupper

Som figuren over syner, er det jamt høg oppslutnad hjå alle dei fire aldersgruppene mellom 30 og 69 år. I den yngste aldersgruppa, altså dei i alderen 20-29, er det derimot lågare resultat. Sjølv sagt må ein vera litt varsam med å dra altfor sterke konklusjonar basert på dette, sidan resultatata frå aldersgruppa 20-29 byggjer på ei relativt lita informantgruppe, men samstundes er det mogeleg å tolka dette som ein svak tendens til at NRK SF sine sendingar kanskje ikkje appellerer like godt til denne aldersgruppa, som til dei andre aldersgruppene.

Når det gjeld variabelen *kjønn*, ser resultatata ut til å vera ganske jamne for både menn og kvinner. Figur 7.2 under syner den eksakte fordelinga.



**Figur 7.2.** Lyttarhyppigheit ut frå informantane sine kjønn


Lyttarhyppigheita ser ut til å vera jamt høg uavhengig av kjønn, sjølv om ein kan merka seg at biletet er noko meir brokete hjå kvinnene enn hjå mennene. Blant mennene er det om lag 90 % av dei spurde som seier at dei lyttar til NRK Sogn og Fjordane om lag ein gong i veka eller oftare, og fleirtalet av desse seier dei er daglege lyttarar. Hjå kvinnene er talet litt lågare, der om lag 82 % seier dei lyttar til NRK SF om lag ein gong pr. veka eller oftare, men dette er likevel svært høg oppslutnad. At mennene scorar litt høgare enn kvinnene i høve lyttarhyppigheit i denne undersøkinga, trur eg derimot er meir tilfeldigheiter, heller enn ein indikasjon på at mennene er meir trufaste lyttarar. For å finna ut om dette faktisk er tilfellet, trengst det eit større informantgrunnlag enn det eg har nytta i denne oppgåva her.

Med dette som bakgrunnsteppe, kan me så venda oss mot resultatata frå sjølve spørjeundersøkinga. Som med journalistintervjua, har eg også her valt ein meir tematisk presentasjon, og hovudtemaa som vil bli omtalte er *haldning til dialekt og normert tale*, *irritasjonsmoment* og *haldning til NRK Sogn og Fjordane*. Sidan spørsmåla stort sett var stilt som opne spørsmål, heller enn at informantane blei bedne om å rangera svara på ein skala (jf. 3.3.3, og vedlegg 4), har det vore naturleg med ei kvalitativ lesing av materialet. Der det har vore mogelegheit for det, har eg likevel handsama materialet kvantitativt, for å kunna korrelera svara med alder og kjønn på informantane. Sitat frå dei mottekne spørjeskjemaa har eg også her gitt att i normert nynorsk, med mindre det er eit poeng for samanhengen at teksten skal vera dialektnær.

## 7.1 Haldning til dialekt og normert tale: kva er «godt» språk for lyttaren?

Hovudføremålet med spørjeskjemaet var å prøva å finna eit svar på spørsmålet som vart lansert i overskrifta: Kva er godt språk for lyttaren? Og korleis stiller dei seg til den stadig aukande bruken av dialekt i radioen – ser dei på dette som positivt eller føretrekk dei at journalistane nyttar ei meir normert språkføring? Eg forsøkte å finna mønster i informantane sine svar, for på denne måten å sjå om dei kunne grupperast saman ut frå haldning til språkbruk i radioen. Ei gruppering av svara ville gjera presentasjonen meir oversiktleg, samt gjera ei eventuell korrelering med alder og kjønn enklare å gjennomføra.

Tendensane i svara gjorde til at eg kunne gruppera informantane i fire ulike grupper: Ja til dialekt; ja til nynorsk; ja takk, begge deler; og andre svar. To av respondentane uttrykte inga haldning, anten grunna manglande svar eller grunna at dei hadde misoppfatta spørsmåla, og sidan dette gjorde dei vanskeleg å plassera, vart dei difor ekskluderte frå denne delen av resultatata. Dette gjaldt to kvinnelege informantar frå høvesvis aldersgruppe 40-49 og 60-69. Resten av informantane fordelte seg som synt i figur 7.3 under.



**Figur 7.3.** Hovudgrupperingar av svar i høve haldning til språkbruk i radioen

Som figuren syner, er det flest informantar som uttrykkjer ei positiv haldning til dialekt, men delen av informantar som trekkjer fram nynorsk når dei vert spurte kva som er «godt» språk er omtrent like stor. 15 % av dei spurde uttrykkjer det eg har valt å klassifisera som ei «ja takk, begge deler»-haldning i høve kva som for dei er godt språk i radioen. Dette er informantar som ikkje ser ut til å ha eit klårt skilje mellom dialekt og nynorsk, og som ser ut til å oppfatta dette som meir eller mindre det same. Ei slik gruppering viser, etter mitt syn, eit

interessant folkelingvistisk aspekt, nemlig at det for mange ofte vert sett likskapstrekk mellom nynorsk tale og dialekt. Frå andre undersøkingar av språk (jf. Neteland 2013), veit ein at nordmenn har ein tendens til å tenkja på det norske språklege landskapet som inndelt i anten nynorsktalande eller bokmålstalande, og at dialektar som ligg tett opptil nynorsken i form, dermed gjerne vert samla under nemninga ‘nynorsk’, heller enn ‘dialekt’. At ein i Sogn og Fjordane har dialektar som i si naturlege form ligg tett opptil nynorsken, kan forsterka inntrykket av at ein snakkar nynorsk, heller enn dialekt. Dette vart også poengtert av tidlegare distriktsredaktør Magni Øvrebotten, at t.d. talarar med fjordamål (jf. 4.1) har dialektar som ligg tett opptil nynorsknormalen, noko som fører til at dei for utanverda vil høyrast nynorske ut. Ut frå funna i mi undersøking, kan det syna seg at det å tenkja på dialektane i fylket som nynorsk også er ein tendens innad i Sogn og Fjordane. Den siste svargruppa, som eg har valt å kalla «andre svar», er ei samling av dei informantane som klart la vekt på andre ting enn akkurat dimensjonen dialekt – normert språk i svarea sine.

Men om me går til ei meir kvalitativ lesing av svara, kva er det eigentleg informantane kommenterer? Dei som er mest positive til dialekt på radio, grunngjev dette med at godt språk for dei er tale som er mest mogeleg naturleg og dialekt nær. Fleire trekkjer også fram at dei tykkjer det er viktig, og flott, at radiospråket speglar av det mangfaldet ein har av dialektar i Sogn og Fjordane. Når det er sagt, er det slett ikkje slik at dei som syner den mest positive haldninga til bruk av dialekt, er *berre* positive. Trass i at dei tykkjer det er bra med dialekt, ser dei ut til å dela journalistane sitt syn om at dialekt er bra, men berre til eit visst punkt. Fleire presiserer at journalistane må nytta eit klart og ryddig språk, samt at det til tider kan vera ein fordel om journalistane lukar vekk dei mest særprega orda og uttrykka, for å letta forståinga for lyttaren. Ein informant kommenterer m.a. at det «kan bli mykje nordfjording med ‘støve’, ‘søvepøse’ og slikt»<sup>7</sup> (Kvinne, 50-59), noko som illustrerer at alt tydelegvis har ei grense, også for dei som generelt syner ei positiv haldning til utstrekt bruk av dialekt.

Nettopp det å unngå forståingsproblem ser ut til å vera hovudargumentet for dei informantane som er mest positive til nynorsk. Ein mannleg informant (aldersgruppe 60-69) svarar følgjande på spørsmålet om kva som er godt talespråk i radio:

(1) Normalisert språk der du ikkje har forståingsproblem grunna utprega dialekt.

Også fleire andre trekkjer fram at for sterkt lokalpreg på talemålet kan føra til forståingsproblem, og at dei difor føretrekk ei meir normert språkføring. Enkelte av

---

<sup>7</sup> *støve* og *søvepøse* er nordfjordske uttalar av høvesvis *stove* og *sovepose*.

informantane er svært klare på at altfor sterk dialekt ikkje høyrer heime på radioen, som t.d. denne kvinnelege informanten (aldersgruppe 40-49):

- (2) Veldig «breie» dialektar med mykje innslag av spesielle dialektord eignar seg ikkje på radioen.

Dette er nok ein av dei sterkaste formuleringane i høve kva som er akseptert og ikkje akseptert talemål i radioen, men utsegna skil seg ikkje ut frå det som ser ut til å vera den generelle hovudtendensen i lyttarane sine haldningar, nemleg at dialekt er greitt opp til eit visst punkt. Anten dei føretrekk at journalistane har eit dialektnært eller eit nynorsk talemål, eller dei ikkje skil heilt mellom desse to varietetane, så er det likevel eitt aspekt som går att i svært mange av svara til informantane, nemleg forståing. Det viktigaste er at det som vert sagt, vert sagt på ein tydeleg og forståeleg måte, uavhengig av språkdrakta elles. At dette er sentralt for lyttaren, ser me i at det totalt er 26 % av dei spurde som definerer kva som er godt talespråk i radioen utan å dra nokon som helst referanse verken til omgrep som dialekt, nynorsk eller normert tale. I denne gruppa kan ein finne slike svar som desse tre som er refererte under.


- (3) Det må vere forståeleg (kvinne, 20-29).

- (4) Så lenge dei snakkar tydeleg, er eg fornøgd (kvinne, 30-39).

- (5) Tydeleg tale (mann, 30-39).

På lik linje med journalistane, ser det også ut til at lyttarane er opptekne av at språket ikkje skal stå i vegen for budskapet. Sjølv sagt er det verdt å merka seg at kva som er ‘forståeleg’ og kva som vert rekna som ‘tydeleg tale’ kan vera svært individuelt frå lyttar til lyttar. Det som er forståeleg og tydeleg tale for ein lyttar i Nordfjord, treng ikkje vera forståeleg og tydeleg tale for ein lyttar frå Indre Sogn. Kva som er forståeleg og ikkje, heng også gjerne saman med kva lyttarane likar og ikkje likar. Ein dialekt eller eit språktrekk som lyttaren ikkje likar, kan ofte få merkelappen ‘uforståeleg’, utan at det faktisk er uforståeleg for lyttaren. Eit omgrep som ‘forståeleg’ treng sjølv sagt heller ikkje berre knyta seg til dimensjonen dialekt – normert tale. At talemålet til ein radiojournalist vert oppfatta som forståeleg av lyttarane, kan like godt skuldast forhold ved ordforrådet eller artikulasjonen til vedkommande, som at det har med å gjera kor vidt vedkommande snakkar dialekt eller normert.

Sidan svara vart grupperte etter haldning, gjorde dette det også mogeleg å korrelera svartype med høvesvis alder og kjønn, for å sjå om det peika seg ut nokon mønster i haldningane. Figur 7.4 under syner svartype fordelt på informantane sitt kjønn.



**Figur 7.4.** Svartype korrelert med informantkjønn

Som nemnt i 4.3, har studiar synt at kvinner ofte vel meir standardiserte språkvariantar, og ein har relatert dette til at standardiserte former ofte også har hatt større prestisje, og at valet av slike former har vorte ein måte å heva eigen sosial status på. Mennene har derimot synt seg meir tradisjonelle i språkvala, og har difor ofte nytta meir dialekt. Kor vidt slike mønster fortsatt held, og kor vidt mønster i bruk kan overførast til mønster i haldningar, er omdiskutert, men om ein skulle overføra desse tendensane i bruk til tendensar i haldningar, burde ein kunne forventast at kvinnene var mest positive til nynorsk, medan mennene var meir opptekne av dialekt. Om ein ser på søylene i figur 7.4, ser dette slett ikkje ut til å stemma. Kvinnene ser ut til å vera klart meir positive til dialekt enn mennene; faktisk er det dobbelt så mange kvinner som menn som syner ei klart positiv haldning til dialekt. Når det gjeld dei som hallar i nynorskretninga, er det derimot mennene som overlegent dominerer. Med andre ord bryt dette klart med forventninga.

Biletet stemmer derimot betre overeins med det biletet som tredde fram gjennom språkbruksundersøkinga, sidan det også der var dei kvinnelege journalistane som såg ut til å ha mest dialekt nær tale – iallfall dei seinare åra. På same måte som at det var vanskeleg å forklara tendensane i bruksmønstra (jf. 5.3), er det heller ikkje lett å komma opp med ei god forklaring på haldningsmønstra som ser ut til å tre fram gjennom spørjeundersøkinga. Men sidan både språkbruksundersøkinga blant journalistane og haldningsundersøkinga blant lyttarane peikar i same retning når det gjeld samanhengen mellom språk og kjønn, indikerer det iallfall at det er *noko* der – sjølv om det er litt vanskeleg å gje ei god forklaring på




tendensane. I 5.3 diskuterte eg kor vidt språkbruksmønstra kunne tolkast som at kvinnene følgjer trenden, og nyttar dialekt, medan mennene går mot straumen og held fastare på nynorsken, som ein slags motreaksjon til kvinnene. Med tanke på at trenden også i høve haldningar, er at dialekt vert sett på med positive auge, er det nok ein gong mennene som går mot straumen ved å føretrekkja nynorsk. Spørsmålet vert kvifor det er slik? Mogelege forklaringar kan kanskje finnast i dei demografiske mønstra i Sogn og Fjordane. På fylkeskommunen sine heimesider, står det følgjande å lesa om utdannings- og flyttemønstra i Sogn og Fjordane:

I høve rekruttering til den høgste utdanninga er det spesielt kvinnene som er vaksne opp i fylket som tek mykje utdanning. Skiljet mellom kvinner og menn er større enn på landsbasis. *Jentene tek skulegang og flyttar mens gutane i større grad overtek næringseigedomar og vert verande.* I dei fleste kommunane er ulikskapen i «bufastheit» mellom kvinner og menn større enn på landsbasis (Kristoffersen 2013, mi utheving).

I følgje dei demografiske oversiktene er det altså slik at kvinnene tek høgare utdanning, og flyttar meir, samanlikna med mennene, som oftast vert verande på heimstaden. Mennene vert såleis dei som vert att og held fortet. Kanskje gjeld dette språkleg også? Sidan mennene ser ut til å ha ei sterkare tilknytning til heimstad og heimfylke, har dei kanskje også ein sterkare identitet knytt til Sogn og Fjordane, og dermed også *språket* i fylket. Sogn og Fjordane vert ofte framheva som eit nynorskfylke (jf. Grepstad 2012), og viss nynorsken forsvinn, kan ein dermed argumentera for at ein del av fylkesidentiteten forsvinn. Sidan mennene er dei som vert verande i fylket, og skal halda fortet, er det kan hende slik at det også er dei som har mest å tapa dersom nynorsken forsvinn. Det er verdt å merka seg at tendensen i mi eiga undersøking er på linje med publikumsundersøkinga som Språkrådet og NRK utførte i 2009, der kvinner var meir dialektvennlege enn menn (jf. 2.6.2). Det kan dermed synast som om at denne kjønsskilnaden ikkje berre er eit fenomen som gjeld Sogn og Fjordane. Vidare undersøkingar med eit større materiale kunne vore interessante, både for å kartleggja om det faktisk finst ein skilnad mellom kvinner og menn sin(e) bruk av og haldningar til dialekt og normert språk på landsbasis, men også for å få sikrere kunnskap om mønstra i Sogn og Fjordane. Skal ein gjera ei undersøking av dette på landsbasis, må ein jo rett nok også ta bokmål med i reknestykket, og må dermed ta høgde for at bokmål kan ha ein annan type prestisje enn nynorsk. Potensielt kan ein dermed enda opp med eit ganske komplekst mønster.

Vidare vart også svartypen korrelert med informantane sin alder, og figur 7.5 under syner resultata av dette.



**Figur 7.5.** Svartype korrelert med informantane si aldersgruppe

Tallause sosiolingvistiske studiar har synt at det er skilnad på eldre og yngre si språkføring, og at eldre ofte er litt meir konservative i språkbruken enn dei yngre (jf. 4.3). Basert på dette, vart det difor på førehand forventa at dei eldste informantane ville vera mest positive til normert språk (nynorsk), medan dei yngste informantane ville vera mest positive til dialekt. Ut frå resultatata i figur 5.14, stemmer dette delvis. Rett nok er informantane i den yngste aldersgruppa langt meir positive til dialekt enn informantane i den eldste aldersgruppa. Men, sidan resultatata for den yngste aldersgruppa byggjer på få respondentar, skal ein vera litt varsam med å konkludera med at dette difor underbyggjer førehandshypotesa. Dessutan er biletet for aldersgruppene 30-39, 40-49 og 50-59 langt meir brokete, og gjev på ingen måte klar støtte til førehandsforventningane. I aldersgruppa 30-39 er det t.d. ingen som er direkte positive til dialekt, medan aldersgruppa 50-59 har den høgaste 'ja til dialekt'-prosenten, der 60 % av dei spurde uttrykkjer at dei føretrekk dialekt. Skulle dette biletet stemt overeins med det eg på førehand venta å finna, burde resultatata for desse to gruppene vore omvendt. Rett nok skal ein merka seg at informantane i aldersgruppa 50-59 var dei som var unge på 1970-talet, då dialektbølga for alvor feia inn over Norge, og dette kan kanskje forklara kvifor så mange uttrykkjer ei positiv haldning til dialekt i denne aldersgruppa. Utover dette er det vanskeleg å finna nokon god forklaring til kvifor resultatata vart som dei vart, men funna kan iallfall indikera tendensar til at alder *kan* spela inn på haldningane til talespråk i radio, sjølv om ei undersøking med eit større informantgrunnlag nok er naudsynt for å slå fast om dette er eit faktisk mønster, heller enn berre tendensar.

## 7.2 Irritasjonsmoment

I spørjeskjemaet vart informantane også spurde om kva språktrekk som irriterer dei, eller som dei ikkje tykkjer høver seg på radio. Som allereie nemnt i 7.1, er utprega dialekt ein av tinga som vert trekt fram som noko lyttarane irriterer seg over. Spesielt irriterer dei seg over at det vert brukt ord og uttrykk som har altfor sterkt lokalt tilsnitt, sidan dette kan komma i vegen for budskapet som vert forsøkt formidla til lyttarane, som sitata under syner.

(6) Dialekt og lokale ord og formuleringar (mann, 40-49).

(7) Utrert dialekt (mann, 60-69).

(8) [Når] ein brukar svært lokale ord/uttrykk som er vanskeleg for andre å forstå (kvinne, 50-59).

Dette stør altså opp under tendensen som syner at det også for lyttarane går ei grense for kor mykje og kor sterk dialekt dei aksepterer i radioen.

I tillegg til dette, var det også mykje anna som vart påpeika og plukka ut som irritasjonsmoment, og svara syner nok ein gong eit folkelingvistisk aspekt, nemleg at kva som vert definert som «språktrekk» ofte er svært vidt. Det er tydeleg at kva informantane forbind med språktrekk, kan vera ganske mykje. Nokre av informantane trekkjer fram døme på det dei ser på som «feil» bruk av språket.

(9) Kj-lyd uttala som sj-lyd (kvinne, 20-29).

(10) Eg likar dårleg «dikka», eks. «kva har dikka gjort?», «var dikka på tur?». Dikka = dykk, og i eks. ovanfor skulle det vore brukt de: «kva har de gjort?» (kvinne, 60-69).

Fleire av informantane trekkjer også fram at ufint språk i form av banning, eller utstrekt bruk av framandord eller slanguttrykk, er noko som irriterer dei. I tillegg vert knoting ofte nemnt som eit irritasjonsmoment, samt at folk ser ut til å irritera seg viss det vert for mykje blanding mellom nynorsk og bokmål under påskot av å letta forståinga. I så måte kan det verka som ei utfordring å skulla gjera alle lyttarane til lags, sidan ein verken kan ha ei for dialektprega språkføring, eller ei språkføring som er for prega av at ein forsøker å tilpassa seg lyttaren.

Eit siste punkt som også kan vera verdt å nemna i høve irritasjonsmoment som vert trekte fram, går ikkje direkte på *språket* men kanskje meir på den heilskaplege *stilen* i radiosendingane. Grunnen til at eg likevel nemner det her, er at også språket er ein del av det som er med på å skapa stilen i ei radiosending. Fleire av informantane peikar på at det ser ut til å føregå ei slags endring i retning av ein lausare og ledigare stil, og at dette er noko dei ikkje tykkjer høver seg.

(11) Diverre vert det av og til «pludreradio», dvs. praten går og går og går (kvinne, 50-59).

(12) Eg anar ei utvikling med meir koseprat og «pjatt» og det irriterer meg, eg sler over på P2 (mann, 50-59).

(13) Ikkje akkurat språktrekk, men den overdrivne vennskapelege tonen der ein ler og er «best friends» likar eg ikkje – eg slår av! (kvinne, 50-59).

(14) Etter ei omlegging for relativt kort tid sidan, er radioen vorte meir fjasete, med latter i studio. Dette irriterer meg. Bør vere sakleg framføring, ikkje berre latter rundt alt som vert snakka om når dei er meir enn to i studio (mann, 60-69).

Det eksisterer tydelegvis ei oppfatning blant ein del av informantane korleis radioen *bør* framstå, og at sendingane skal vera prega av saklegheit og med fokus på budskapet, heller enn «pludreradio» med «koseprat og ‘pjatt’». Dette står litt i kontrast til deler av det synet som vert uttrykt frå journalistane si side, om viktigheita av å skapa nærleik til lyttaren gjennom å by på seg sjølv. Det kan verka som om at nokre av lyttarane er mindre opptekne av nærleiksaspektet, men legg større vekt på at radioen skal vera mest mogeleg sakleg i stilen. Det er verdt å merka seg at dei informantane som trekkjer fram desse aspekta, først og fremst høyrer heime i dei to eldste aldersgruppene. Blant dei yngre informantane, er det ingen som spesifikt nemner dette. Såleis kan me her ana konturane av eit visst generasjonsskilje i høve haldningane til korleis radioen skal vera, og at dei eldste helst føretrekk å halda på radiostilen slik den tradisjonelt har vore.

### **7.3 Haldning til NRK Sogn og Fjordane**

Informantane vart også spurde direkte om deira haldning til NRK Sogn og Fjordane, med særskilt vekt på kor vidt dei tykte NRK SF er ein god representant for nynorsk. I høve dette er informantane ganske samstemde, og dei fleste oppfattar kanalen som språkleg medviten og eit godt språkleg førebilete, både i høve nynorsk og dialekt.

(14) Dei har gode journalistar som nyttar nynorsk på ein naturleg og god måte (kvinne, 40-49).

(15) Eg opplever NRK SF som språkleg liberale, og som let journalistar snakke dialekt. Dei har også stort sett godt språk på sine nettsider (mann, 20-29).

(16) At ein høyrer nynorsk på radio er viktig (kvinne, 30-39).

(17) Ja, fordi dei stort sett har ein god språkkultur utvikla medvete gjennom mange år. Det syner seg att i alle dei gode programleiarane som har kome fram i riksdekkande kanalar (mann, 60-69).

Informantane ser jamt over ut til å vera nøgde med språkføringa dei møter gjennom NRK SF, og denne positive haldninga ser ut til å vera gjengs hjå begge kjønn, og på tvers av aldersgrupper. Sjølv om lyttarane har enkelte kritiske merknader, framstår dei jamt over som stolte over både kanalen og språkføringa dei møter der. Sett i samanheng med den relativt høge lyttarfrekvensen, der 76 % av informantane karakteriserte seg sjølv som daglege lyttarar, så er det kan hende ikkje overraskande at også haldninga til kanalen ser ut til å vera jamt over positiv. Hadde den ikkje det vore, ville vel truleg ikkje lyttarfrekvensen vore særleg høg heller. Når det er sagt, er det verdt å merka seg at sjølv om dei spørsmåla som søkte å kartleggja kva som var «godt» språk i radioen, og kva språktrekk som irriterte radiolyttarane, fokuserte på radiospråk *generelt* og ikkje spesifikt på NRK SF, er det likevel ein del informantar som referer direkte til NRK SF også i desse svara. Ein del av det som kjem fram i 7.1 og 7.2 kan difor sjåast som gjeldande også for NRK SF.

## 8 OPPSUMMERING / KONKLUSJON

### 8.0 Introduksjon til kapittelet

I dette kapittelet skal eg forsøka å samla trådane. Kapittelet startar med ei generell oppsummering av funna frå kvar av dei tre undersøkingane, før funna vert sett i samanheng med hypotesane som vart stilte i innleiinga. Det vert også diskutert kor vidt den eklektiske tilnærminga i teori og metode har tent føremålet. Til sist ser eg på nokre avgrensingar ved studien, samt korleis denne studien kan danne grunnlag for vidare forskning.

### 8.1 Oppsummering av funna

Dei tre ulike undersøkingane som vart gjennomførte i samband med denne studien, resulterte i eit rikhaldig datamateriale, både av den kvantitative og den kvalitative sorten. Føremålet var at dei tre ulike undersøkingane skulle kunna kasta lys over ulike sider ved radiotalemålet, med primærfokus på radiotalemål i NRK Sogn og Fjordane, og at dei ville kunne fungera saman og utfylla kvarandre i ein heilskap.

Føremålet med språkbruksundersøkinga var å sjå nærare på faktisk språkbruk. Eit utval sendingar frå NRK Sogn og Fjordane vart analyserte ut frå dei språklege variablane *substantivendingar, svake verb i presens, diftongering og differensiering/segmentering*. Desse variablane vart analyserte ut frå ei binær kategorisering, der variantane vart klassifiserte anten som nynorskformer eller dialektformer. Sidan materialet også strekte seg over tid, gjorde dette det mogeleg å leita etter ei eventuell diakron utvikling i språkbruken. Når det gjeld funna, kan ein ikkje seia at desse peikar einsegn i retning av eit klart mønster. I høve substantivendingane og dei svake verba, var både nynorskformer og dialektformer til stades i materialet frå heile den undersøkte perioden, men tendensen synte seg å vera at dei nynorskne formene står sterkare i det nyaste materialet enn i det eldste. Ved å korrelere språkbruken med den sosiale variabelen *kjønn*, synte det seg at dei mannlege journalistane låg tett opptil det generelle mønsteret gjennom heile perioden, medan kvinnene synte tendensar til å føretrekkja dialektneare former framfor nynorskformer i dei nyare delane av materialet. Diftongering og differensiering/segmentering vart undersøkt gjennom ein case-studie, der enkelte passasjar av materialet vart undersøkte for potensielle og realiserte førekomstar av desse språktrekka. Denne tilnæringsmåten vart valt med grunnlag i at førekomsten av desse språktrekka jamt over var låg, og å undersøka heile materialet vart vurdert som lite føremålstenleg. Passasjane som vart undersøkte, frå høvesvis 1980, 2005 og 2012, synte at talet på faktiske realisasjonar av desse språktrekka var færre enn talet på

potensielle realiseringar. Ser ein dette i samanheng med den låge førekomsten i materialet som heilskap, indikerer dette at desse språktrekka ikkje tronar høgst på lista over aksepterte språktrekk i radiotalemålet. Det er verdt å nemna at den undersøkte passasjen frå 2005 skilde seg ut med ein høgre realiseringsprosent enn dei andre åra, og dette vart sett i samanheng med at passasjen hadde eit sportsrelatert tema, noko som kan ha bidrege til ei meir munnleg, og dermed ei meir dialekt nær, språkføring.

Gjennom journalistintervjua ynskte eg å få nærare kjennskap til korleis journalistane sjølve tenkjer om talespråk og språkbruk i radioen. Totalt seks personar frå NRK SF/ Nynorsk Mediesenter stilte opp til samtalar med meg, og gav meg eit innblikk i sine tankar om og erfaringar med talemål i radioen. Jamt over var informantane relativt samstemde i synspunkta sine. At radioen i dag har større opning for bruk av dialekt enn den hadde før, vart vurdert positivt, med grunnlag i at dette er noko som t.d. kan bidra til å skapa større nærleik til lyttaren og ha ein identitetsskapande funksjon, t.d. for det aktuelle radiodistriktet. Samstundes vart det også framheva at dialektane ikkje bør ta fullstendig over talespråket i radioen, og at ein i enkelte høve må akseptera at ein lyt gjera visse tilpassingar i talemålet sitt. Det viktigaste er at ein får formidla budskapet sin mest mogeleg støyfritt, slik at ein sikrar at lyttaren forstår det som vert sagt, og dette medfører at ein lyt moderera bruken av enkelte språktrekk. Særskilt vert dette trekt fram som noko som gjeld journalistar frå Sogn og Nordfjord, medan dei som har sunnfjorddialekt gjerne ligg så tett opptil nynorsknormalen at dei slepp å gjera dei heilt store tilpassingane. At budskapet skal formidlast støyfritt, er noko som er særleg viktig i nyheitene, og difor meiner alle informantane at ein fortsatt skal dra eit skilje mellom nyheitsspråket og språkføringa i andre programtypar. Nyheitsspråket bør fortsatt vera mest mogeleg normalisert, både med grunnlag i ynsket om støyfri formidling, og av omsyn til vidareutvikling av det nynorske normaltalemålet. Radiotalemålet er difor ein balanseong mellom normert tale og dialekt, og informantane meiner at NRK bør halda på rolla som språkleg flaggskip, og finna ordningar som gjer til at radiotalemålet kan oppretthalda denne balanseongen på ein god måte. NRK skal ikkje berre røkta normaltalemåla, men har også eit ansvar for å røkta dei norske dialektane, og det vert peika på at NRK har eit stykke arbeid framføre seg for å finna betre ordningar for å få til dette på ein god måte.

Den siste tredelen av datamaterialet tok sikte på å undersøka *lyttarane* sine haldningar til språkbruk i radioen. Som hjå journalistane, vart forståingsaspektet framheva også blant lyttarane, og det at språket ikkje skulle stå i vegen for budskapet, synte seg å vera det sentrale. Utover dette var «definisjonane» på kva som var godt språk ganske varierte.

Informantgruppa delte seg i fire, ut frå type haldning: Dei som var klart positive til dialekt; dei som føretrekte nynorsk; dei som oppfatta dialekt og nynorsk som eitt og det same; og dei som definerte godt språk utan spesifikke referansar til verken dialekt eller nynorsk. Dei som var mest positive til dialekt, var i fleirtal, om enn marginalt. Svartypen vart korrelert med kjønn og aldersgrupper, noko som m.a. indikerte at kvinnene var meir dialektvennlege enn mennene, at dei yngste var mest positive til dialekt og at dei eldste informantane føretrekte nynorsk. Det er verdt å merka seg at særleg i høve korrelering med alder, var biletet noko brokete, og eit større informantgrunnlag hadde nok vore naudsynt for å kartleggja kor vidt ein kunne finna eit faktisk mønster her.

## **8.2 Samla trådane**

Med oppsummeringa i 8.1 som bakteppe, er det no på sin plass å forsøka å samla trådane, og sjå resultata på tvers av dei tre undersøkingane. Undersøkingane representerer tre ulike innfallsvinklar til studiet av radiospråk, og målet er at dei skal fungera utfyllande til kvarandre. For at trådane skal verta samla på ein mest mogeleg oversiktleg måte, er det no på sin plass å sjå attende til 1.2 og dei hypotesane som vart stilte der, for på denne måten å sjå kor vidt undersøkingane har kasta lys over desse, og dermed også gitt svar på problemstillingane.

### **8.2.1 Hypotese 1: Talemålsbruken har endra seg i retning av meir dialekt og mindre normaltale**

Med grunnlag både i endra språkreglar og endra haldning til bruk av dialekt, vart det forventa at denne hypotesen skulle verta stadfesta gjennom språkbruksundersøkinga. Biletet som trer fram ut frå dei språklege variablane eg har undersøkt, er derimot noko annleis enn det eg på førehand venta å finna. For det første er det ikkje tale om ei veldig markert endring av noko slag. Variabel 1 (substantivendingar) og variabel 2 (svake verb i presens) syner at talemålsbruken langt på veg er blanda drops: Dialektformene og nynorskformene lever side om side i talemålet hjå journalistane, og dette ser dei ut til å ha gjort gjennom heile den undersøkte perioden. I den grad ein kan snakka om noko slags diakron endring, ser denne dessutan ut til å gå motsett veg av det som var forventa, sidan tendensane ser ut til å vera at nynorskformene står sterkare i dag enn i eldre deler av det undersøkte materialet. Sjølv om dette altså berre skal reknast som ein *tendens*, og ikkje noko klart og eintydig mønster, ser det altså ut som om hypotesen min må reknast som nærare avkrefta enn stadfesta.



Det er verdt å merka seg at språkbruksundersøkinga mi berre tek føre seg ein flik av røynda. Korpuset vart konstruert med grunnlag i det materialet som var tilgjengeleg, og som var mest mogeleg samanliknbart, og dette medførte at språkanalysen vart utført på nyheitsspråk. Dersom eg hadde hatt andre programtypar med i analysen, kunne kanskje resultata vorte annleis, for personleg trur eg nok radiotalemålet som heilskap er meir prega av dialekt i dag enn for tretti år sidan. Men trass i at nyheitsspråket i utgangspunktet er meir formelt enn språket i andre programtypar, og dermed truleg har høgare førekomst av normerte former, overraskar det meg likevel at innslaget av normerte former ser ut til å vera sterkare no enn tidlegare. Sjølv sagt kan ein dra inn radiospråket sin hybride natur, som ei blanding mellom skrift og tale, som ei delforklaring på dette funnet. Nyheitssegment er manusbundne, og det er såleis ikkje så rart at dei skriftnære normaltalemålsformene står sterkt i desse programtypene. Men heller ikkje dette er ei fullgod forklaring for ei diakron endring i retning av *meir* normert språk, sjølv i nyheitene. Den beste forklaringa på denne utviklinga får ein difor frå journalistane sjølve: I ein radiokvardag der det vert opna stadig meir opp for dialekt, ynskjer dei eit atterhald når det gjeld nyheitsspråket. Dei vurderer det slik at det er viktig med eit skilje mellom talemålet i nyheitene og talemålet ein møter andre stader i radioen, og dei ser nyheitene som normaltalemålet sin siste skanse – ein skanse det er viktig å oppretthalda. Sidan dialektane vert sleppt stadig friare i radiotalemålet i dag, er ein kanskje oppteken av å dra eit stadig skarpare skilje mellom nyheiter og andre sendingar, og dette kan kanskje forklara kvifor nynorskformene står sterkare i det nye materialet, samanlikna med det eldre.

### **8.2.2 Hypotese 2: Både journalistar og lyttarar er positivt innstilte til dialekt i radio**

Med grunnlag i dei to haldningsundersøkingane, ser ein at denne hypotesen vert stadfesta, sidan både journalistane og lyttarane jamt over uttrykkjer positive haldningar til bruken av dialekt i radio. Dette er som forventa, og er heilt i tråd med dei generelle straumane som finst i høve haldningar til språk i dag. Dialektar vert meir brukt no enn før, og ikkje minst vert bruken stadig meir akseptert i dei fleste samanhengar, samanlikna med tidlegare. I forlenginga av dette vert også identitet og dialekt knytt stadig sterkare saman, og i høve radiosendingar, vert bruken av dialekt trekt fram som eit viktig verkemiddel for å skapa identitet og nærleik for lyttaren. At ein høyrer eit vidt spekter av dialekt på radio, ser også ut til å vera viktig for å auka den språklege sjølvkjensla.

Samstundes er det også eit *men* i høve denne hypotesen. Ja, både journalistar og lyttarar er positivt innstilte til dialekt i radio, *men berre til eit visst punkt*. Både journalistane og

lyttarane uttrykkjer nemleg at dei ikkje ynskjer for utstrekt bruk av dialekt, sidan dette kan medføra at budskapet går tapt og at språket skapar ein distraksjonseffekt ovanfor lyttaren. Fleirtalet, både av journalistane og lyttarane, meiner difor det er naudsynt med ei viss tilpassing av talemålet, slik at dei mest utprega dialekttrekka vert tona noko ned. I så måte ser det ut til at informantane i begge undersøkingane er på linje med Finn-Erik Vinje (1998: 144), som også ser behovet for ei viss normering av talemålet for å unngå det han kallar støy og distraksjonseffekt. Kan hende er dette litt overraskande, for med den endringa som har gått føre seg i høve dialekt dei seinare åra, skulle ein kanskje tru at dette var haldningar som var litt utdaterte (jf. Sandøy 1998: 161). Ein burde kanskje ha forventa at auka bruk, og dermed auka disponering for ulike dialektar, hadde auka forståinga, slik at ein ikkje lenger var redd for at utstrekt bruk av dialekt skulle stå i vegen for budskapet, men dette ser altså ut til å vera ei noko modifisert sanning.

I lyttarundersøkinga vart også haldning korrelert med høvesvis alder og kjønn. Aldersvariabelen synte tendensar til at dei yngste var mest positive til dialekt, medan dei eldste var mest positive til nynorsk, noko som i og for seg høver som hand i hanske med funna frå andre sociolingvistiske undersøkingar. Korreleringa med kjønn var derimot litt overraskande, sidan kvinnene der synte seg å vera meir positive til dialekt enn mennene. Ut frå det tradisjonelle sociolingvistiske synet, der kvinner gjerne nyttar meir normerte former og mennene nyttar mest dialekt, hadde eg forventa at resultatane var omvendt. Samstundes kan dette funnet kanskje indikera at den tradisjonelle sociolingvistiske oppfatninga av samanhengen mellom kjønn og språkbruk er noko utdatert. Sidan også språkbruksundersøkinga peikar i same retning, altså at kvinnene faktisk *nyttar* meir dialektformer enn mennene, står iallfall ikkje denne studien opp under det tradisjonelle synet om at kvinnene føretrekkjer standardformer.

### **8.2.3 Hypotese 3: Ikkje alle dialektale språktrekk er like aksepterte**

I gjennomgangen av funna for hypotese 2, har eg også indirekte svart på hypotese 3, for det er heilt klart at ikkje alle dialektale språktrekk er like aksepterte. Hypotesen er dermed stadfesta, både gjennom resultatane frå språkbruksundersøkinga og gjennom haldningsundersøkingane. I språkbruksundersøkinga vart det t.d. gjort ein case-studie av språktrekka *diftongering* og *differensiering/segmentering*. Desse trekka er nok blant dei mest særprega språktrekka i dialektane i Sogn og Fjordane, og truleg potensielle kandidatar for å skapa «støy» for lyttaren. Dette er også noko bruksfrekvensen deira understrekar. Dei er svært lite brukte i materialet

som heilskap, og sjølv der dei er brukte, er som regel talet på realiserte førekomstar lågare enn talet på potensielle førekomstar. Gjennom samtalanane vert desse også trekte fram som døme på dialekttrekk som bør normaliserast. I tillegg til uttaletrekk som desse, vert også ofte ord og uttrykk trekte fram som dialekttrekk ein bør vera varsam med å overforbruka. Dersom ordforrådet vert for lokalt, vert dette eit irritasjonsmoment for lyttaren, og ein risikerer at det står i vegen for budskapen. Lyttarane stiller også med visse *forventningar* til korleis talemålet i radioen skal vera, og for utrert dialekt passar ikkje inn med desse forventningane. Dette syner at sjølv om dialekt er kjend for å ha ein særeigen posisjon i det norske samfunnet, og at nordmenn jamt over er positive til bruk av dialekt, så har også denne positiviteten sine avgrensingar – iallfall i Sogn og Fjordane.

#### **8.2.4 Hypotese 4: Det nynorske normaltalemålet eksisterer**

Denne hypotesen vert stadfesta både gjennom språkbruksundersøkinga og gjennom dei to haldningsundersøkingane. I språkbruksundersøkinga vart det t.d. avdekka former som, i følge lærebøkene, ikkje høyrer heime i nokon av dialektane i Sogn og Fjordane, som for eksempel former med halden *r* i substantiv i ubestemd form fleirtal og svake verb i presens: *hestar*, *kastar* m.fl. Når slike former førekjem i eit materiale der hovudvekta av talarane har talemålsgrunnlag *utan* slike former, er sannsynet stort for at dette kan relaterast til normering. Sidan formene nemnt over, er i samsvar med nynorsknormalen, vert dette difor oppfatta som normering i retning av eit nynorsk normaltalemål. Gjennom samtalanane med journalistane vart det klart at dei er bevisste på at eit nynorsk normaltalemål eksisterer, og at dei er opptekne av at dette også skal verta brukt, særleg i nyheitssendingar. Likeeins ser ein gjennom spørjeundersøkinga at lyttarane også er bevisste på at eit nynorsk talemål finst, og at dei ser NRK SF som ein god representant for dette. Samstundes er det verdt å merka seg at fleire av lyttarane ser ut til å oppfatta dialektane i Sogn og Fjordane og eit nynorsk talemål som eitt og det same. Sett i samanheng med ei språkbruksundersøking som syner at nynorskformene langt frå er einerådande, ikkje ein gong i nyheitsspråket, kan dette kanskje tolkast som at ein ser konturane av ei endring. Kor vidt eit nynorsk normaltalemål kjem til å eksistera også framover, eller om nynorsken hovudsakleg kjem til å verta trengt attende til skrifta, vert difor spennande å sjå.

### **8.3 God eklektisisme?**

I tilnærminga til denne studien, valde eg å vera eklektisk både i teorigrunnlag og metode.

Dette vart gjort hovudsakleg med grunnlag i at studien er gjort innan eit fagområde som fortsatt er relativt nytt, og der ein verken har velprøvde teoriar eller metodar å støtta seg på. Ei eklektisk tilnærming kan dermed vera viktig for å finna ut kva som fungerer og kva som ikkje fungerer i slike studiar. Som nemnt i 3.2, var eitt av måla med den eklektiske tilnærminga at studien skulle bli eit eksempel på «god eklektisisme» (Gregersen 2000: 36), og at den dermed kunne bidra til å vidareutvikla forskingstradisjonen. Spørsmålet vert då kor vidt denne studien er eit eksempel på god eklektisisme, og om den breie tilnærminga har hatt noko føre seg.

Det kjem kanskje ikkje som ei overrasking at eg tykkjer den eklektiske tilnærminga har tent føremålet sitt. For det første, utan den eklektiske tilnærminga, hadde eg ikkje fått eit såpass breitt datagrunnlag å tufta studien på. Eg har valt tre ulike tilnærmingar, og fått tre ulike materialtypar, og samla sett har det – naturleg nok – gitt meg *meir* materiale å jobba med, enn om eg hadde vore meir tradisjonell og «berre» valt ei type tilnærming. Enkelte vil nok kritisera dette valet, og hevda at det å setja tre typar undersøkingar saman innanfor både tids- og omfangsrammene av ei masteroppgåve, gjer til at eg lyt nøya meg med å skrapa litt i overflata på materialet, og mistar mogelegheita til å gå i djupna på stoffet. Til dels kan eg vera einig i at dette *kan* vera ein risiko. Samstundes meiner eg at alle dei tre typane undersøking har vorte så grundig handsama som dei kan bli i ei slik studie, og handsaminga har vore grundig nok til å kasta lys over dei problemstillingane og hypotesane eg stilte innleiingsvis.

Eit anna argument som står opp om valet av ein eklektisk tilnærming, er at dei tre undersøkingane utfyller kvarandre, og bidreg i fellesskap til å svara på problemstillingane og undersøka hypotesane. For eksempel, hadde eg berre konsentrert meg om språkbruksundersøkinga, kunne eg t.d. ha hatt større utfordringar med å forklara tendensen til at nynorskformene står sterkare i dag enn i det eldre materialet. Når eg så kunne sjå denne tendensen i bruk i samanheng med dei haldningane journalistane sjølve uttrykte, vart det klart at bruken kunne forklarast ut frå eit ynskje om å bevare nyheitsspråket som nokolunde normert. Interessant var det også å sjå samsvaret mellom journalistane og lyttarane sine haldningar, der begge partar såg ut til å akseptera ein stadig aukande dialektbruk, men berre opp til eit visst punkt. Parallellar fanst det også i kjønnsmonstra både i språkbruksundersøkinga og spørjeundersøkinga, med at kvinnene både såg ut til å *bruka* meir dialekt og å syna ei meir positiv *haldning* til dialekt, samanlikna med mennene. Dei tre undersøkingane har også, kvar på sitt vis, understreka at talemålet i radio er av ein spesiell natur, og at ein lyt ta omsyn til dette viss ein ynskjer å gjera det til eit forskingsobjekt. Som eg allereie har nemnt, er talemålet i radio prega av å vera ein hybrid mellom skrift og tale, og

denne dimensjonen lyt ein ta høgde for dersom ein ynskjer å studera talemålsbruken. Å sjå bruken av talemål berre ut frå dimensjonen dialekt – normert språk, er heller ikkje alltid nok, sidan det som gjer talemålet i radioen «godt» og akseptabelt, både for lyttarar og journalistane sjølve, syner seg å vera samansett av fleire faktorar enn berre kor vidt det vert snakka dialekt eller normert (nynorsk). Dette er noko som kan vera greitt å ha i mente ved utforminga av seinare studiar.

#### **8.4 Avgrensingar og grunnlag for vidare forskning**

Sjølv om eg i utgangspunktet meiner den eklektiske tilnærminga har fungert godt, så finst det rom for forbetring i all forskning, og denne studien er absolutt ikkje noko unntak i så måte. Visse val og avgrensingar har måtta vorte gjort undervegs, og desse har naturleg nok prega studien. Hadde eg valt annleis, ville studien og funna frå den truleg vorte annleis også – noko som igjen understrekar eit generelt trekk ved språkstudiar: Ein *må* gjera eit materialutval og/eller eit informantutval, og det vert dermed røynda representert av dette/desse ein kan seia noko om. Andre informantar eller anna materiale kunne potensielt ha endra utfallet av studien. Men visse avgrensingar lyt ein gjera, for å få studien til å passa inn i dei tids- og omfangsrammene ein har til disposisjon for ei masteroppgåve.

For det første kunne eg ha valt anna materiale til språkbruksundersøkinga. Det materialet som var tilgjengeleg frå 1980- og 1990-talet var annleis enn det eg hadde sett føre meg at eg skulle jobba med, og trongen til å finna samanliknbart materiale for heile perioden, gjorde at eg måtte fokusera hovudsakleg på nyheitsspråket. Hadde eg gått vekk i frå det diakrone perspektivet, kunne eg truleg fått meir «ideelt» materiale, sidan omfanget av tilgjengeleg materiale frå dei siste åra og fram til i dag var større. Samstundes ville eg då ha mista det diakrone perspektivet, og dermed også ein av dei sentrale bjelkane i oppgåva. Vidare kunne eg kanskje også valt andre variablar, både av språkleg og sosial type. Særleg talet på språklege variablar vart avgrensa for å hindra at omfanget skulle bli for stort, men det hadde kanskje vore lettare å sjå eit klart mønster dersom fleire variablar hadde vorte undersøkt. I tillegg hadde det nok vore meir aktuelt å dra inn andre variablar dersom materialgrunnlaget hadde vore større og innehalde andre programtypar enn primært nyheiter. Også eit større informantgrunnlag i spørjeundersøkinga kunne gitt moglegheita til sikrare data, men igjen såg eg meg nøydd til å avgrensa omfanget i delundersøkinga, for å unngå at studien som heilskap vart for stor. I høve spørjeundersøkinga, kunne eg kanskje med fordel også gitt svaralternativ med graderingsmoglegheiter (altså, at spørsmåla skulle svarast på ut frå ein

skala på ein til sju, til dømes). Dette ville heilt klart gjort det enklare å kvantifisera dataa. Samstundes ville dette kanskje gjort at eg mista verdifulle innblikk i lyttarane sine tankar rundt språk i radioen, sidan lyttarane ville fått mindre mogelegheiter til å formulera eigne meiningar.

Visse avgrensingar til tross, så håpar eg likevel at denne studien kan danne grunnlag for vidare forskning innan det sosiolingvistiske forskingsfeltet. Offentleg språkbruk, og kanskje særskilt det språket ein møter gjennom ein stadig aukande mediekvardag, er eit forskingsfelt i vekst, og forhåpentlegvis har denne oppgåva synt at det *er* interessante ting å henta ut frå studiar av denne sorten. Ei vidareutvikling av denne studien kunne t.d. vore å brukt utelukkande nytt materiale, men inkludert både nyheitsspråk og språk i andre programtypar, for å sjå etter eventuelle skilnader. Interessant kunne det også vore å samanlikna med sendingar frå andre lokalkontor, for å sjå om skiljet mellom språket i dei ulike programtypane er like skarpt der, eller om dette er eit fenomen som særmerkjer NRK SF. Om ein ser i ei litt meir tradisjonell sosiolingvistisk retning, er det også tydeleg at det manglar studiar av nyare dato, som tek føre seg faktisk språkutvikling i Sogn og Fjordane. Ein av tinga eg merka meg i gjennomlyttinga av det innsamla materialet, var førekomsten av retroflektering, eit språktrekk som historisk ikkje har vore i Sogn og Fjordane. Særleg retroflektering av sambandet *rs*, som i *vers*, ser ut til å vera kommen inn hjå mange av talarane i materialet, noko som betyr at grensa for dette språktrekket kan vera i ferd med å endra seg. Ei nærare undersøking av talemålet i Sogn og Fjordane, der denne variabelen var inkludert, hadde dermed vore interessant. Også haldningane til språk i Sogn og Fjordane hadde vore interessant å fått vita meir om. Er det slik at det går visse «aksar gjennom fylket», i høve kven som er positive og negative til kva dialektar? Finn ein tradisjonelle sosiolingvistiske haldningsmønster internt i Sogn og Fjordane, eller er dette eit annleisland der talemål primært er knytt til geografisk plassering og lite til sosiale variablar? Og kvar ligg egentleg den språklege identiteten til folk frå Sogn og Fjordane – er den knytt til dialekta, eller er nynorskidentiteten sterkast i det som er det sterkaste nynorskfylket? Desse problemstillingane, og fleire med dei, kunne vore interessante å teke tak i i framtidige studiar.

## LITTERATUR

- Aasen, Ivar. 1996 [1848]. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Ved Terje Aarset. Volda: Høgskulen i Volda.
- Aasmundseth, Kathrine. 2010. «*I den store sammenhengen er me jo bergensarar*». *Bevisste og underbevisste språkholdninger i Øygarden*. Masteroppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 1997. Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk? I: Bondevik, Jarle, Gjert Kristoffersen, Oddvar Nes og Helge Sandøy (red.). *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4.mars 1997*. Bergen: Alma Mater, 9–22.
- Allport, Gordon. 1954. Attitudes. I: Murchison, Carl (red.). *A handbook of social psychology*. Vol 2. Worcester, MA: Clark University Press, 798–844.
- Baker, Colin. 1992. *Attitudes and language*. Clevedon: Multilingual Matters Ltd.
- Bell, Allan. 1982. Radio: The style of news language. *Journal of Communication*, 32(1): 150–164.
- Bussmann, Hadumod. 1998. *Routledge Dictionary of Language and Linguistics*. London: Routledge.
